



*«Du forstår ikke no du heller, veit du det?»*

Klasse- og minoritetserfaringar i Zeshan Shakars forfattarskap

Regine Schöttker

Masteroppgåve i allmenn litteraturvitskap  
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium  
Universitetet i Bergen  
Våren 2024

## ***Forord***

Å skrive masteroppgåve har vore ein prosess eg ikkje kunne forutsett. Eit år med såpass store opp- og nedturar har vore lærerikt og givande, men òg vanskeleg. Etter fem år på Universitetet i Bergen, er det mange som fortentar skryt og ære. Det er mange eg vil takke, men ord strekk ikkje alltid til.

Først og fremst ynskjer eg å takke rettleiaren min, Anne Beate Maurseth. Dette prosjektet har fått si form gjennom våre samtalar og di rettleiing. Tusen takk for trua du har hatt på prosjektet, og for at du har pusha meg til å bli så god som eg kunne bli. Det har vore lærerikt og givande å få tilbakemeldingar, og eg sett pris på respekten som ligg i handverket ditt som rettleiar.

Eg vil òg takke familie og vener som har heldt ut med meg gjennom ein masterprosess ein skulle tru dei òg var ein del av. Tusen takk til systera mi Selma, mamma og pappa for gjennomlesing og stadig støtte og tillit til meg og prosjektet mitt.

Tusen takk til Marte og Marielle som har gjort studietida mi til det den har vore. Eg er takksam for stunder i førelesingar, på sal og dei gode venskap vi har skapt. Ein ekstra takk til Marte for timar på Apollon der vi har lata som om vi er produktive studentar. Utan deg hadde eg aldri overlevd masterløpet, og spesielt ikkje innspurten. Også Rosa skal, sjølv sagt, ha ein takk for all moderleg støtte og akademisk hjelp gjennom dei siste fem åra.

Til mine næraste vener som har støtta meg gjennom dei siste åra, tusen takk – eg ville aldri kome meg gjennom kvardagen utan eit godt og støttande nettverk, både fjernt og nært. Spesielt vil eg takke Dunja og Oda, tusen takk for at de er dykk!

Til sist vil eg takke Knut. For di oppmuntring, og støtte i tida som har gått og i tida som kjem.

Regine Schöttker,  
Bergen, mai 2024.

# Innhald

Forord.....	ii
Innhald.....	iii
<b>1.0. Innleiande kapittel.....</b>	<b>1</b>
1.1. Problemstilling og forskingsspørsmål .....	2
1.2. Teori.....	3
1.3. Innvandrarlitteratur-kategoriseringa .....	4
1.4. Forfattarpresentasjon og resepsjon av romanane.....	7
1.4.1. Zeshan Shakar .....	7
1.4.2. Tante Ulrikkes vei (2017).....	8
1.4.3. Gul bok (2020).....	9
1.4.4. De kaller meg ulven (2022).....	11
1.5. Tidlegare forsking.....	12
1.5.1. Den førebelse Shakar-forskinga .....	13
1.5.2. Tidlegare masteroppgåver .....	15
1.6. Mitt bidrag .....	17
1.7. Omgrepsavklaring og -drøfting .....	18
<b>2.0. Teoretisk grunnlag .....</b>	<b>19</b>
2.1. Postkolonial teori.....	20
2.1.1. Edward Said, <i>Orientalismen</i> .....	20
2.1.2. Sara Ahmed, <i>Gledesdrepande essays</i> . .....	22
2.1.3. Said og Ahmed i dialog .....	25
2.1.4. Mellomforskap, eller ikkje å høyre heime.....	26
2.1.5. Relevans for Shakars romanunivers .....	28
2.2. Klasseteori ved Pierre Bourdieu.....	29
2.2.1. Klassens ulike utgangspunkt .....	29
2.2.2. Habitus.....	33
2.2.3. Smak.....	34
<b>3.0. Tante Ulrikkes vei.....</b>	<b>35</b>
3.1. Å streve eller å kritisere.....	35
3.2. Stoppemekanismar for minoritetsungdom .....	41
3.3. Økonomisk og kulturell kapital.....	45
3.4. Språk.....	49
3.5. Oppsummerande drøfting .....	52
<b>4.0. Gul bok .....</b>	<b>54</b>
4.1. Å bli markert som annleis .....	55
4.2. Økonomi som drivkraft .....	59
4.3. Klasseforakt og ulike formar for kapital.....	62
4.4. Oppsummerande drøfting .....	64

<b>5.0. De kaller meg ulven .....</b>	<b>66</b>
5.1. Økonomisk kapital .....	67
5.2. Eit barn mellom kulturar .....	72
5.3. Om å miste tilknytningar.....	78
5.4. Oppsummerande drøfting .....	81
<b>6.0. Shakars Oslostrilogi .....</b>	<b>84</b>
6.1. Trilogispørsmålet.....	84
6.2. Utviklingar og effektar av økonomisk påkjønning og stoppemekanismar .....	86
6.3. Forteljarteknikkens påverknad .....	89
6.4. Avsluttande merknadar .....	96
<b>Bibliografi .....</b>	<b>v</b>
<b>Samandrag.....</b>	<b>xii</b>
<b>Abstract .....</b>	<b>xiii</b>

## 1.0. Innleiande kapittel

«Jeg er veldig norsk, samtidig aldri helt norsk.»<sup>1</sup>

I samband med utgjevnaden av *Tante Ulrikkes vei* (2017) reflekterte debutanten Zeshan Shakar i avisa *Fagbladet* rundt det å skulle framstille eit liv han har opplevd som underrepresentert. Han valde å plassere debutromanen sin til sitt eige nabolag fordi motivasjonen hans var «[...] nettopp å fortelle om stedet og folka der, som er så lite beskrevet i litteraturen. Og om hvordan det er å vokse opp med andres mistroiske blikk.»<sup>2</sup> Litteraturen har mykje av si kraft i å framstille ei verd vi som lesarar ser og forstår. Det finns ei rekkje undersjangrar – brevromanar, science fiction, arbeidarlitteratur, for å nemne nokon. Likevel har det tatt tid før norsk litteratur har fått vyrda romanar som framstiller noko anna enn den kvite majoritet. Det er derfor eg ynskjer å nytte masterprosjektet til å sjå nærare på eit forfattarskap som skildrar nettopp desse erfaringane. Alle av Zeshan Shakars romanar har blitt tatt imot med bravur av norsk presse. *Tante Ulrikkes vei* (2017), *Gul bok* (2020) og *De kaller meg ulven* (2022) tematiserer, mellom anna, minoritetserfingar i møte med majoritetssamfunnet – med ulike utgangspunkt og moglegskapar. Slik dannar romanane, som blir omtala som ein Oslo-trilogi, eit interessant og viktig grunnlag for eit innblikk i eit anna Oslo enn det andre forfattarar som, til dømes, Lars Saabye Christensen skildrar. Slik blir Zeshan Shakar ei viktig stemme i den norske samtidslitteraturen, og ein forfattar som skriv litteratur som kan framstille ein anna del av samfunnet enn den ein elles har blitt vandt til.

Shakar har sjølv vore tydeleg på korleis det er å vekse opp som barn av ein innvandrarforelder i eit norsk samfunn,<sup>3</sup> og har uttrykt eit ynskje om å skrive historiene han sjølv sakna som barn. Dei tre romanane hans framstiller minoritetspersonar i det norske samfunnet. Likevel påpeiker Shakar at han har skriva romanar, ikkje debattbøker. «Gjennom fiksjonen kan du sette ting på spissen for å belyse noe, og du kan kombinere fiksjon og elementer av fakta,»<sup>4</sup> påstod Shakar i eit intervju med Åsne Hagen i 2018. Shakar framstiller eit utsnitt av eit realistisk Oslo, og er med dette med på å kaste lys over andre samfunnstrukturar enn dei vi tradisjonelt er vitne til.

Shakar har markert seg som eit tydeleg forfattartalent, utan å ha blitt gjenstand for særleg akademisk forskning. Sida utgjevnaden av *Tante Ulrikkes vei* har det vore ei interesse for

---

<sup>1</sup> Shakar sitert i Brun, «Jeg er veldig norsk, samtidig aldri helt norsk», 2017.

<sup>2</sup> Ibid.

<sup>3</sup> Brun, «Jeg er veldig norsk, samtidig aldri helt norsk», 2017.

<sup>4</sup> Hagen, «Minoritetsgutter, klassereiser og den mytiske Groruddalen», 2018.

romanane til Shakar både i norsk media og i utdanningssystemet. Eg ynskjer med mitt masterprosjekt å undersøke ein forfattar som, med sin relativt nylege debut, har markert seg i norsk litteratur. I resepsjonen rettast fokus mot Shakars forteljartalent, og hans evne til å tematisere høgst aktuelle problemstillingar. Eg vil nytte mitt masterprosjekt til å utføre ei litteraturvitskapeleg grunnforskning, og vise på kva måtar Shakars tematikkar gjer seg synlege.

Eg skal undersøke Shakars tre romanar med utgangspunkt i postkolonialistisk og klasseorientert teori. I dette innleiande kapittelet skal eg presentere problemstillinga eg har utarbeida og teorien eg nyttar. Eg skal diskutere omgrepet migrasjonslitteratur, før eg presenterer forfattaren og resepsjonen av romanane hans. Herunder vil eg og sjå på ei handfull av masteroppgåvene som er skrive om Zeshan Shakars ulike romanar. Til sist vil eg vurdere mitt eige bidrag til den eksisterande forskinga, og føreta ei omgrepsavklaring og -drøfting. I kapittel to vil eg gjere greie for det teoretiske bakteppet i større detalj, og tydeleggjere teoriens tyngde og relevans. Eg vil i dette kapittelet hovudsakleg gjere greie for omgrepa, og korleis eg nyttar dei i møte med Shakars romanunivers. Med prosjektet og teorien tydeleg presentert, vil kapittel tre til fem vere analytiske kapittel som tar for seg kvar sin roman. Med utgangspunkt i ulike forskingsspørsmål utvikla med omsyn til teorien skal eg vise korleis romanane handsamar problematikk knytt til minoritetsidentitet og klasse. Mot slutten av oppgåva har eg eit samlande kapittel titulert «Shakars Oslo-trilogi». I dette kapittelet skal eg undersøke om romanane inngår i ein trilogi, og kva ringverknad det i så fall har for opplevinga av økonomisk påkjenning og stoppemekanismar. Eg skal sjå på korleis rasialisering, stoppemekanismar og økonomisk påkjenning påverkar eit levd liv, gjennom ulike livsfasar frå ung vaksen til etablert vaksen. I tillegg skal eg undersøke korleis forteljarstemma fungerer og påverkar innhaldet i romanane. Heilt til sist skal eg presentere ein konklusjon av prosjektet.

### 1.1. *Problemstilling og forskingsspørsmål*

Formålet med masterprosjektet er å avdekke korleis samtidslitteraturen kan kaste lys over samfunnsproblematikk knytt til minoritetsidentitetar og klasse. Ved å ta utgangspunkt i både postkolonial teori og klasseteori meiner eg det er mogleg og viktig å løfte fram litteratur som retter eit søkelys mot samfunns erfaringar majoritetsbefolkninga ikkje alltid har innsyn i. Med utgangspunkt i dette har eg utvikla følgjande hovudproblemstilling:

*På kva måtar framstiller romanane til Zeshan Shakar klasse- og minoritetserfaringar?*

Eg har valt å undersøke både klasse- og minoritetserfaringar fordi eg meiner det ville vore for reduktivt å sjå på berre det eine eller det andre. Eg meiner potensialet som bur i desse romanane

fortenar ei tverrfagleg analyse og eg har valt meg ein postkolonial og klasseteoretisk innfallsvinkel. Dette er to disiplinar som i utgangspunktet står for seg sjølv og eg vil i størst grad undersøke dei separat. I nokre situasjonar vil ein likevel sjå at klasseerfaringane og minoritetserfaringane i større grad overlappar eller rører ved kvarandre. Nokre gongar kan ein, på grunn av rasialisering finne det vanskeleg å kome inn på jobbmarknaden. Dette vil føre til at ein, til dømes, ender opp i lågare økonomiske klassar. At desse strukturane fungerer dobbelt kan òg vise seg ved at ein har vanskelegare tilgang på velferdssystemet på grunn av språk, og derfor får tilgang på færre velferdsytingar.

Fordi primærmaterialet er eit heilt forfattarskap har eg valt ei noko vid problemstilling. Dette er eit val eg har tatt for å unngå å vere reduktiv i møte med dei tre romanane, samt eit medvitent val for å undersøke romanane på deira eigne premiss. I analysen av kvar enkelt av dei utviklar eg meir konkrete forskingsspørsmål som spring ut frå både den overordna problemstillinga og den teoretiske forankringa. Eg presenterer forskingsspørsmåla innleiingsvis i kapitla. Desse meiner eg dekker den vide problemstillinga. Sjølv om romanane seiast å eksistere i ein trilogi står dei ikkje i direkte relasjon til kvarandre – forutan overordna tematiske likskapar. Fordi eg på grunn av oppgåvas omfang ikkje har høve til nærlesing av romanane, har eg heller utvikla ulike fokuspunkt med omsyn til det teoretiske bakteppet i møte med kvar enkelt roman.

## 1.2. Teori

Problematikk knytt til minoritetsidentitet og samfunnssklassar vekker interesse særleg i Shakars romanar. Det tyder ikkje at det ikkje finns andre vinklingar å følgje som kan vere minst like gjevande, men det er her eg har valt å plassere mitt fokus. Ettersom realistiske litterære verk ofte kan seiast å vere kommenterande for det samfunnet dei skildrar kan det vere interessant å nytte teori med sosialantropologiske element. Eg meiner at ein ved å nytte teori av sosialantropologisk art kan ein sjå korleis litteratur *kan* seie noko om det levde, røynde samfunnet. I mitt prosjekt nyttar eg meg av postkolonial teori, representert ved Edward Saids *Orientalisme*, Sara Ahmeds 'kvitleiksfenomenologi' og 'orienteringar', samt Maïmouna Jagne-Soreaus og Daphne Arbouz' omgrep om 'mellomforskaps'. Dette er omgrep eg skal drøfte i detalj i sjølve teorikapitlet. Eg skal i tillegg nytte meg av eit klasseteoretisk perspektiv, representert ved Pierre Bourdieu. På denne måten meiner eg at eg skapar eit solid grunnlag for å undersøke romanane.

Med komplekse samfunnsstrukturar er det ikkje lett å skilje dei ulike undertrykkingsmekanismane. Romanane kan skine eit lys over korleis levde erfaringar eksisterer kvar for seg, og korleis dei nokre gongar overlappar. Ved å kombinere spørsmål om klasse og minoritetsproblematikk meiner eg ein får mykje ut av Shakars romanar som kan kaste lys over aktuelle samfunns erfaringar. Å berre lese romanane som utelukkande ‘minoritetsromanar’ kan resultere i ei reduktiv lesing, då Shakars romanunivers viser seg å vere mykje større enn som så.

### 1.3. *Innvandrarlitteratur-kategoriseringa*

Shakars romanar har ofte blitt kalla ‘innvandrarlitteratur’. Det har i det heile vore tendens for forfattarar med minoritetsbakgrunn å bli plassert i ei slik gruppe – slik blir dei vidare representantar for ei heil gruppe. Denne kategoriseringa har vore tema for debatt dei seinare åra, og blir tiltala for å vere ein spesielt reduktiv kategorisering som simplifiserer litteratur på grunn av forfattarens bakgrunn. Derfor meiner eg også at sjølve kategoriseringa er naudsynt å både presentere og drøfte. Eg handsamar litteratur som både *handlar om* og *tematiserer* erfaringar av å tilhøyre minoritetsgrupper, samstundes som forfattere sjølv har minoritetsbakgrunn. Fordi Shakars litteratur ofte har blitt kategorisert som innvandrarlitteratur, samstundes som kategorien i seg sjølv har vore tema for debatt, ser eg det naudsynt å sondere omgrepet.

Ingeborg Kongslien er ein av dei som i *Norsk litterær årbok 2002* vel å nytte seg av omgrepet ‘innvandrarlitteratur’. Det definerer og drøfter ho på følgjande måte:

Eg brukar termen innvandrarlitteratur som sjølv sagt ikkje er uproblematisk, så ei drøfting og avgrensing blir forsøkt. Det blir teke utgangspunkt i ein heilt konkret og enkel definisjon, nemleg skjønnlitteratur skriven av menneske som har innvandra til Norge, eventuelt av representantar for andregenerasjonen, der den tokulturelle situasjonen er markert.<sup>5</sup>

I all hovudsak definerer Kongslien omgrepet med omsyn til forfattars identitet utanfor det litterære verket. Ho påpeiker likevel korleis litteratur plassert i kategorien ofte har tematikklikkskap. «Desse skjønnlitterære tekstene tematiserer ofte eksilet og innvandraropplevinga og dei kulturmøta og dei kulturbrytingane som dette inneber.»<sup>6</sup> Mellom anna blir Khalid Hussains *Pakkis* (1986) tatt opp som definerande for kategoriseringa, då Kongslien meiner dette var den første romanen som «tok opp innvandrartemaet og vart på ein måte i fleire år tvinga til å representere ein heil litterær tradisjon, det vil seia

---

<sup>5</sup> Kongslien, «Dei nye stemmene i norsk samtidslitteratur», 2002, s. 174.

<sup>6</sup> Ibid., 174.



innvandrarlitteraturen [...].»<sup>7</sup> Kongslien får fram omgrepets problematikk godt då ho påpeiker at få av dei ho omtalar ville plassert seg sjølv i denne kategorien: «for dei vil finne karakteristikken avgrensande.»<sup>8</sup> Dermed verkar ho klar over at kategoriseringa vert ei ufrivillig ei, som blir tredd ned over forfattarar sjølv ikkje nødvendigvis vil eksistere i denne kategorien.

Då Jørgen Sejersted skriv om kategoriseringa i *Norsk litterær årbok 2003* nyttar han omgrepet 'migrasjonslitteratur'. Sejersted markerer avstand frå å skulle kategorisere litteratur på bakgrunn av forfattarens etniske bakgrunn. I staden vil han gjere ein reint tematisk definisjon av migrasjonslitteratur. For Sejersted er migrasjonslitteratur:

ein tematisk definisjon av litteratur (her skjønnlitteratur) som omhandlar og tematiserer den kulturelle problematikken som oppstår når eit individ eller ei gruppe frå eitt kulturelt område kjem i (varig) kontakt med ein annan, og i utgangspunktet framand, kultur.<sup>9</sup>

Sejersted skil migrasjonslitteratur frå innvandrarlitteratur, som han meiner tar utgangspunkt i forfattarens private immigranterfaring.<sup>10</sup> Sejersteds perspektiv opererer derfor med ei strengare kategorisering, då ein nyttar heller litteraturens konkrete innhald for å sjangerbestemme. Han påpeiker at kulturmøte og -konflikt ikkje er noko ny tematikk, men meiner vidare at forfattarbiografien *kan* spele ei rolle for at ein blir plassert i denne sjangeren.<sup>11</sup> Så sjølv om han hevdar at det er det konkrete innhaldet som tel i sjangerbestemminga, får forfattarens identitet ein viss relevans likevel. I motsetting til Kongsliens definisjon, får forfattaridentiteten ein sekundær verdi. For Sejersted er det ei sjangerkategorisering med litteratur som tematiserer kulturell problematikk i kulturmøte, og slik skil seg frå den øvrige skjønnlitteraturen.

Sejersted og Kongslien representerer her to måtar å forstå ein undersjanger innanfor norsk skjønnlitteratur. Trass sin etablerte funksjon, er det ei kategorisering som har godt av å bli problematisert. Med bidraget «Innvandrere i litteraturen – individer eller grupperepresentanter?» i *Årboka Litteratur for barn og unge 2010*, er Torill Strand med på å kritisere sjangeromgrepet. Mellom anna nyttar Strand seg av Edward Saids tenking for å kritisere skilja ein har skapt med forståinga av migrasjonslitteratur, og påpeiker at ein står i fare for å utføre ei dikotomisering.<sup>12</sup> Strand påpeiker:

Hvis all litteratur skrevet av innvandrere og etterkommere av innvandrere leses som 'innvandrerromaner' [...]: er dette et klart brudd med et ideal som ofte framheves i Norge: individets frihet og retten til å være unik.<sup>13</sup>

---

<sup>7</sup> Ibid., s. 179.

<sup>8</sup> Ibid., 174.

<sup>9</sup> Sejersted, «Norsk migrasjonslitteratur», 2003, s. 80.

<sup>10</sup> Ibid., 80.

<sup>11</sup> Ibid., s. 81, 95.

<sup>12</sup> Strand, «Innvandrere i litteraturen – individer eller grupperepresentanter?», 2010, s. 61.

<sup>13</sup> Ibid., s. 69.

Strand presenterer relevant kritikk av ‘innvandrarlitteratur’, som ein er nøydd til å vere klar over om ein nyttar sjangerkategoriseringa. Å kategorisere som innvandrarlitteratur *utelukkande* på grunn av forfattarens identitet, er å ta frå verka deira individualitet. Trass alt, er all kategorisering av litteratur er på sett og vis reduktivt – når ein sjangerbestemmer *må* ein utelukke visse element og framheve andre. Sjølve sjangerbestemminga er utveljing. Spørsmålet dreier seg i større grad kva element ein skal vurdere som vesentlege, og kritikken til Strand dreier seg om at det vesentlege elementet ikkje burde vere forfattarens identitet utanfor det litterære verket. Bidraga til både Kongslien og Sejersted viser at det har vore ein tendens til å redusere all litteratur skrive av innvandrarar eller norskfødde med innvandrarforeldre til innvandrarlitteratur uavhengig av tematisk innhald. Dette kritiserer også forfattarar som sjølv har opplevd å bli plassert i denne kategorien. Ein av desse er Maria Navarro Skaranger. Etter debutromanen sin *Alle utlendinger har lukka gardiner* (2015) opplevde Skaranger at romanane hennar blei kalla innvandrarlitteratur. I *Klassekampen*-essayet «Forfattere og frihet» frå november 2021 svarar Skaranger på ein tiltale frå forfattarkollega Sumaya Jirde Ali om at ho har namngjeve hovudpersonen i sin nyaste roman Nils for å sleppe unna innvandrarstempelet. Sjølv om dette er ein tiltale Skaranger ikkje kjenner seg igjen i, utforskar ho vidare korleis romanar skrive av ikkje-etnisk norske forfattarar blir redusert til innvandrarlitteratur. Mellom anna kritiserer Skaranger korleis norsk media tok i mot hennar tredje roman *Emily forever* (2021). Sjølv om romanen for Skaranger er ein roman om klasse og ein kritikk av korleis samfunnet ser unge, aleinemødrer i lågt lønna yrke, opplevde ho at romanen blei redusert til og lesen inn i ein norsk-chilensk kontekst berre på grunn av Skarangers personlege identitet.<sup>14</sup>

Med ein slik måte å definere litteraturen på, blir sjølve kategoriseringa av litteratur som såkalla innvandrar- eller migrasjonslitteratur problematisk, og ein står i fare for å ha ei reduktiv haldning til litterære verk som følge av denne kategoriseringa. I det nemnde essayet Skaranger har skrive, kritiserer ho korleis forlaget Cappelen Damm oversendte eit førehandseksemplar av Gulraiz Sharifs debutroman *Hør her'a* (2020). Fordi Skaranger ikkje kjenner Sharif, meiner ho dei «sendte [...] den boka til meg, sikkert fordi jeg også har utgitt ‘en sånn type bok’ [...]»<sup>15</sup> Slik kritiserer Skaranger vidare korleis det blir dratt parallellar mellom romanar som ikkje nødvendigvis har noko anna til felles enn at dei kallast innvandrarlitteratur. Dersom vi aksepterer å operere med termane innvandrarlitteratur og migrasjonslitteratur, må ein også vedgå at undersjangeren no inneheld mangfald. Det er ikkje lenger tilstrekkeleg å berre vurdere kategorien på bakgrunn av forfattarens etniske bakgrunn. Dette gjeld òg dersom forfattere

---

<sup>14</sup> Skaranger, «Forfattere og frihet», 2021.

<sup>15</sup> Ibid.

tidlegare har skrive verk som tematiserer kulturmøte eller kulturkonflikt – eit heilt forfattarskap kan ikkje reduserast til innvandrarlitteratur. Dersom ein kategoriserer langs desse linjene, blir sjølve kategorien av orientalistisk art, og eit omgrep som vidare nører opp under det fiktive skiljet mellom oss og dei – som om menneske med innvandrarbakgrunn er vesensulike frå dei utan.

#### 1.4. Forfattarpresentasjon og resepsjon av romanane

##### 1.4.1. Zeshan Shakar

Zeshan Shakar er fødd i 1982 i Oslo med norsk mor og pakistansk far.<sup>16</sup> Som 35-åring debuterte han med romanen *Tante Ulrikkes vei*, som han blei tildelt Tarjei Vesaas' debutantpris for. Romanen fekk enorm omtale ved sin utgjevnad, og blei omtala som ein av årets beste bøker fleire gongar – mellom anna i *Stavanger Aftenblad*<sup>17</sup> og i *Aftenposten*.<sup>18</sup> Før han debuterte som forfattar, tok Shakar utdanning som statsvitar ved Universitetet i Oslo,<sup>19</sup> og skreiv si masteroppgåve om busetting av flyktningar i Oslo.<sup>20</sup> Han har seinare arbeidd innanfor ulike departement, direktorat, og har mellom anna jobba på Oslo rådhus.<sup>21</sup> I sitt forfattarskap har han gjeve ut tre romanar; *Tante Ulrikkes vei*, *Gul bok* og *De kaller meg ulven*, i tillegg til *Kan du høre byen puste ut* (2024), ein memoar saman med artisten Don Martin. *De kaller meg ulven* blei stemt fram som vinnaren av Bokhandlerprisen 2022 av bokhandlarar i Noreg.<sup>22</sup> Dei tre romanane kan sjåast som ein Oslo-trilogi, som den også har blitt kalla av media, med motivlikskap og eit persongalleri som i noko grad liknar kvarandre. Alle dei tre romanane tematiserer, mellom anna, minoritetsmenneske i møte med eit majoritetssamfunn, og konsekvensane av å eksistere i eit majoritetsorientert samfunn.

Zeshan Shakars romanar har hatt sprengkraft, og blei tatt imot av norske media med bravur. Eg vil vidare sjå på noko av resepsjonen av romanane. Ved søk i mediearkivet Atekst Retriever finn ein ei rekke omtalar av romanane, som alle er godt kommentert i norske aviser. Eg har tatt utgangspunkt i omtrent seks omtalar for kvar roman, for å forsøke å dekke over den større resepsjon utan å gjennomkommentere alle artiklane som finns. Eg meiner utvalet skapar eit godt bilete på korleis Shakars romanar blei tatt imot.

---

<sup>16</sup> Skrede, «Midt mellom ytterpunkta», 2017.

<sup>17</sup> Stavanger Aftenblads litteraturkritikarar, «Årets beste bøker», 2017.

<sup>18</sup> Aftenpostens bokredaksjon, «Aftenposten kårer: Dette er årets beste norske bøker», 2017.

<sup>19</sup> Shanmugaratnam, «Så lite hadde jeg igjen», 2022.

<sup>20</sup> Shakar, *Bosetting av flyktninger i Oslo*, 2009.

<sup>21</sup> Gyldendal, «Zeshan Shakar».

<sup>22</sup> Norli, «Bokhandlerne: Zeshan Shakar har skrevet årets beste roman», 2022.

#### 1.4.2. *Tante Ulrikkes vei* (2017)

Med *Tante Ulrikkes vei* markerte Zeshan Shakar seg som ein forfattarsuksess. *Aftenpostens* Anne Prinos meiner romanen «treffer som et godt plassert knyttneveslag. På en litterært vellykket måte beskriver den nemlig den grunnleggende erfaringen av å være ‘den andre’.»<sup>23</sup> *Stavanger Aftenblads* kritiker Jan Askelund påpeiker korleis *Tante Ulrikkes vei* både er «en fryd av en roman,» og «et fornemt lærestykke.»<sup>24</sup> Mellom anna er ein av Askelunds viktigaste poeng at Shakar evnar å skrive fram to fullverdige karakterar,<sup>25</sup> samstundes som Shakar får fram ‘to basiske sanningar’ om korleis ein er determinert av bakgrunn og, ikkje minst, språk.<sup>26</sup>

At romanen er eit Oslo-portrett ein har sakna i norsk samtidslitteratur er fleire samde om. Erle Marie Sørheim i *Dagbladet* meiner romanen er eit unikt innblikk i ein subkultur og ei verd vi elles «ikke kjenner, og kanskje til og med frykter.»<sup>27</sup> Med gjenklang i Prinos’ poeng i skildringar av den andre, kallar VGs Arne Hugo Stølan romanen ein autentisk innsideskildring.<sup>28</sup> Stølan hyllar Shakar for å skrive med både hovudet og hjartet,<sup>29</sup> medan Sørheim viser til at Shakars personar er «hele, troverdige karakterer, de virker aldri innkvoterte.»<sup>30</sup> Slik blir genuinitet ein fellesnemnar for kritikarane, styrka av at Prinos meiner forfattaren skriv «med troverdighet og pregnans.»<sup>31</sup>

Bernhard Ellefsen, kritiker i *Morgenbladet*, er ein av kritikarane som motsett seg kategoriseringsbehovet han meiner å skimte i andre omtalar. Han påpeiker korleis «*Tante Ulrikkes vei* er en viktig roman ikke fordi den representerer noe, men fordi den er god.»<sup>32</sup> Vidare hyllar Ellefsen romanens oppsett for å vere grepet som gjer at sjølve romanen unngår ‘representasjons’-problematikken:

I stedet for å streve for å unngå det litterært umulige arbeidet det ville være å representere en befolkningsgruppe eller en bydel, gir han hele problemstillingen muntert fingeren [...]. At hele Shakars roman er utformet som informantene Mo og Jamals respektive rapporter til seniorforskeren om sin hverdag, undergraver effektivt all den representativitet de ellers ville ha vært tynt med.<sup>33</sup>

---

<sup>23</sup> Prinos, «Viktig og litterært vellykket debut», 2017.

<sup>24</sup> Askelund, «Ren lesefryd – en strålende debut», 2017.

<sup>25</sup> Dette er også eit moment *Dagbladets* Erle Marie Sørheim inkluderer i sin bokomtale «Vondt, viktig og strålende om to muslimske gutters tenåringsliv», 2017.

<sup>26</sup> Askelund, «Ren lesefryd – en strålende debut», 2017.

<sup>27</sup> Sørheim, «Vondt, viktig og strålende om to muslimske gutters tenåringsliv», 2017.

<sup>28</sup> Stølan, «Sterkt og viktig om oppvekst på Stovner», 2017.

<sup>29</sup> Ibid.

<sup>30</sup> Sørheim, «Vondt, viktig og strålende om to muslimske gutters tenåringsliv», 2017.

<sup>31</sup> Prinos, «Viktig og litterært vellykket debut», 2017.

<sup>32</sup> Ellefsen, «En blodfleck på kartet», 2017.

<sup>33</sup> Ibid.

Ellefsen avsluttar poenget med ein kommentar, ««å representere er toppen av ufrihet[,]»<sup>34</sup> som viser seg representativ både for romanens resepsjon og for romananes hovudpersonar. *Klassekampens* Yohan Shanmugaratnam påpeiker at *Tante Ulrikkes vei* først og fremst er eit ungdomsportrett, som slik kan vise lesarar at minoritetsungdommens kvardag ikkje er vesensulike frå den gjengse nordmann:<sup>35</sup> «Zeshan Shakars bok handler i utgangspunktet om én gate og to liv, men forteller også noe større om tilhørighet og utenforskap.»<sup>36</sup> Romanane framstår for Shanmugaratnam som større enn partikulære. Dette ser ein at Sørheim òg skriv under på, då ho skriv at romanen er « [...] samtidig [...] en utsøkt vakker og vemodig fortelling om det å bli voksen, uansett bakgrunn.»<sup>37</sup>

Då Shakar tok mot Tarjei Vesaas' debutantpris for romanen, fekk *Tante Ulrikkes vei* ny merksemd våren 2018. I samband med intervju gjort med forfattaren i kjølvatnet kan ein sjå Shakars eigen reaksjon på resepsjonen av romanen. Om tendensane, fortel Shakar til *Aftenpostens* Heidi Borud at det er ei bok «om klassereiser, like mye som det er en bok om innvandring.»<sup>38</sup> I samtale med Dagsavisens Gerd Elin Stava Sandve tar Shakar opprør mot innvandrarstempelet som pregar romanpersonane hans: «Jeg tar eksplisitt opp hovedpersonenes minoritetsbakgrunn. Men de er ikke innvandrere. De er født og oppvokst i Oslo.»<sup>39</sup> Samstundes legg ikkje Shakar skjul på at han har hatt som mål å skrive litteratur om dei som elles er sjeldan kost i skjønnlitteraturen: «Jeg ville fortelle historien om et sted som ikke så ofte er beskrevet skjønnlitterært. Jeg har selv savnet å lese en sånn bok.»<sup>40</sup>

#### 1.4.3. *Gul bok* (2020)

Då *Gul bok* kom sumaren 2020, var boka ein etterlengta oppfølgar frå Shakar. Etter resepsjonen av *Tante Ulrikkes vei* var forventingane høge. På trass av forventingspresset for andre-boka blei det brei konsensus mellom kritikarane om at Shakar oppfyller forventingane etter brakdebuten. I resepsjonen er Shakars forteljartalent igjen trekt fram i sentrum. VGs Guri Hjeltnes skriv at «Zeshan Shakar står fram som en forfatter av de sjeldne [...]»<sup>41</sup> og meiner romanen framstår som både gjennomarbeida og inspirerande skrive.<sup>42</sup> *Bergens Tidendes* Erlend Liisberg titulerer sin bokomtale av Shakars nye roman «Forfatteren av 'Tante Ulrikkes vei' viser igjen at han er

---

<sup>34</sup> Ibid.

<sup>35</sup> Shanmugaratnam, «Straight outta Stovner», 2017.

<sup>36</sup> Ibid.

<sup>37</sup> Sørheim, «Vondt, viktig og strålende om to muslimske gutters tenåringsliv», 2017.

<sup>38</sup> Shakar, sitert i Borud, «Zeshan Shakar med tøff oppvekstskildring: - Det er ikke svenske tilstander på Stovner», 2017.

<sup>39</sup> Shakar, sitert i Sandve, «Årets beste debutant er fra Stovner», 2018.

<sup>40</sup> Shakar, sitert i Borud, «Zeshan Shakar med tøff oppvekstskildring: - Det er ikke svenske tilstander på Stovner», 2017.

<sup>41</sup> Hjeltnes, «Les den i ett sug! Bokanmeldelse: Zeshan Shakar: 'Gul bok'», 2020.

<sup>42</sup> Ibid.

et fortellertalent utenom det vanlige.»<sup>43</sup> NRKs Knut Hoem skriv under sentimentet: «Zeshan Shakar er fortsatt i startgropen som forfatter, men scenene han skriver frem er komplekse bilder av en virkelighet som aldri er entydig.»<sup>44</sup>

Shakars realisme og politiske innhald trekkast elles fram i resepsjonen. *Tante Ulrikkes vei* blei tatt imot som ein kommenterende roman om minoritetsungdom og klasseperspektiv, og som Liisberg påpeiker «[...] beveger [Shakar] seg i de samme tematiske og delvis også geografiske landskapene.»<sup>45</sup> På same måte som *Tante Ulrikkes vei* blei hylla for tilvising til reelle hendingar på tidleg 2000-talet, blir òg *Gul bok* hylla for å inkludere definerande augneblink på tidleg 2010-talet.<sup>46</sup> Omtrent midtveges i romanen rammer terrorangrepa 22. juli regjeringkvartalet. Hoem hyllar Shakar for å skildre vår tids kollektive traume,<sup>47</sup> medan *Dagsavisens* Gerd Elin Stava Sandve skriv: «Terrorscenene traff meg rett i magen, med rå minnekraft. Sånn var det, stemmer! Så vondt gjorde det jo! Så redde var vi. Gråt en skvett gjorde jeg også. Og så en til.»<sup>48</sup>

Eit anna fellestrekk for omtalane er at dei trekk fram det dei omtalar som eit rørende far-sønn-portrett.<sup>49</sup> *Nettavisens* Jan Øyvind Helgesen skriv at «[d]et tette forholdet mellom Mani og faren er rørende [...]»<sup>50</sup> I Manis slit mellom å bu heime eller å bu i sentrum, hyllast Shakar for å vise fram kultur og kulturskilnadar.<sup>51</sup> Det same gjeld i skildringane av det elles relativt kvite, etnisk norske arbeidsmiljøet Mani ender opp i. Helgesen skriv vidare: «[...] Shakar [gir] oss et innblikk i tradisjon og kultur, ambisjoner og snobberi som jeg leste med stor interesse.»<sup>52</sup> Det er også tematisering av kulturmøte *Klassekampens* Even Teistung trekk fram i sin omtale av romanen. Teistung meiner Shakar «Med små ironier og uten store fakter skriver [...] godt om selvforståelse, ambisjon og desillusjon [,]»<sup>53</sup> og at han med nøkternt språk viser «hvordan virkelighetsforståelsens hegemoni spilles ut.»<sup>54</sup>

Med utgjevnaden av *Gul bok* stadfestar Shakar sin posisjon som ny og viktig forfattar i norsk samtidslitteratur. Sandve avsluttar sin bokomtale:

---

<sup>43</sup> Liisberg, «Forfatteren av 'Tante Ulrikkes vei' viser igjen at han er et fortellertalent utenom det vanlige.», 2020.

<sup>44</sup> Hoem, «Oslo – en kjærlighetshistorie», 2020.

<sup>45</sup> Liisberg, «Forfatteren av 'Tante Ulrikkes vei' viser igjen at han er et fortellertalent utenom det vanlige.», 2020.

<sup>46</sup> Sjø mellom anna tilvisingar til 22. juli i dei siterte bokomtalanane frå NRK, *Nettavisen*, *Dagsavisen* og *Klassekampen*.

<sup>47</sup> Hoem, «Oslo – en kjærlighetshistorie», 2020.

<sup>48</sup> Sandve, «Glitrende 'Gul bok'», 2020.

<sup>49</sup> Sjø mellom anna den siterte bokomtalen i *Dagsavisen*.

<sup>50</sup> Helgesen, «'Byråkrat-roman' på høyt nivå», 2020.

<sup>51</sup> Sjø mellom anna dei siterte bokomtalanane frå *Klassekampen*, *Nettavisen*, NRK, VG, *Bergens tidende*, *Dagsavisen*.

<sup>52</sup> Helgesen, «'Byråkrat-roman' på høyt nivå», 2020.

<sup>53</sup> Teistung, «I krysspresset», 2020.

<sup>54</sup> Ibid.

Alt levert av en forfatter med stålkontroll på språkets mange nivåer, som er en mester på miljøskildring, og som vet hvordan man både hekter og holder på en leser. 'Den vanskelige andreboka' var visst ikke så vanskelig likevel. Kudos!<sup>55</sup>

#### 1.4.4. *De kaller meg ulven* (2022)

Shakars nyaste roman kom ut bokhausten 2022. *De kaller meg ulven* blei òg tatt i mot med oppgløding av norsk media. Fleire kritikarar ser romanen som ei avslutning for ein Oslo-trilogi.<sup>56</sup> VGs Guri Hjeltnes viser at romanane skildrar dei same tematikkane på trass av ulikt persongalleri: «Persongalleriene i de tre romanene er ulike, men temaene ligger der [...]»<sup>57</sup> Også *Stavanger Aftenblads* Jan Askelund er inne på det same då han skriv: «Siden han i 2017 debuterte med en gateadresse som romantittel, 'Tante Ulrikkes vei', har Zeshan Shakar [...] oppholdt seg på samme geografiske og litterære revir.»<sup>58</sup>

Eit poeng som går igjen hos mange av kritikarane, er Shakars skildringar av å vekse opp mellom kulturar,<sup>59</sup> som dei meiner kjem til syne gjennom dei språklege aspekta i romanen. NRKs Knut Hoem skriv at farens «trespråklige lingo, urdu, engelsk og norsk, er et urfestlig studium i seg selv,»<sup>60</sup> medan Askelund påpeiker at språket er «en blanding av norsk dagligtale, urdu og engelsk (der både norsken og engelsken har sine ugrammatikalske vrier og forvrengninger når det er faren og vennene som snakker) [...]»<sup>61</sup> Hoem, på si side, trekk ein likskap mellom Zeshan Shakars forfatterspråk og Annie Ernaux', sjølv om han ser at Shakar er meir gåvmild i bruk av språklege bilete.<sup>62</sup> Også *Dagsavisens* Turid Larsen merkar seg dei dempa tonane, som fungerer godt.<sup>63</sup> Hjeltnes samanfattar Shakars språk i *De kaller meg ulven* på følgjande måte: «Shakar er en suveren forteller og har snekret storyen i et muntlig språk, replikker, indre dialoger, korthugde episoder.»<sup>64</sup>

Med utgangspunkt i foreldregenerasjonen og dei fyrste arbeidsinnvandrarane i Noreg, ser ein at Shakar skriv seg inn i ein pågåande samfunnsdebatt med *De kaller meg ulven*. Hoem er ein av dei som tematiserer dette i bokomtalen sin, med ein referanse til rapduoen Karpes album *Omar Sheriff* (2022). I albumet tematiserast òg barn av innvandrarar som snakkar *om* og *til* foreldra sine – og den problematikken som høyrer til. Hoem påstår at Shakar i «[...] 'De

---

<sup>55</sup> Sandve, «Glitrende 'Gul bok'», 2020.

<sup>56</sup> Sjå mellom anna dei siterte bokomtalane i *Dagens Næringsliv*, og VG.

<sup>57</sup> Hjeltnes, «Suveren forteller – Bokanmeldelse: Zeshan Shakar 'De kaller meg ulven'», 2022.

<sup>58</sup> Askelund, «Utslitt pakistaner vil hjem», 2022.

<sup>59</sup> Sjå mellom anna dei siterte omtalane i *Aftenposten*, NRK, *Dagsavisen*, og *Stavanger Aftenblad*.

<sup>60</sup> Hoem, «En litterær bypassoperasjon», 2022.

<sup>61</sup> Askelund, «Utslitt pakistaner vil hjem», 2022.

<sup>62</sup> Hoem, «En litterær bypassoperasjon», 2022.

<sup>63</sup> Larsen, «Zeshan Shakar skriver bevegende om å vokse opp mellom to kulturer.», 2022.

<sup>64</sup> Hjeltnes, «Suveren forteller – Bokanmeldelse: Zeshan Shakar 'De kaller meg ulven'», 2022.

kaller meg ulven' synger [...] med aksenten til fars-generasjonen [...].»<sup>65</sup> Også *Aftenpostens* Ingunn Økland viser korleis romanens tematiske innhald er gjeldande i samtidskunst ved å vise til Raja-familiens bøker som tematiserer deira straffande og tradisjonsbundne farsfigur.<sup>66</sup>

I likskap med *Gul bok*, blir farsportrettet trekt fram som ein av romanens sterkare sider. Øklands undertittel viser til dette: «Varmt og sårt portrett av en far som er i ferd med å forsvinne.»<sup>67</sup> Medan Hoem seier at farsfiguren er umogleg å ikkje bli glad i, og at «Intet øye forblir tørt [,]»<sup>68</sup> skriv *Dagens Næringslivs* Leif Bull at det er i «utforskningen av forholdet mellom de to [...] romanen [*blir,*] ikke bare interessant, men også dypt bevegende.»<sup>69</sup> Som eit avsluttande moment i sin bokomtale proklamerer Hoem at «[m]est av alt handler disse siste dagene om en over-levering av en særegen (pakistansk) mannsrolle, og en erkjennelse av at også denne måten å være på, om enn aldri så unorsk, har verdi.»<sup>70</sup> Også for Larsen ligg søkelyset på farsportrettet, som skriv at romanen leverer «et ømt portrett av foreldregenerasjonen, av en pakistansk far og en norsk mor.»<sup>71</sup>

Jamt over, med tre utjevne romanar, har Shakar hausta god kritikk som på mange måtar trekk fram mange av dei same elementa – språkleg finesse, realistiske familie- og samfunnsportrett, viktig og sår tematikk og, ikkje minst, hans gode forteljarevne. Det er openbart at Shakar har tatt kritiker-Noreg med storm, og har med sine romanar plassert seg blant viktige norske samtidsforfattarar.

### 1.5. Tidlegare forskning

Utanom den meir generelle forskinga på undersjangeren minoritetslitteratur, innvandrarlitteratur, diasporalitteratur – kjært barn har mange namn – finns det lite konkret forskning på Shakars litteratur. Ved søk i ulike databasar for forskingspublikasjon er det heilt klart *Tante Ulrikkes vei* som er best representert. Av dei få bidraga ein kan oppdrive, er det særleg to som stikk seg ut fordi dei nyttar postkolonial teori som utgangspunkt.

---

<sup>65</sup> Hoem, «En litterær bypassoperasjon», 2022.

<sup>66</sup> Økland, «Bokanmeldelse: Zeshan Shakar er tilbake som nyskapende språkarbeider», 2022.

<sup>67</sup> Ibid.

<sup>68</sup> Hoem, «En litterær bypassoperasjon», 2022.

<sup>69</sup> Bull, «En dypt bevegende roman», 2022.

<sup>70</sup> Hoem, «En litterær bypassoperasjon», 2022.

<sup>71</sup> Larsen, «Zeshan Shakar skriver bevegende om å vokse opp mellom to kulturer.», 2022.



### 1.5.1. Den førebelse Shakar-forskinga

Noko konkret forskning på Zeshan Shakars forfattarskap er altså manglande. Spesielt vanskeleg er det å finne noko meir enn detaljerte bokomtalar om Shakars to nyaste romanar *Gul bok* og *De kaller meg ulven*. Dette kan godt vere ein konsekvens av at *Tante Ulrikkes vei* har fått lenger tid på å godgjere seg og dermed har blitt eit meir stabilt bidrag i norsk samtidslitteratur. Nokre store avvik i bokomtalane frå første til siste roman er det ikkje å spore, og skal ein tru resepsjonen er kvaliteten ikkje noko grunn til at forskingsinteressen skulle avta.

To akademiske innslag som kan kategoriserast under ein slags ‘Shakar-forsking’ finn vi i Tonje Volds *Å lese verden: Fra imperieblikk og postkolonialisme til verdenslitteratur og økokritikk* (2019), og Tatjana Kielland Samoilow og Per Esben Myren-Svelstads *Kritisk teori i litteraturundervisningen* (2020). *Å lese verden* er eit litteraturteoretisk grunnverk med fokus på lesing av litteratur på tvers av landegrensar,<sup>72</sup> medan *Kritisk teori* er eit teoriverk som tar sikte på å styrke litteraturundervisning i grunnskulen og vidaregåande skuler.<sup>73</sup> Desse er vidare interessant for mitt masteroppgåveprosjekt, nettopp fordi dei gjer lesingar av Shakars *Tante Ulrikkes vei* med utgangspunkt i postkolonial teori.

I kapittelet «Som en nasjonalsang fra overalt», ser Vold på det ho kallar postnasjonal diasporalitteratur. I løpet av kapittelet gjer ho dømelesingar av ulike tekstar, frå forfattarane Ivo de Figueiredos, Mahmona Khan, Maria Navarro Skaranger, Zeshan Shakar og Yahya Hassan. I den innleiande delen av kapittelet gjer Vold greie for eit omgrep om ‘diasporalitteratur’, som ho meiner er å føretrekke ovanfor migrasjonslitteratur. «Diasporalitteratur betegner i min framstilling litterære verk som eksplisitt tematiserer og utforsker erfaringer knyttet til diasporatilhørighet. Begrepet er ikke festet til forfatterens biografi.»<sup>74</sup> Volds definisjon av diasporalitteratur har fleire likskapar med Sejersteds migrasjonslitteratur. Likevel vel ho omgrepet diasporalitteratur som eit meir passende omgrep. Diaspora refererer til «en gruppe som har bosatt seg i et nytt land uten å feste tidspunktet til en bestemt generasjon, og gir vekt til tematikk knyttet til det sosiale, til identitet og til tilhørighet.»<sup>75</sup> Då Vold går vidare til å diskutere *Tante Ulrikkes vei*, er det i lys av at ho meiner romanen tematiserer økonomi, forskning, tilhørslse.<sup>76</sup> Mellom anna påpeiker Vold korleis språkføring er med på å karakterisere dei to hovudpersonane og deira samfunnsposisjonar, og at reaksjonane dei har på ulike hendingar

---

<sup>72</sup> Universitetsforlaget, «Å lese verden: Fra imperieblikk og postkolonialisme til verdenslitteratur og økokritikk».

<sup>73</sup> Fagbokforlaget, «Kritisk teori i litteraturundervisningen».

<sup>74</sup> Vold, *Å lese verden*, 2019, s. 278.

<sup>75</sup> *Ibid.*, s. 281.

<sup>76</sup> *Ibid.*, s. 313.

avslører deira posisjonar i tilknytning til klasse.<sup>77</sup> Velferdsstatens rolle i hovudpersonanes liv, og dobbeltmoralen som florerer i eit samfunn som «samtidig presenterer seg som et der alle har like muligheter[,]»<sup>78</sup> blir viktig for Volds lesing. Hennar tolking er at hovudpersonane blir offer for skeivfordeling i samfunnet. Uavhengig av deira utgangspunkt er det vanskeleg for dei å lykkast i det norske samfunnet. Spesielt interessant er også Volds poeng om forskingsfeltets ubehagelege avstand frå dei personlege historiene ein er vitne til ved eit slik prosjekt. Dette står for Vold som ei ubehageleg påminning om «hvordan det som utgir seg for å være samfunnsnyttig arbeid til beste for demokratiet, er basert på en utvendig forståelse av ‘andregenerasjonsinnvandrere’ som radikalt annerledes enn ‘norske’.»<sup>79</sup> Dette knyttast til Saids teoriar, om eit kunnskapsfelt som skapast frå spesifikke maktposisjonar.<sup>80</sup> Vold meiner vidare at «Shakars forskerportrett [...] derfor også [er] en påminnelse til meg og andre litteraturforskere om formidlingens makt og etikk i møte med ‘innvandrerromanen’.»<sup>81</sup>

I kapittelet «Litteratur og kultur» gjer Tatjana Kielland Samoillow og Per Esben Myren-Svelstad ei dømeanalyse av *Tante Ulrikkes vei*. Også dei nyttar postkolonial teori, og kastar eit lys over korleis dette teorigrunnet kan nyttast på kulturmøte i litteraturen. Her illustrerast det korleis eit postkolonialt grunnlag kan vise ting som elles ville vore skjult i teksten. Analysen av *Tante Ulrikkes vei* byggjar hovudsakleg på romanens struktur og karakterteikningar. Om Mo og Jamal skriv dei: «Romanens to hovedpersoner er konstruert som et motsetningspar, noe vi ser allerede gjennom språkdrakten i de første brevene.»<sup>82</sup> Hovudvekta blir her lagt på at Mo framstår som fanga midt mellom kulturar, som opplever kulturell forakt for sine foreldres kultur og som etterstrever å bli godtatt som norsk – medan Jamal representerer minoritetsungdom som i større grad opplever kulturell hybriditet og tilhøyrsløse med sin bakgrunn. Samoillow og Myren-Svelstad legg vekt på korleis drabantbyen Stovner kan lesast som «en fysisk realisering av [Homi K.] Bhabhas tredje rom, der kulturelle identitetsforhandlinger kan finne sted.»<sup>83</sup> ‘Det tredje rom’, omtala som ‘the in-between’ i Mads B. Claudis *Litteraturteori* (2013), er eit omgrep Homi K. Bhabha nyttar seg av i sin teori. Dette rommet er for han ein abstrakt stad der kulturar møtast, og hybriditet blir eit resultat av identitetsforhandlingane.<sup>84</sup> Eg kjem tilbake til Bhabhas teori om kulturell hybriditet i teorikapittelet, då Maïmouna Jagne-Soreau byggjar opp omgrepet mellomforskarp i kontrast til Homi K. Bhabhas teori. Samoillow og Myren-Svelstad

---

<sup>77</sup> Ibid., s. 314,315.

<sup>78</sup> Ibid., s. 315.

<sup>79</sup> Ibid., s. 319.

<sup>80</sup> Ibid., s. 319.

<sup>81</sup> Ibid., s. 319.

<sup>82</sup> Samoillow & Myren-Svelstad, *Kritisk teori i litteraturundervisningen*, 2020, s. 115.

<sup>83</sup> Ibid., s. 121.

<sup>84</sup> Claudi, «Postkolonialistisk litteraturteori», 2013, s. 198,199.

meiner romanen mogleggjer ei fysisk realisering av det tredje rom på grunn av det kulturelle mangfaldet som blir skildra i området. Til sist slår dei fast at det er eit «pessimistisk bilde av Stovner og ungdommer med minoritetsbakgrunn som tegnes i *Tante Ulrikkes vei*. Det norske rommet synes å være stengt for kulturell forskjellighet. Ideen om kulturell hybriditet som frigjøring synes det å være liten tro på.»<sup>85</sup> Potensialet finns, men fører ingen veg – ting held fram slik dei har vore.

### 1.5.2. Tidlegare masteroppgåver

Det er skrive fleire masteroppgåver om Shakars romanar. Spesielt *Tante Ulrikkes vei* har skapt grunnlag for akademisk interesse, medan det for romanane *Gul bok* og *De kaller meg ulven* er det så langt ikkje nokre resultat i masteroppgåvearkiva til korkje NTNU, Universitet i Oslo eller Universitetet i Bergen – med unntak av éi masteroppgåve med komparativt blikk mot både *Tante Ulrikkes vei* og *Gul bok*. At *Tante Ulrikkes vei* er romanen med best representasjon i masteroppgåvearkiva, kan rett og slett skuldast at romanane enno må seiast å vere ferske tilskot i norsk skjønnlitteratur.

Om *Tante Ulrikkes vei* er det skrive ein rekke didaktiske masteroppgåver, i tillegg til litterære.<sup>86</sup> Det er dei litterære masteroppgåvene<sup>87</sup> eg vil fokusere på då dei har meir likskap, metodisk og tematisk, til mitt eige prosjekt. På same måte som resepsjonen rundt *Tante Ulrikkes vei* ofte understreka språket og funksjonen til språket i romanane, har også merksemda innan masteroppgåver vore retta mot det språklege i ulik grad og på ulike måtar. Våren 2019 skreiv Hanna Værum Anda masteroppgåva «*Oss*» og «*dem*»: *Språk, stereotyper og språkideologier i Alle utlendinger har lukka gardiner og Tante Ulrikkes vei*. Ho undersøker norsk som andrespråk, og nyttar eit diskursanalytisk perspektiv for å sjå korleis språklege og sosiale stereotypiar produserast og reproduserast i romanane.<sup>88</sup> Vidare har Karina Bauger i si masteroppgåve *Utenforskap: en tematisk analyse av språk, grenser og identitet i Zeshan Shakar sin roman Tante Ulrikkes vei (2017)* forska på korleis temaa språk, identitet og grenser produserer utanforskap på ulike måtar. Bauger ser på språkets tyding for tilhøyrsløse på Stovner, korleis media konstruerer ei førestilling om 'den andre' og rommet mellom grensene som har

---

<sup>85</sup> Samoilow & Myren-Svelstad, *Kritisk teori i litteraturundervisningen*, 2020, s. 126.

<sup>86</sup> Sjå mellom anna Odrun Misjes «*Kjempefrustrert på hans vegne der liksom*»: *Tante Ulrikkes vei og medborgerskap – en klasseromsstudie*, 2021, og Hanne Askeli Karlsens *Lesing av samtidslitterære tekstutdrag i flerkulturelle klasser: En kvalitativ studie av samspeillet mellom flerkulturelle elever og øvrige elever*, 2019.

<sup>87</sup> Med litterære masteroppgåver sikter eg til dei oppgåvene som har romanen som sitt primærmateriale, medan dei didaktiske i større grad er samansett av klasseromsstudiar der rapportering frå deltakarar utgjer primærmaterialet.

<sup>88</sup> Anda, «*Oss*» og «*Dem*», 2019.

produsert utanforskap.<sup>89</sup> I dei reint språklege masteroppgåvene er det spørsmål om identitet, tilhøyrslse og stereotypiar som står fram som fellestrekk. Bauger undersøker mellom anna korleis ikkje-standardisert norsk og sosiolekt påverkar og produserer utanforskap og kjensler av å vere annleis.

Eit anna fokus, der språk òg spelar ei vesentleg rolle, er det Joakim Tjøstheim har i si masteroppgåve *Varianter av virkelighet: Nasjonstemaet og personlig og kollektiv identitet i Tante Ulrikkes vei (2017) av Zeshan Shakar og Allt jag inte minns (2015) av Jonas Hassen Khemiri*. Her er også identitet eit tema, men i eit større bilete. Tjøstheim gjer ei lesing av *Tante Ulrikkes vei* med utgangspunkt i teoriar om nasjonen og sosialkonstruktivistiske teoriar om språk og identitet – og stiller seg spørsmålet om korleis tekstane forhold seg til førestillinga om nasjonalt fellesskap.<sup>90</sup> Han analyserer korleis historie og forteljing sett romanpersonanes identitetskonstruksjon i spel; tydingar av minner og gløymse for karakteranes personlege identitet og kollektive identitetar, samt samanheng mellom språkføring og identitetskonstruksjon i romanane. Slik koplast språk til ein større samanheng, om korleis det knytast til spørsmål om nasjonal identitet. Det dreier seg ikkje berre om identitetskonstruksjon og sosiolekt i bydelane i Oslo, men nokre gongar òg om eit politisk prosjekt.

Det er også skrive masteroppgåver som rører seg meir konkret i eit postkolonialt teoretisk felt. Her finn ein mellom anna Henriette Sandbergs *Et dekolonialt prosjekt: en analyse av Zeshan Shakars roman Tante Ulrikkes vei (2017)*. Sandberg tek utgangspunkt i tema, form og språk, og undersøker «om måten Shakars roman stiller spørsmål ved de etablerte mønstre i den vestlige hvite verden, gjør at boken kan sies å fungere som et dekolonialt prosjekt.»<sup>91</sup> Sandbergs lesing av *Tante Ulrikkes vei* viser korleis romanens protagonistar pregast og avgrensast av eit kolonialt system, og at romanen vidare bryt med og stiller spørsmål ved dei koloniale mønstra. Kaja Bjørndalen undersøker i masteroppgåva «*Det er langt fra Haugenstua til Y-blokka*»: en analyse av stedets betydning for litterære kulturmøter både *Tante Ulrikkes vei* og *Gul bok*, og ser på kva tyding stad har for litterære kulturmøte i migrasjonslitterære romanar. Bjørndalen nyttar seg av postkoloniale teoriar, og kjem fram til at stad har hatt omfattande tyding når det gjeld identitetskonstruksjon i møte med andre, og at stad ytterlegare er med på å utgjere vesentleg kontekst for personanes kvardag.<sup>92</sup> På denne masteroppgåva bygger Emily Engdahl vidare sitt masteroppgåveprosjekt titulert *Mangfoldige stemmer: En interseksjonell analyse av mellomforskap i Zeshan Shakars Tante Ulrikkes vei, Maria Navarro Skarangens*

---

<sup>89</sup> Bauger, *Utenforskap*, 2019.

<sup>90</sup> Tjøstheim, *Varianter av virkelighet*, 2019.

<sup>91</sup> Sandberg, *Et dekolonialt prosjekt*, 2020.

<sup>92</sup> Bjørndalen, «*Det er langt fra Haugenstua til Y-blokka*», 2021.

Alle utlendinger har lukka gardiner og *Gulraiz Sharifs* Hør her'a.<sup>93</sup> Engdahl byggar vidare på Bjørndalens analysar av hybriditet, men vender blikket vidare mot mellomforskapet, og nyttar mellom anna Jagne-Soreaus bidrag om mellomforskap. Vidare nyttar Engdahl litteraturen for å undersøke kva aspekt og maktdiskurs som inngår i formulering av mellomforskapet. Mitt prosjekt har flest likskapar med Engdahls prosjekt, då ho òg nyttar seg av teoriar om mellomforskap, kvitleiksfenomenologi og orientalisme. Hennar overordna fokus ligg likevel på korleis mangfaldige stemmer kan framstillast i skjønnlitteraturen, og har vidare eit konkret interseksjonelt perspektiv der ho også undersøker kjønnspektiv i mellomforskapet. Masterprosjektet til Engdahl konkluderer med at mellomforskapet er komplisert, og at det opplevast ulikt frå romanpersonane – nokre opplever mellomforskapet identitetsskapande, medan det for andre resulterer i ei kjensle av rotløyse og fragmentering. Der Bjørndalen og Engdahl påpeiker at kulturell bakgrunn påverkar eins kvardag, påpeiker Sandberg at Shakars romanar fungerer som eit dekolonialt prosjekt ved å rive ned dei konstruerte skilja.

### 1.6. *Mitt bidrag*

Det eksisterer allereie ei interesse for Shakars forfattarskap, særleg i form av masteroppgåver. Eg meiner likevel det er eit vidare potensiale for å undersøke korleis samtidslitteratur kan vere med på å kaste eit lys over korleis minoritetsproblematikk kan sjå ut og fungere i vår samtid og i våre nærmiljø. Eg meiner at forskinga vil tene på å undersøke korleis spørsmål om klasse er med på å påverke Shakars romanunivers. Shakars romanar malar eit realistisk bilete av ei reell gruppe menneske i samfunnet. Ved å nytte fleire disiplinar kan ein sjå korleis Shakars forfattarskap opnar for nye og viktige perspektiv om korleis det *kan* vere å leve i vår tid.

Å studere samtidslitteratur, spesielt litteratur skrivi av og om andre enn kvite, etniske nordmenn, i lys av sosialantropologiske disiplinar meiner eg kan vere givande for litteraturvitskapen. Eit forskingsprosjekt som omhandlar minoritetsorientert litteratur kan bidra til å utvide vår forståing av vårt eige samfunn – på godt og vondt. Den pågåande eksotifiseringa av litteratur som kjem frå 'austkant'-Oslo eller minoritetsforfattarar bringer med seg ei reduktiv haldning til litteratur som kan seie mykje meir om medmenneskelege relasjonar, ulike røyndomar og om levekår vi alle til ein viss grad kan relatere til – eller i det minste forstå på ein annan måte enn vi per dags dato gjer. Ved å redusere litteratur til å berre handle om minoritetserfaringar og som 'rå portrett av eit Oslo vi elles ikkje kjenner', står ein i fare for å gå glipp av vesentleg substans i forteljningane vi les.

---

<sup>93</sup> Engdahl, *Mangfoldige stemmer*, 2022.

### 1.7. Omgrepsavklaring og -drøfting

Eit siste poeng eg vil drøfte innleiingsvis gjeld omgrepa eg nyttar gjennomgåande. Språk er i stadig endring, noko som kan resultere i at dei omgrepa eg har valt å nytte i mitt prosjekt fortare enn tidlegare kan vise seg å bli utdaterte. I ei globalisert verd skjer denne endringa i rekordfart. Eg har forsøkt å røre meg i territoriet med størst varsemd, og har valt ut dei omgrepa som det synast å vere størst konsensus om. Mellom anna har ein nyleg gått vekk frå omgrepa ‘førstegenerasjonsinnvandrar’ og ‘andregenerasjonsinnvandrar’, og *Statistisk sentralbyrå* nyttar heller omgrepa ‘innvandrarar’ og ‘norskfødde med innvandrarforeldre’.<sup>94</sup> Eg nyttar i størst grad omgrepet minoritet, ettersom hovudpersonane i Shakars alle tre romanar er fødd i Noreg, og fordi erfaringane dei gjer seg ikkje er unike for dei med innvandrarbakgrunn eller som har foreldre som er innvandrarar. Alle formar for minoritetserfaringar inneber tidvis òg ulike formar for undertrykkingsstrukturar – det gjeld òg dei som har ei anna seksuell legning, kjønnsidentitet eller religiøs tru enn majoriteten. Når dette er synlege attributt, er dette attributt som blir avvist av majoritetssamfunnet eller som blir sett på som utanfor norma. I tillegg nyttar eg omgrepet ‘majoriteten’ jamleg gjennom masterprosjektet. Dei gongane omgrepet opptrer utan vidare avklaring, nyttar eg det for å skildre dei med dei mest privilegerte posisjonane i samfunnet – etnisk kvite, cis-kjønna, og personar som ikkje blir oppfatta som skeive. Det er desse som tidlegare har konstituert normene samfunnet blir dømt etter.

---

<sup>94</sup> Džamarija, «Slik definerer SSB innvandrere», 2019.

## 2.0. Teoretisk grunnlag

Med eit prosjekt som tar sikte på å analysere korleis Shakars romanar uttrykker både klasse- og minoritetserfaringar, er det teoretiske grunnlaget todelt. Eg vil nytte postkolonial teori for å analysere og undersøke korleis Zeshan Shakars romanar uttrykker rasialiseringsprosessar og minoritetserfaringar. Eg vil nytte meg av Edward Saids ‘oss’/‘dei’-tankegang og lener meg her på hovudverket *Orientalismen: Vestlige oppfatninger av Orienten* (1978). Ytterlegare skal eg nytte Sara Ahmeds omgrep om ‘kvitleiksfenomenologi’ og ‘orienteringar’ som ho presenterer i ulike essay. I tillegg skal eg undersøke omgrepet ‘mellomforskap’ ved hjelp av artiklar skrivne av Maïmouna Jagne-Soreau og Daphne Arbouz. Eg skal i tillegg nytte meg av klasseorientert teori, representert ved Pierre Bourdieu. Særleg er det omgrepa hans om ‘habitus’ og dei ulike kapitalane han presenterer i sine verker som vekker interesse i møte med litteraturen. Eg har valt desse teoretiske forankringane fordi eg meiner dei vil gjeve eit godt, og ikkje minst bredt, innblikk i Zeshan Shakars romanunivers. Vidare i dette kapittelet vil eg gå gjennom og tydeleggjere dei postkoloniale og klasseorienterte perspektiva. I møte med romanane vil eg i stor grad nytte omgrepa frå den teoretiske forankringa operativt, og eg vil derfor sondere teorien og omgrepa før eg tar fatt på romanane.

Den postkoloniale tradisjonen blir relevant når ein skal analysere fram det konkrete som tilhøyrar rasialiseringsprosessar og identitetsmarkørar for romanpersonar, nettopp fordi det er avhengig av deira ikkje-etnisk-norske framtoning og utsjånad. Når Mads B. Claudi introduserer postkolonial teori i *Litteraturteori* trekk han særleg fram at det er ei litteraturvitskapeleg retning som har tradisjon for å leggje hovudvekt på å undersøke maktforhold mellom vestlege og ikkje-vestlege samfunn.<sup>95</sup> Det har særleg vore tradisjon for å undersøke kva haldningar til menneske med ikkje-vestleg bakgrunn som kjem til uttrykk i litteratur, samt korleis litteratur frå tidlegare kolonistatar kan vere med å utfordre og øydelegge etablerte stereotypiar om ikkje-vestlege samfunn.<sup>96</sup> På trass av at postkolonial teori har eit allment perspektiv, er det mogleg å nytte teorien på det meir partikulære, som gjeld mellommenneskelege relasjonar og ein persons situasjon i eit konkret samfunn. Korleis ein opplever å eksistere i eit kvitt majoritetssamfunn som ikkje-kvit kan påverkast av strukturar som stammar frå det koloniale systemet, og dei medfylgjande rasialiseringsprosessane. Claudi trekk fram Gayatri Chakravorty Spivak, mest kjent på grunn av artikkelen «Can the Subaltern Speak» frå 1988, som ein av dei viktigaste innan denne tradisjonen.<sup>97</sup> Også Edward Said, som eg nyttar meg av i dette prosjektet, blir trekt

---

<sup>95</sup> Claudi, «Postkolonialistisk litteraturteori», 2013, s. 190.

<sup>96</sup> Ibid., s. 190.

<sup>97</sup> Ibid., s. 203,207.

fram som ein av tradisjonens viktigare teoretikar. Sarah Ahmed er òg ein del av den postkoloniale tradisjonen, då ho undersøker korleis marginaliserte kroppar rører seg i majoritetssamfunn der dei skil seg ut.

Vidare skal eg nytte Pierre Bourdieus klasseteori. Bourdieu er ein av det 20. hundreårs mest tydingsfulle samfunnsforskarar, og er ein versatil teoretikar som kan nyttast på tvers av disiplinær.<sup>98</sup> Det som er med på å skile Bourdieu frå anna klasseteori er samspelet mellom reint økonomiske faktorar og det sosiale, som igjen ser ut til å påverke kvarandre i ei slags sirkulær rørsle.

Undervegs i dette kapittelet vil eg forsøke å klargjere korleis den teoretiske bakgrunnen kan nyttast i møte med Zeshan Shakars romanar. Slik vil eg skape eit grunnlag som forklarar korleis ein teori som ikkje er eksplisitt litteraturhendig likevel kan nyttast for å forstå kva som rører seg i romanane *Tante Ulrikkes vei*, *Gul bok* og *De kaller meg ulven*.

## 2.1. Postkolonial teori

### 2.1.1. Edward Said, *Orientalismen*

Edward Saids (f. 1935, d. 2003) *Orientalismen* har vist seg å vore eit monumentalt verk i vestleg forskningstradisjon. Først utgjeven i 1978, og seinare omsett til norsk av Anne Aabakken i 1994, har Saids omgrep om 'orientalisme' blitt epokegjerrande og definerande for ein generasjon av forskarar.<sup>99</sup> Verket er delt i tre overordna kapittel der Said gjer greie for korleis orientalisme som akademisk disiplin har utvikla seg over fleire hundre år. Mest relevant for mitt prosjekt er konstruksjonen av ei todelt verd og tanke-setta som veks ut av ein slik konstruksjon.

*Orientalismen* bygger på ideen om at Orienten (Østen) er ein klar negasjon av Oksidenten (Vesten). Dette forholdet er eit skapt forhold, og Orienten eksisterer slik som ein skapt 'anna' for at Vesten skal kunne definere seg sjølv. Said tar utgangspunkt i «[...] at Orienten ikke er et ubevegelig naturbegrep. Det er ikke slik at den bare *er der*, på samme måte som heller ikke Oksidenten bare *er der*.»<sup>100</sup> Slik skriv Said seg inn ein tradisjon som kritiserer om dei konstruerte, men høgst reelle og naturaliserte, dikotomiane som er styrande i vår verdsorden. Eit grunnleggande premiss for *Orientalismen* er tankegangen som den orientalistiske tradisjon har skapt: 'oss'/'dei'-tankegangen. Dette poengterer Said då han diskuterer korleis det er skapt ei innbilt og vilkårleg geografisk skiljelinje mellom Vesten og Resten (som han tidvis kallar det), då representert hovudsakleg av dei arabiske landa i Midt-Austen. Dersom verda er delt i

---

<sup>98</sup> Wilken, *Bourdieu for begyndere*, 2011, s. 9.

<sup>99</sup> Claudi, «Postkolonial teori», 2013, s. 194.

<sup>100</sup> Said, *Orientalismen*, 2018, s. 15.



Vesten og Resten, følgjar motsettingsforholda lys/mørk, sivilisert/barbar, kunnskap/fåkunne med som naturaliserte motsettingar som tilskrivast verdi. Said skriv: «Jeg bruker order (sic.) ‘vilkårlig’ her fordi den innbilte geografien av typen ‘vårt land - barbarisk land’ ikke krever at barbarene anerkjenner dette skillet. Det er nok at ‘vi’ skaper disse grensene i våre hoder [...]»<sup>101</sup> Med dette gjer Said to vesentlege poeng for sin teori: den vilkårlege, menneskeskapte kategoriseringa, og korleis denne kategoriseringa er eit resultat av intrikat maktspel – ein konkurranse vesten historisk har hatt overtak i. Dikotomien<sup>102</sup> ‘oss’/‘dei’ blir stadfesta utan innspel frå den andre. Vesten har på denne måten påført Resten ein generaliserande kategorisering utan å ta omsyn til variasjonane vi finn i regionen. ‘Oss’/‘dei’-tankegangen *Orientalismen* er tufta på ser ut til å vere avhengig av ei reduktiv haldning til dei ein omtalar som ‘dei’ – i motsetnad til ‘oss’. Dersom ‘dei’ skulle vise seg å vere mangfaldige og dynamiske, slik vi i vesten reknar oss sjølve for å vere, ville negasjons-prinsippet ved å opprette denne ‘andre’ falle saman. Derfor er ein orientalist nøydd til å redusere dei som skal bli ‘dei’: «For dem finnes fremdeles ting som *ett* islamsk samfunn, *en* arabisk tankegang, *en* orientalsk psyke.»<sup>103</sup> For orientalisten er det ingen variasjon eller individ i den arabiske verda. Med ein slik tanke blir det lettare å oppretthalde dikotomien og motsettinga mellom ‘oss’ og ‘dei’ – som igjen inngår i Vesten/Resten. Det er spesielt motsetningsforholdet ‘oss’/‘dei’ som er gjeldande i samband med Shakars romanar. Både fordi ein slik tankegang kan påverke korleis minoritetsmenneske blir handsama av majoritetsbefolkninga og styresmaktene i eit samfunn, men også fordi den seier noko om korleis minoritetsmenneske oppfattar og les menneske som tilhøyrer majoriteten. Ei ‘oss’/‘dei’-tankegang kan vere såpass indoktrinert at ein ser alle tilhøyrande den eine eller andre gruppa som ein stor masse. Dette kan kome til uttrykk ved at ein, til dømes, kallar alle etniske nordmenn ‘potet’ eller ‘kvitingar’, eller generelt skjærer alle over same kam på grunn av ei førestilling om kvar dei kjem frå.

Said meiner dikotomiane Vest/Aust, Oksidenten/Orienten, ‘Oss’/‘Dei’ er konstruert. Dette meiner han har utspring i menneskets trong «[...] til å klassifisere natur og mennesker som typer.»<sup>104</sup> Det er høgst reelle forhold, som har blitt ein del av eit politisk maktspel frå Vestens side. Som Said skriv er det eit forhold prega av autoritet og makt: «Forholdet mellom Oksidenten og Orienten handler om makt, dominans, varierende grader av et komplisert hegemoni [...]»<sup>105</sup> Hos Said er ingenting tilfeldig, heller ikkje dei grupperingane og det

---

<sup>101</sup> Said, *Orientalismen*, 2018, s. 67.

<sup>102</sup> *Det Norske Akademis ordbok*, s.v. «dikotomi», 18.09.2023, <https://naob.no/ordbok/dikotomi>.

<sup>103</sup> Said, *Orientalismen*, 2018, s. 328.

<sup>104</sup> *Ibid.*, s. 135.

<sup>105</sup> *Ibid.*, s. 16.

vokabularet vi nyttar for å snakke om Orienten. Dette maktforholdet har ytterlegare resultert i at Vesten har hatt overtaket på Orienten. Vesten har blitt gjeve definisjonsmakta i relasjonen, og Said påpeiker at orientalismen som akademisk tradisjon har gjort at «[...] europeisk kultur ble styrket og fikk en sterkere identitet ved å se seg selv som en motpol til Orienten, fremstilt som et surrogat eller til og med noe underjordisk.»<sup>106</sup> Med eit vokabular prega av ord som ‘surrogat’ er maktfordelinga tydeleg – Orienten er ikkje noko meir enn ei dårleg kopi.<sup>107</sup>

Ved å nytte *Orientalismen* som utgangspunkt for analyse av migrasjonslitteratur, kan ein moglegvis over tid vere med på å bryte med dei orientalistiske tradisjonane som har blitt overlevert frå ein generasjon til neste over lenger tid. Ein måte å rokke ved orientalismen som struktur er ved å bryte forventingar og la ulike perspektiv kome til uttrykk. Dei orientalistiske dogma er utelukkande avhengige av «[...] Orientens nærmest totale fravær som en følbare og påtagelig kraft i vestlig kultur.»<sup>108</sup> For Said er både sakprosa og skjønnlitteratur noko som kan vise at denne svart-kvit-tankegangen ikkje er fornuftig når ein ser dei reelle, levde forholda. Ved å la forfattarar, slik som Zeshan Shakar, framstille marginaliserte grupper kategorisert som ‘dei’, kan ein over tid bryte ned dei innbilde motsetnadane mellom ulike grupper. Dette kan ein oppnå ved å til dømes vise at skiljelinjene ikkje er så tydelege som ein har innbilt seg over tid.

På trass av å vere eit eldre verk, har *Orientalismen* ikkje mista relevans med tida – i staden har verket overlevd tidas test. Sida verket blei utgjeve for første gong i 1978, har det stadig blitt revidert og kommentert. Mellom anna har 2018-utgåva frå Cappelen Damm inkludert eit forord skriva i 2003, kort tid før Edward Said gjekk bort. I dette nyskrivne forordet er Said sjølv merksam på at *Orientalismen* enno hadde verknad ved tusenårsskiftet: «Likevel er *Orientalismen* i høy grad en bok som er knyttet til samtidshistoriens voldsomme drivkrefter.»<sup>109</sup>

### 2.1.2. Sara Ahmed, *Gledesdrepende essays*.

Under bokserien «Upopulære skrifter», har Cappelen Damm gitt ut essaysamlinga *Gledesdrepende essays* (2021) av Sara Ahmed (f. 1969). I denne utgåva er essaya «Affektive økonomier» (2004), «En hvithetens fenomenologi» (2007) og «Å drepe glede: Feminisme og lykkens historie» (2010) samla. Ahmed dannar sitt teoretiske grunnlag «med utgangspunkt i eget liv, erfaringer og møter, med blick for privilegiene som følger med ståstedet det skrives fra [...]»<sup>110</sup> Slik blir det personlege teoretisk, og fokuset vendast mot å seie noko om dei større

---

<sup>106</sup> Ibid., 2018, s. 13.

<sup>107</sup> *Det Norske Akademis ordbok*, s.v. «surrogat», 18.09.2023, [https://naob.no/ordbok/surrogat\\_1](https://naob.no/ordbok/surrogat_1).

<sup>108</sup> Said, *Orientalismen*, 2018, s. 229.

<sup>109</sup> Ibid., s. II.

<sup>110</sup> Svendsen, Helseth, «Det personlige er teoretisk – en introduksjon til Sara Ahmeds forfatterskap», 2021, s. 8.

strukturane i samfunnet via det som kan opplevast som privat og partikulært. Kvardagsforteljingar dannar eit sentralt grunnlag i Ahmeds teoretiske utgreingar. Stine Helena Bang Svendsen og Hannah Helseth skriv i forordet at dette er noko som gjer at «leseren kommer på egne erfaringer som ligner. Slik inviterer Ahmed til en erfaringsbasert lesning [...]»<sup>111</sup> Ein teori som tar sikte på å undersøke partikulære hendingar for å forstå samfunnsstrukturar er nyttig for å forstå skjønnlitteratur som ligg tett knytt til realisme og kvardagshistorie. Ahmeds tilnærming tillèt å la dei spesifikke historiene seie noko utover det partikulære. Når Shakars romanpersonar blir stoppa av politiet på grunn av hudfarge eller blir plassert i ein dårlegare klasse på grunn av etnisk bakgrunn er det ikkje snakk om eingongstilfelle. Det seier heller noko om strukturane i samfunnet. Romanane kan då vere med på å avdekke problematikk som elles kan røre seg umerka i samfunnet. Eit vesentleg poeng hos Ahmed er nettopp at ho ikkje er ute etter å lansere løysningar, men heller kaste lys over og dvele ved det ho forstår som samfunnsproblem.<sup>112</sup> Ahmeds teoriar kan hjelpe oss å forstå skjønnlitterære verk med realistisk forankring. Romanar som tar sikte på å framstille eit realistisk samfunn med eit persongalleri som står i reelle problem kan tidvis fungere som døme på mekanismane Ahmed peiker på.

I «Affektive økonomier» undersøker Ahmed opphavet til hat og frykt. Her utforskar Ahmed korleis kjensler ikkje har utgangspunkt i eit konkret subjekt, men heller oppstår i rørsler mellom subjekta. For Ahmed ligg interessa i korleis kjensler «*involverer* subjekter og objekter på, men uten å faktisk bo inne i dem.»<sup>113</sup> Altså, frykt oppstår ikkje utelukkande på grunn av eit konkret og objektivt subjekt. Kjensla av frykt og hat oppstår i rørsler i språket og tar deretter bustad i subjekta og objekta. Det er ikkje dei konkrete tinga eller personane som er gjenstand for frykt eller hat, men gjennom språket endar dei med å huse desse kjenslene. Slik forklarar Ahmed korleis desse kjenslene oppstår og korleis vi som menneske knyt dei til dei konkrete tinga:

Muligheten for at vi kanskje ikke er i stand til å se forskjell [*på en ekte eller uekte asylsøker*], forvandler seg raskt til muligheten for at en hvilken som helst av de innkommende kroppene kan være falsk (sic).<sup>114</sup>

Kjensla av frykt, fordi den ikkje har bustad i eit konkret og konstant subjekt, blir forsterka av å flyte mellom ulike subjekt. Frykta for ein ‘falsk asylsøkar’ forsterkast som trussel fordi ein ikkje har sikre, ytre teikn som gjer at ein med tryggleik kan peike på det ekte subjektet for frykt. Slik får kjenslene enno større effekt. Ein står alltid med ei kjensle av ‘kanskje’ og ‘kunne vere’, og

---

<sup>111</sup> Ibid., s. 24.

<sup>112</sup> Ibid., s. 24.

<sup>113</sup> Ahmed, «Affektive økonomier», 2021, s. 33.

<sup>114</sup> Ibid., s. 39.

då må ein alltid gå ut frå at kvar og ein skikkelse som står i fare for å vere subjekt for frykt faktisk *er* det. Denne samanblandinga av fryktkjensle og objekt/subjekt er vesentleg for å skape restriksjonar i rørsla til dei som *kan* bli misforstått som subjekt for frykt.<sup>115</sup> Ahmed skriv at frykt «fungerer her for å utvide noen kroppers mobilitet og begrense andre nettopp i den grad den ikke har fastsatt bolig i noen enkelt kropp.»<sup>116</sup> Slik kan den kvite majoritet røre seg fritt i samfunnet, medan andre kroppar, som kan bli oppfatta som ‘kan-vere-subjekt-for-frykt’, får si rørsle i verda hindra. Nettopp fordi fryktkjensla ikkje har ei fast busetting i noko konkret kropp, eller objekt, får dei som kan bli misforstått som fryktsubjekt mindre høve til å røre seg utan å bli stoppa og arrestert. Dei som ikkje står i fare for å bli misforstått som fryktobjekt kan røre seg med langt større fridom enn dei marginaliserte kroppane.

I «En hvithetens fenomenologi» er Ahmeds prosjekt å identifisere det ho kallar undertrykkingsmekanismar og favoriseringsmekanismar. Undertrykkingsmekanismar, det motsette av favoriseringsmekanismar, forstår Ahmed som noko som er med på å undertrykke og diskriminere minoritetsgrupper i eit samfunn. Undertrykkingsmekanismar kan synleggjere seg som diskriminering i jobbmarknaden på grunn av namn, dårlegare helsehjelp for kvinner eller minoritetsgrupper, eller liknande strukturar. Innanfor desse strukturane har vi vidare noko ein kan kalle for stoppemekanisar, som inngår i det Ahmed kallar stoppe-økonomi.<sup>117</sup> Denne stoppe-økonomien visar seg gjennom at «[n]oen kroppar blir ‘stoppet’ mer enn andre [...]»<sup>118</sup> Det kan mellom anna vere at ikkje-kvite menneske blir stoppa av politiet oftare enn kvite personar, at maskuline kvinner får kommentarar om at dei er på feil toalett, eller spørsmål om kvar ein *eigentleg* kjem frå på grunn av namn eller hudfarge. Slik får personar utsett for stoppemekanisar det vanskelegare for å røre seg fritt og umerka i samfunnet. Dei blir slik heile tida heimsøkt av ein tanke om at dei ikkje høyrer heime. Omgrepet ‘favoriseringsmekanisme’ blir det rakt motsette. Det er snakk om forhold og prosessar som gjer det lettare å røre seg i samfunnet umerka, og utan hindringar. For Ahmed er det å bli stoppa ein politisk og ujamnt fordelt handling, som påverkar nokre kroppar meir enn andre. Stoppe-økonomien, eller oppsamlinga av stoppemekanisar og favoriseringsmekanismar, blir det Ahmed kallar affektiv økonomi. Altså – reproduksjonen av desse mekanismane etterlét inntrykk og påverkar vidare i ei sirkulær rørsle.<sup>119</sup>

---

<sup>115</sup> Ibid., s. 65.

<sup>116</sup> Ibid.

<sup>117</sup> Ahmed, «En hvithetens fenomenologi», 2021, s. 92,93.

<sup>118</sup> Ibid., s. 92.

<sup>119</sup> Ibid., s. 93.

Eit av Ahmeds hovudanliggande vidare er korleis kvitleik påverkar levd røyndom og maktrelasjonar i vestlege samfunn. Eit av hennar viktigare omgrep frå «En hvithetens fenomenologi» er det ho kallar orienteringar. For Ahmed er orientering to ting: 1) punktet verda utbrer seg frå,<sup>120</sup> og 2) utgangspunktet ein har for å røre seg ut i verda på.<sup>121</sup> Ahmed skriv; «[d]et som er innanfor rekkevidde er nettopp bestemt av orienteringer vi allerede har inntatt. Eller vi kunne si at orienteringer handler om retningene vi tar som plasserer noen ting og ikke andre innenfor vår rekkevidde.»<sup>122</sup> Slik er Ahmeds orienteringar noko som anten gjev deg rom til å oppnå det du vil, eller noko som hindrar deg i det. Slik blir «[...] hvithet [...] en orientering som plasserer visse ting innen rekkevidde.»<sup>123</sup>

Slik kjem Ahmed inn på det ho kallar den ‘vanemessige’ kroppen. Ein kropp er; «‘vanemessig’ ikke bare i den forstand at den utfører handlinger gjentatte ganger, men i den forstand at *den ikke tildrar seg oppmerksomhet* når den utfører slike handlinger [...]»<sup>124</sup> Slik kan kvite kroppar, til dømes i ein norsk kulturell kontekst, røre seg i offentlege rom utan å tiltrekke seg merksemd, medan minoritetskroppar i større grad vil utsetjast for stoppemekanismar. Dette skjer fordi ein i større grad blir lagt merke til når ein ikkje er såkalla vanemessig. Rom, som Ahmed ofte kallar kvite rom, tar vidare form ved «å være orientert rundt noen kroppar mer enn andre.»<sup>125</sup> Vanemessige kroppar kan her røre seg umerka, medan marginaliserte kroppar som blir stoppa vil oppleve seg som feilplassert i samfunnet. «Kroppar skiller seg ut når de er feilplassert. Slike ståsteder bekrefter rommets hvithet på nytt.»<sup>126</sup> Slik blir denne samfunnsorden sirkulær, som ei sjølvstadfestande og reproduserande.

### 2.1.3. Said og Ahmed i dialog

Sara Ahmed og Edward Said skriv begge innanfor ein postkolonial tradisjon, sjølv om dei tilhøyrer ulike generasjonar. Ein ser at Ahmed i fleire tilfelle byggjar vidare på Said's teori, og ein kan dermed spore ei rekke semjer mellom dei to teoretikarane. Ahmeds forståing av ‘kvite rom’ og ‘orienteringar’ forutsett den orientalistiske ‘oss’/‘dei’-tankegangen Said definerer. Utan ein grunntanke i ‘oss’/‘dei’-tankegangen til Said, kunne ikkje Ahmeds teoriar om orientering og kvitleiksfenomenologi vore like effektive som dei verkar å vere.

---

<sup>120</sup> Ibid., s. 71.

<sup>121</sup> Ibid., s. 73,74.

<sup>122</sup> Ibid., s. 73,74.

<sup>123</sup> Ibid., s. 77.

<sup>124</sup> Ibid., s. 82.

<sup>125</sup> Ibid., s. 83.

<sup>126</sup> Ibid., s. 88.

Edward Said tematiserer og kritiserer den oppdikta, men naturaliserte dikotomien mellom aust og vest, medan ein kan seie at Ahmed går lenger i å påpeike korleis dikotomien affekterer levd røyndom. Med dette in mente, vil det å nytte dei to i dialog skape ei bru mellom Said's teoretiske tilnærming og den levde røynda ein kan seie Shakar framstiller i romanane sine. Sara Ahmed appliserer det teoretiske meir eksplisitt og nyttar langt fleire dømer enn Said gjer – slik visar ho dikotomiane i aksjon. Begge er einige i at skiljelinjene ‘oss’ og ‘dei’ er unaturleg og historisk skapt – òg korleis tankesettet likevel har reelle effektar på levd liv. For Said gjeld dette for politikk, medan det for Ahmed gjeld levd liv i den moderne verda.

Ahmed og Said går vidare i dialog om den reduktive haldninga som oppstår når ein forhold seg til ‘den andre’. For orientalisten er det ingen variasjon eller mangfald i Orientens samfunn, kultur eller historie. Allereie i grunntanken er ‘den andre’ redusert til ein stereotypi. Ahmed meiner at fordi samfunnet har gjort det vanskeleg å sjå skilnad på ekte og uekte, så blir det naudsynt å redusere alle minoritetskroppar til moglege truslar. Ein reduserast for å skape ein slags tryggleik for minoriteten. Slik er Ahmed og Said einige om at denne tanken om ein ‘anna’ også inneber å redusere individ for å få dei til å passe inn i dei kategoriane som har blitt skapt.

I sjølve hovudomgrepa til Ahmed og Said, høvesvis orientering og orientalisme, er det også ein parallell. Omgrepas fellestrekk er noko Ahmed sjølv tematiserer i eit anna verk – *Queer phenomenology: orientations, objects, others*. I verkets tredje kapittel, «The Orient and Other Others» skriv Ahmed at rasisme er ein «[...] ongoing and unfinished history, which orientates bodies in specific directions, affecting how they ‘take up’ space.»<sup>127</sup> Slik kan vi beinveges augne ein parallell i tekstene, der Ahmed skriv seg inn i Said's teori om orientalisme. Dersom Said's orientalisme på sett og vis er Vestens ‘orden’, deira måte å kategorisere og å ha makt over Resten, så er Ahmeds orienteringar korleis orientalismen verkar frå dag til dag, og korleis orientalismen påverkar levde kroppar i vår tid.

#### 2.1.4. Mellomforskap, eller ikkje å høyre heime

Maïmouna Jagne-Soreau har skrive artikkelen «Att vakna upp som Suedi.» I denne artikkelen analyserer ho den svenske artisten Erik Lundins tekster ut frå eit perspektiv om det ho kallar ‘mellanförskap’. Med forankring i postkolonialistisk teori, er dette eit omgrep som er fint å nytte seg av for å skildre det som skjer når dei to kulturane og dei to ‘verdene’, som ein kan

---

<sup>127</sup> Ahmed, *Queer Phenomenology*, 2006, s. 111.

seie Orienten og Oksidenten blir framstilt som hos Said, kolliderer og møtast i ei meir multikulturell, globalisert verd.

Jagne-Soreau plasserer seg sjølv i tradisjon med Homi K. Bhabha. Ho byggar vidare på Bhabhas omgrep hybriditet, som eg vil nytte Mads B. Claudis *Litteraturteori* for å forklare. Slik for å forstå Jagne-Soreaus argument betre. For Bhabha er opplevinga av kulturmøtet mellom foreldras kultur og den nye kulturen ein «ambivalens, det vil si usikkerhet knyttet til egen kulturell identitet og tilhørighet[...].»<sup>128</sup> I Bhabhas forståing er det ein hybriditet, og ein ‘in-betweenness’ som resulterer i «mellom- eller blandingsformer [...] som hverken hører helt hjemme i den ene eller den andre kulturen, men som rommer aspekter av begge.»<sup>129</sup> Det blir likevel inkonsekvent å snakke om hybriditet for Jagne-Soreau. I motsetnad til at det er eit val, slik Bhabha legg opp til i sitt omgrep om ‘in-betweenness’ meiner Jagne-Soreau;

Som vi ser det i ‘Suedi’ är däremot tillståndet av mellanförskap inget aktivt och medvetet val, utan resultatet av att falla offer för rasism och rasifiering bland den vita majoriteten, och därtill hållas på avstånd av släkten och fysiskt jämlika på grund av kolorism och/eller kulturella skillnader.<sup>130</sup>

Opplevinga av mellomforskap er å bli oppfatta som annleis på grunn av rasistiske tendensar og kulturelle skilnadar, om det å haldast utanfor og utsett for diskriminering av ein kvite majoritet. Vidare er det andre skilnadar mellom den nye generasjonen som står i mellomforskapet og den eldre innvandragenerasjonen. Denne nye generasjonen ikkje har noko «att falla tillbaka på (inte ens i minne och nostalgi), utan är född i mellanförskap utan given möjlighet till utträde.»<sup>131</sup> Omgrepet ‘mellomforskap’ ser ut til å vere eit omgrep meint for den spesifikke «känslan och erfarenheten hos ‘blandade, adopterade och andra generationen [...]»<sup>132</sup> Slik handlar det om noko langt meir konkret, i ein spesifikk kulturell spenningssituasjon, og det blir eit omgrep som er meir spesialisert og tydeleg enn det vi kan ane at ‘in-betweenness’ har vore nytta som.

Å vere prega av mellomforskapet er for Jagne-Soreau ei kjensle «av att inte höra hemma någonstans i en blandning av utanför- och innanförskap orsakad av rasifiering och/eller kolorism [...]»<sup>133</sup> Det er ein slags limbo, der individet korkje kjenner seg heime i foreldras kultur eller i majoritetskulturen, det å vere begge deler og ingen av delane på ei og same tid. Slik blir òg mellomforskapet ein slags tilstand av å vere ein kulturell møteplass, der to kulturar treffast i eit individ. Også Daphne Arbouz gjer greie for omgrepet mellomforskap artikkelen «Vad betyder det att inte känna seg hemma där man är född och uppvuxen?» Eit av dei

---

<sup>128</sup> Claudi, “Postkolonial teori”, 2013, s. 198.

<sup>129</sup> Ibid., s. 199.

<sup>130</sup> Jagne-Soreau, «Att vakna upp som Suedi», 2019, s. 49.

<sup>131</sup> Ibid., s. 49.

<sup>132</sup> Ibid., s. 48.

<sup>133</sup> Ibid., s. 48.

viktigaste poenga hennar er nettopp den forma for limbo Jagne-Soreau skildrar, her forklart som den dissonans eit individ opplev ved «att oppfattas som invandrare i Sverige men som svensk utomlands.»<sup>134</sup>

Arbouz knyt mellomforskapet opp mot Ahmeds idé om kroppar som feilplasserte. Desse kroppane er også dei som er avgjerande for nasjonal identitet, og er med på å stadfeste den nasjonale identiteten som det motsette av dei kroppane som markerast i rørsla. Arbouz skriv;

De som betraktas som icke-hemmahörande eller ”out of place” för att använda Sara Ahmeds uttryck är dels de som står för det okända, dels de som inte anses höra hemma i den nationella gemenskapen. Samtidigt kan man säga att dessa kroppar eller ”bodies out of place” befäster gränserna för en viss nationell identitet.<sup>135</sup>

Slik får vi ei heilskapleg forståing av mellomforskap; det å stå mellom sine foreldres kultur og majoritetskulturen i landet ein bur i. Mellomforskapet tyder vidare fleire ting – å ikkje høyre heime i korkje den eine eller andre kulturen, å vere ein del av ei gruppe som blir nytta for å konstituere utanforskap, og å vere ei gruppe nytta for å stadfeste nasjonale grenser for kva kroppar som får lov til å høyre heime.

#### 2.1.5. Relevans for Shakars romanunivers

Korleis nyttar ein eit teoretisk grunnlag med sosialantropologisk forankring i ei analytisk lesing av Zeshan Shakars romanar *Tante Ulrikkes vei*, *Gul Bok*, og *De kaller meg ulven?* Kva moment frå desse teoriane lar seg nytte på dei litterære verka? Said og Ahmed peiker på dikotomiar som er historisk og samfunnsmessige skapte, men som likevel har ein effekt på levde liv. Slik kan ein nytte deira omgrep om, mellom anna, orientalisme og stoppemekanismar for å spore problematikkar som dukkar opp i kraft av at romanpersonane ikkje er etnisk, kvite nordmenn. Desse omgrepa, samt Jagne-Soreaus omgrep om mellomforskap, vil mogleggjere å sjå kva problem desse romanpersonane står ovanfor.

Det som gjer sosialantropologisk orientert teori mogleg å nytte i møte med Shakars romanunivers, er vidare at Shakar har lagt sine verk tett knytt til levd røyndom og dermed har laga høgst realistiske romanverk. Handlinga er lagt til stader vi kjenner til, med realistiske og moglege personar som lever sine liv. Det teoretiske grunnlaget som tar for seg korleis reduktiv tilnærming til ‘andre’, og korleis undertrykkingsmekanismar som påførast desse ‘andre’, vil fungere med litteratur som handsamar tematikk som rasialiseringssprossar, minoritetsliv i majoritetssamfunn og det kvardagslege liv i ein slik situasjon.

---

<sup>134</sup> Arbouz, «Vad betyder det att inte känna seg hemma där man är född och uppvuxen?», 2012, s. 40.

<sup>135</sup> Ibid., s. 39.



Å gjere ei lesing av Shakars romanunivers i lys av postkolonial teori vil vise seg gjevande. Med dette teoretiske bakteppet meiner eg at eg vil kunne spore kva for nokre fordommar, undertrykkingsmekanismar og problematikkar ein kan sjå i romanane til Zeshan Shakar. Ikkje minst vil det også vere interessant å sjå korleis romanpersonane faller midt mellom minoritet og majoritet, då alle romanpersonane står med ein fot innanfor ein foreldrekultur og ein fot i majoritetskulturen.

## 2.2. *Klasseteori ved Pierre Bourdieu*

I sitt bidrag til klassetenking har Pierre Bourdieu (f. 1930, d. 2002) særleg fokus på samanheng mellom smak, sosial tilhøyrse og makt. Omgrepa hans er særleg interessante for ei litteraturvitskapeleg analyse av klasseerfaringar. Eg skal undersøke Bourdieus konkrete omgrep, som ‘kapital’, herunder ‘språkleg kapital’, og ‘habitus’. Eg skal også sjå på Bourdieus forståing av språk som ein del av klasseorientering, og gjere greie for korleis smak *kan* vere eit teikn på klassetilhøyrse.

Bourdieu utvikla sine omgrep frå ein konkret fransk tradisjon og eit fransk samfunn. Det forhindrar ikkje hans analyser frå å vere relevante for å forstå andre samfunn. Bourdieu påpeiker sjølv at studien hans av det franske samfunnet er eit «spesialtilfelle av det mulige[,]»<sup>136</sup> og at strukturane og omgrepa derfor kan nyttast i andre samanhengar.<sup>137</sup> Modellane Bourdieu utviklar gjennom si forskning, meiner han, hjelper å sjå dei faktiske skilnadane betre. Bourdieus klasseforståing og omgrep kan dermed nyttast på tvers av disiplinar. På same måte som Sara Ahmed lar det partikulære vere ein tendens for det universale, gjer også Bourdieu det. Også fordi Bourdieu går vekk frå det reint pengemessige og økonomiske, og ser på kultur og andre samfunnsmessige strukturar, meiner eg det er ein teori som lett kan nyttast i dialog med den postkoloniale teorien.

### 2.2.1. *Klassens ulike utgangspunkt*

For Bourdieu er spørsmål om klasse eit spørsmål som strekk seg lenger enn den klassiske økonomiske forståinga av klasse, slik vi kjenner ho frå mellom anna Karl Marx og Max Weber. Bourdieu analyserer det han kallar ‘det sosiale rom’ der eins posisjon avhenger av ulike formar for ‘kapital’ og ‘habitus’, omgrep eg seinare skal definere. Har ein, til dømes, rikeleg med sosiale nettverk, er pengesterk eller godt integrert, vil ein med ein gong oppnå privilegium i det

---

<sup>136</sup> Bourdieu, *Distinksjonen*, 1995, s. 30.

<sup>137</sup> Bourdieu, *Distinksjonen*, 1995, s. 30,31.

sosiale rom andre går glipp av. Med ideen om det sosiale rommet skil Bourdieu seg frå tidlegare klasseteori, fordi han ikkje tenkar at klassar eksisterer i rein form. Bourdieu skriv: «Det som finnes er et sosialt rom, et rom av forskjeller, og i dette rommet finnes klassene i en slags virtuell tilstand, som en samling av punkter [...]»<sup>138</sup> Eins posisjon i det sosiale rommet er eit ‘standpunkt’, og kapital er valutaen ein nyttar for å sikre eller forbetre sin posisjon.

### 2.2.1.1. Økonomisk, kulturell og sosial kapital

Bourdieu meiner det er umogleg å undersøke og forstå strukturane i samfunnet utan å implementere kapital som eit breiare omgrep enn me tidlegare har forstått det som.<sup>139</sup> Omgrepet kapital referer til ressursar og kjelde til innflyting og makt som ein strever etter å få tak i.<sup>140</sup> I «The Forms of Capital» (2002) gjer Bourdieu greie for økonomisk, kulturell, og sosial kapital, og det er desse tre han ser på som dei tre hovudformene for kapital. Økonomisk kapital er den reint pengemessige. Denne meiner Bourdieu er institusjonalisert gjennom, mellom anna, eigedomsrett.<sup>141</sup> Her er det snakk om materiell rikdom, den forma for kapital som er lettast å direkte omsette i pengar. Men, som det er viktig å poengtere, dei resterande formane for kapital *kan* resultere i auka økonomisk kapital.<sup>142</sup> Økonomisk kapital kan me, mellom anna, spore i det materielle Shakars romanpersonar har tilgang til og det dei faktisk kjøper: «Jeg har airpods med støydemping,»<sup>143</sup> fortel det unamngjevne eg-et i *De kaller meg ulven* og avslører med eitt noko av sin økonomiske kapital. Han har kjøpt dei nyaste (les: dyraste) airpods med støydemping.

Omgrepet kulturell kapital blei utvikla av Bourdieu først for å forklare korleis barn og unge i nokre sosiale grupper klarte seg betre i utdanningssystemet enn barn og unge frå andre sosiale grupper.<sup>144</sup> Derek Robbins forklarar i *Bourdieu & Culture* (2000) at Bourdieu med dette omgrepet gjer det tydeleg at nokre disposisjonar er nedarva, og ikkje utelukkande sosialt konstruert.<sup>145</sup> I tillegg til at den opparbeidast gjennom skulesystemet, er kulturell kapital noko foreldra våre bidrar med. Skilnadar mellom barn og unge i skulen kan, i følgje Bourdieu, skuldast at nokre familiar har betre ressursar for å vidareføre kulturell kapital til sine barn.<sup>146</sup> Dette kan gjerast ved leksehjelp eller høve til å delta på kulturelle arrangement. Hovudsakleg produserast og reproduserast likevel kulturell kapital i utdanningssystemet. Den sjølv lærde,

---

<sup>138</sup> Ibid., s. 42.

<sup>139</sup> Bourdieu, «The Forms of Capital», 2002, s. 280.

<sup>140</sup> Wilken, *Bourdieu for begyndere*, 2011, s. 58.

<sup>141</sup> Bourdieu, «The Forms of Capital», 2002, s. 281.

<sup>142</sup> Ibid., s. 280,281.

<sup>143</sup> Shakar, *De kaller meg ulven*, 2022, s. 21

<sup>144</sup> Wilken, *Bourdieu for begyndere*, 2011, s. 59.

<sup>145</sup> Robbins, *Bourdieu & Culture*, 2000, s. 34.

<sup>146</sup> Bourdieu, «The forms of Capital», 2002, s. 284.

som står utanfor systemet, avslørast ved at deira verdsforståing og 'kategoriseringar' blir oppfatta som tilfeldig. Bourdieu skriv;

Manglene, hullene, de tilfeldige klassifiseringene i de selvlærtes kultur eksisterer bare i forhold til en skolemessig kultur som klarer å skjule det tilfeldige i sine klassifiseringer, og som har myndighet til å få anerkjennelse til og med for sine huller.<sup>147</sup>

For Bourdieu finns det ein motsetnad mellom sjølvlærd/skulelærd. Begge gruppene har kunnskap av arbitrær natur, men fordi den skulelærde får definisjonsmakt, stillar hen seg hierarkisk over den sjølvlærde. Dette påpeiker Bourdieu då han meiner høgare utdanning gjev høgare grad av tillit, og ein vil ta for gjeve at ein med høgare rang har meir kunnskap enn andre.<sup>148</sup> Kulturell kapital målast mellom anna i korleis ein presterer i utdanningssystemet. Dette vil vere mogleg å spore i Shakars romanar som ulikskap mellom personar og deira framtid og jobbhøve, eller i kva disposisjonar personane tar med seg heimanfrå. I *Tante Ulrikkes vei* kan ein mellom anna spore ein av hovudpersonanes kulturelle kapital ved at han går i 'den vanlege' norskklassen, i staden for norsk 2 med dei andre frå innvandrarfamiliar.<sup>149</sup> Hans kulturelle kapital tilseier altså at han har gjort det godt på skulen, og gjer det godt i norsktimane.

Den tredje hovudforma for kapital er sosial kapital, som handlar om sosiale nettverk og samband. Lisanne Wilken påpeiker at dette er eit omgrep Bourdieu nyttar for å diskutere «[...] hvordan medlemmer af bestemte professioner sikrer deres egne (og deres børns) positioner gennem investeringer i sociale netværk [...]»<sup>150</sup> Den sosiale kapitalen eit individ har vil sikre dei ein viss legitimitet, som igjen gjev rett til ein slags kreditt til å nytte i den sosiale verd.<sup>151</sup> Ved å ha gode sosiale nettverk vil ein sikre seg posisjonar og tilgang til dei øvrige kapitalane ved hjelp av andre. Dette er vidare ein skeivfordelt kapital fordi ikkje alle har same sjanse til å opparbeide seg sosiale nettverk. Relasjonane gjer vidare krav på vedlikehald, noko som vil skape ytterlegare ulikskap i den grad menneske har ulik tilgang til sosiale nettverk, og ulik moglegskap til vedlikehald. Slik vil sosial kapital vere eit analyseverktøy for å sjå kva nettverk romanpersonane har tileigna seg, og korleis dei i stor grad kan arvast frå familiære relasjonar. I tillegg vil det vere mogleg å undersøke om dei som ikkje 'arvar' nettverk har andre utfordringar enn dei romanpersonane som entrar det sosiale rommet med eksisterande nettverk. Dersom det å ha nettverk gjev deg lettare tilgang på å klatre i rangstigen, viser hovudpersonen i *Gul bok* lesaren eit tilfelle der det å mangle sosialt nettverk gjer det vanskelegare. Då hovudpersonen i romanens opning søker jobbar utan eit eksisterande sosialt nettverk, går det

---

<sup>147</sup> Bourdieu, *Distinksjonen*, 1995, s. 143,146.

<sup>148</sup> Ibid., s. 143.

<sup>149</sup> Shakar, *Tante Ulrikkes vei*, 2017, s. 22.

<sup>150</sup> Wilken, *Bourdieu for begyndere*, 2011, s. 61,62.

<sup>151</sup> Bourdieu, «The Forms of Capital», 2002, s. 286.

treigt. Med ein gong hovudpersonen endeleg sikrar seg stabil jobb, tileignar han seg eit nettverk i form av sjefer og kollegaer – som kan gjere vegen mot ei forfremming lettare.

#### 2.2.1.2. Språk

Bourdieu opererer altså med tre hovudformer for kapital. Likevel gjer han tidvis greie for andre formar for kapital. Ein av desse er språkleg kapital, som han lenge har knytt til kulturell kapital. Dette er ei samankopling han gjer fordi han meiner språkleg dugleik kan gjeve auka kulturell kapital.<sup>152</sup> Dermed framstår omgrepet om språkleg kapital som ein underkategori av kulturell kapital. For Bourdieu er ikkje språk berre eit medium for kommunikasjon. Heller er det eit medium for å tyde og tilarbeide komplekse strukturar. Når det kjem til språket og den språklege kapital er ein avhengig av det språk ein arvar frå familien, samt kompleksiteten i det lærte språket frå ung alder av.<sup>153</sup> Språket blir slik eit medium for å forstå verda på, og er avhengig av disposisjonane ein er utstyrt med. Vidare er eit lands offisielle språk tett knytt til staten, og konstituerer dermed ein norm for all lingvistisk praksis.<sup>154</sup> Sjølv om Noreg har tradisjon for å praktisere fleire variasjonar av språkleg praksis, er det enno krav til skriftleg, språkleg kompetanse i utdanningssystema våre. Språkleg kapital er tett knytt til utdanningssystemet, slik kulturell kapital som overordna kategori òg var.. «The educational system [...] no doubt directly helped devalue popular modes of expression, dismissing them as ‘slang’ and ‘gibberish’ [...]»<sup>155</sup> Utdanningssystemet er altså med på å etablere ein ‘legitim’ måte å nytte språket på.<sup>156</sup> Alle ytringar vil bli vurdert ut frå dei gjevne normene, og knytast opp til ein posisjon i det sosiale rom. Andre måtar å formulere seg på vil bli forkasta som slang, dårleg norsk, som til dømes ‘kebabnorsk’.<sup>157</sup>

Med eit romanunivers konsentrert rundt eit minoritetsmiljø i Oslo, blir språk ein viktig dimensjon hos Shakar. Måten ein uttrykkar seg på kan vere avslørande for posisjonen ein har og å sjå på språket gjer det vidare mogleg å undersøke korleis språkleg makt produserast og reproduserast. Eg vil òg undersøke korleis språk, som tidvis er sterkt påverka av sosiolektar, i Shakars romanar omsettast til kulturell kapital, som igjen vil påverke dei øvrige formane for kapital.

---

<sup>152</sup> Wilken, *Bourdieu for begyndere*, 2011, s. 108.

<sup>153</sup> Bourdieu, *Reproduction in Education, Society and Culture*, 1977, s. 73.

<sup>154</sup> Bourdieu, *Language & Symbolic Power*, 1991, s. 45.

<sup>155</sup> *Ibid.*, s. 49.

<sup>156</sup> *Ibid.*, s. 53.

<sup>157</sup> Eg nyttar i dette tilfellet omgrepet ‘kebabnorsk’, fordi det er det ein ser i populærkulturen. Dette er likevel eit omgrep som burde problematiserast, då det av mange opplevast krenkande. Vidare i oppgåva mi nyttar eg omgrepet ‘multietnolekt’ som eit meir passande og akademisk omgrep. ‘Kebabnorsk’ nyttast i denne samanhengen for å vise korleis denne typen språkbruk blir sett ned på når ein vurderer språkleg praksis.

### 2.2.2. Habitus

Eit av Bourdieus mest kjente omgrep er ‘habitus’, som han har utvikla over fleire verker. Fordi habitus dreier seg om ein predisponert, arva posisjon i samfunnet, som eg skal vise i utgreiinga av omgrepet, meiner eg det er eit relevant omgrep å nytte i møte med ei lesing av klasse- og minoritetserfaringar i romanuniverset til Shakar. Sjølv om Bourdieu i størst grad ser ut til å nytte det på å forstå kapitalane og smaksdanning, meiner eg også at habitus kan seie noko om minoritetserfaringane til romanpersonane.

Habitus er eit produkt av sosialisering, og avgjer kva disposisjonar ein er utstyrt med i det sosiale rommet.<sup>158</sup> Den er kroppsleg forankra, og nedfelt i «de mest tilsynelatende mest ubetydelige kroppsteknikker: håndbevegelser eller ganglag, måter å sette seg eller pusse nesen på, munnens bevegelser når en spiser eller når en snakker.»<sup>159</sup> I tillegg til å påverke vanane våre, påverkar habitus livsstilen vår. I eit døme i *Distinksjonen: en sosiologisk kritikk av dømmekraften* (1995) påpeiker Bourdieu korleis ein bonvivant<sup>160</sup> ikkje berre er i stand til å ete og drikke godt, men også oppmuntrast til å leve slik av maktpersonar og samfunnet.<sup>161</sup> Livsvilkåra knytt til klassene produserer habitus, som ein ‘strukturierende struktur’ – ein måte å organisere og regulere på utan at det dreier seg om lydnad til regler.<sup>162</sup> Slik utstyrer habitus menneske med måtar å oppfatte, forstå og handle i gjevne situasjonar, samtidig som det blir ein sjølvstadfestande prosess. Bourdieu nyttar omgrepet tidvis synonymt med smak, men det dreier seg hovudsakleg om eit reiskap for å forklare korleis ein tileignar seg disposisjonar, vanar og handlingar. Habitus er eit omgrep som gjev oss høve til å sjå på familie og nedarva disposisjonar i Shakars romanar. Det er eit samansett omgrep, som handsamar både *arv* og *miljø*. Habitus gjev oss reiskapen til å sjå kapital, smak, språk og generell livsutfaldingar under ei og same linse. Samstundes gjev omgrepet oss høvet til å undersøke korleis sosialisering påverkar og skapar kroppsleg forankring gjennom livserfaringar.

I det dels sjølvbiografiske verket *Sketch for a self-analysis* (2007), vidareutvikla Bourdieu eit omgrep om eit ‘splitta habitus’. Den splitta habitusen er ein habitus skapt som eit resultat av motstridande sosiale erfaringar og forventingar.<sup>163</sup> Ein splitta habitus er i konstant

---

<sup>158</sup> Wilken, *Bourdieu for begyndere*, 2011, s. 47.

<sup>159</sup> Bourdieu, *Distinksjonen*, 1995, s. 217.

<sup>160</sup> ‘Bonvivant’ er definert av *Det Norske Akademis ordbok* som «person som lever (spiser og drikker) godt og flott; levemann». s.v. ‘Bonvivant’, 08.05.2024. <https://naob.no/ordbok/bonvivant>

<sup>161</sup> Bourdieu, *Distinction*, 1984, s. 179.

<sup>162</sup> Bourdieu, *The Logic of Practice*, 1990, s. 53.

<sup>163</sup> Bourdieu, *Sketch for a Self-analysis*, 2007, s. 100.

forhandling med seg sjølv og ambivalensen – og vil føre til ‘multiple identities’.<sup>164</sup> Omgrepet om ein splitta habitus er ein parallell til omgrepet ‘mellomforskap’ i postkolonial teori. Ein splitta habitus kan til dømes føre til uvisse om eigen identitet eller at ein skiftar framtoning i ulike grupper. Om ein skal sjå etter splitta habitus i Shakars romanunivers, kan den til dømes oppstå som ein konsekvens av familiens og samfunnets motstridande forventingar, eller som møter mellom ulike kulturar. Som eit resultat av desse situasjonane oppstår det ulike identitetar, som ein er nøydd til å nytte seg av i møte med ulike grupper.

### 2.2.3. Smak

I *Distinksjonen* er det særleg smak og korleis det speglar og konstituerer klasser som er i fokus. For Bourdieu endrar smak seg etter habitus, og er ein vesentleg del av klassespeglingsle. Bourdieu skriv: «Til enhver klasse av posisjoner svarer det en type habitus (eller en type smak), som er frembrakt av den sosiale betingelsen som knytter seg til de tilsvarende betingelsene.»<sup>165</sup> For dei folkelege laga, som Bourdieu kallar den lågare økonomiske klassen, er det heller snakk om eit sagn etter det naudsynte. På grunn av dette utviklar lågare økonomiske klassar ein smak for det naudsynte, framfor det overfløydige.<sup>166</sup> Smak blir ein disposisjon som differensierer, som etablerer eller markerer skilnadar.<sup>167</sup> Dermed blir smaken ein ‘sosial stedsans’, som orienterer ein til dei posisjonane ein har eigenskapane for i det sosiale rommet.<sup>168</sup> Bourdieu meiner mellom anna at ulikskap openberrar seg mellom anna i smaken: det vere i interiøret ein har, kva mat ein føretrekk og korleis ein kler seg. Dette er element som blir skildra i realistiske romanunivers, også hos Shakar, og kan dermed gjeve oss ekstra reiskap for å forstå klassespelet i romanane til Zeshan Shakar. I dei små detaljane, det partikulære, finns det eit hav av informasjon. Ved å sjå korleis til dømes den kjøpeevna romanpersonane har, kan ein dermed spore viktig informasjon om personens posisjon i det sosiale rommet.

For å kunne nytte Bourdieus forståing av smak, meiner eg at ein må forstå det meir synonymt med kjøpeevne. Det er lite som tyder på at folk frå lågare økonomiske klassar ikkje kan *ynskje seg*, og dermed ha ein smak for, dei dyrare, unødvendige tinga – som Porsche eller Rolex-klokker. Dei vil likevel ikkje ha kjøpeevne, eller høve, til å skaffe seg dette på grunn av sin samfunnsklasse og økonomi, og slik sett heller ikkje ha smak for det.

---

<sup>164</sup> Bourdieu, *The weight of the World*, 1999, s. 511.

<sup>165</sup> Bourdieu, *Distinksjonen*, 1995, s. 36.

<sup>166</sup> *Ibid.*, s. 186.

<sup>167</sup> *Ibid.*, s. 217.

<sup>168</sup> *Ibid.*, s. 218.

### 3.0. *Tante Ulrikkes vei*

*Det gjelder forskningsprosjektet vi snakket om på Stovner Senter, der vi gjennom deres egne beretninger skal kartlegge hverdagen til ungdom med minoritetsbakgrunn i Groruddalen. **Jeg minner om at alle som deltar, er med i trekningen av en Scott terrengsykkel til en verdi av 10 000 kr og et reisegavekort til samme verdi. Husk også at du ikke trenger å skrive om du ikke vil.***<sup>169</sup>

*Tante Ulrikkes vei* opnar med denne e-posten frå Lars Bakken, ein seniorforskar ved Velferdsforskningsinstituttet NOVA. Slik føres romanen vidare som ein slags moderne brevroman; i korrespondanseutvekslingar i form av e-postar og lydopptak. Hovudpersonane Mohammad og Jamal deltar i dette forskingsprosjektet over fem år. Mohammad, som føretrekk kallenamnet Mo, og Jamal er to ungdommar frå Groruddalen i Oslo. Begge er norskfødde, frå same gate og med foreldre som har innvandrarbakgrunn. Dei står midt mellom foreldras kultur og storsamfunnets kultur, i bryting mellom ungdom og vaksenliv. På papiret har dei mykje til felles, men er like mykje to unike individ på veg inn i vaksenlivet.

I *Tante Ulrikkes vei* er det spørsmål om stoppemekanismar og ein ‘oss’/‘dei’-tankegang, i tillegg til Bourdieus klasseperspektiv, som vekker særleg interesse. Med utgangspunkt i teorigrunnlaget og den overordna problemstillinga, blir forskingsspørsmåla for denne romanen:

- (1) På kva måte skildrar *Tante Ulrikkes vei* stoppemekanismar? Kva konsekvens har desse over tid?
- (2) Korleis lar romanen livsutfaldinga til Mo og Jamal bli påverka av deira respektive kapital?
- (3) Kva rolle spelar språket for Mo og Jamals moglegskapar?

I *Tante Ulrikkes vei* meiner eg at ein vil sjå at stoppemekanismane, anten dei er ytre eller indre, har konsekvensar for Mo og Jamals livsutfalding og reaksjonsmønster. Vidare meiner eg at gutanes utgangspunkt og moglegskapar i stor grad er styrt av dei kapitalane dei er utstyrt med heimanfrå, og at ein derfor ser store skilnadar i dei to gutane medan dei blir eldre. Språket har dessutan ein ringverknad på kva moglegskapar dei to gutane har; deira kulturelle kapital blir påverka av deira språklege kapasitet.

#### 3.1. *Å streve eller å kritisere*

Mo og Jamal ser i brorparten av romanen ut til å vere rake motsettingar i spørsmålet om ein skal streve etter aksept og gli inn i sine omstende, eller velje å kritisere det dei forstår som eit majoritetsorientert samfunn. Medan Mo gjer det han kan for å *vere som dei andre*, kritiserer

---

<sup>169</sup> Shakar, *Tante Ulrikkes vei*, 2017, s. 5.

Jamal alle han opplever som ein del av den kvite majoritet. Jamal representerer slik ei motvekt til Mos ynskje om å tilpasse seg. Slik kan ein også plassere dei to gutane på kvar si side av ‘oss’/‘dei’-motsettingane orientalismen har lagt opp til. Ein av gutane strever etter å gli nærast usynleg inn i ‘oss’ kategorien, medan den andre gjer sitt for å markere seg som ein del av ‘dei’. På trass av at Mo strever etter å bli akseptert som ein del av ‘oss’, er han likevel ikkje immun for å bli utsett for eksterne stoppemekanismar, som vi seinare skal sjå.

Jamal er eksplisitt i sin kritikk av majoritetssamfunnet. Han ser ut til å ha funne ei slags ro i å markere eit skilje mellom seg og sine og det han ser som den kvite majoritet. Allereie i det første lydopptaket uttrykker Jamal seg langs denne skiljelinja: «Liksom, vi alle er svartinger på en hvit land, skjønner du?»<sup>170</sup> Han står støtt i kontrast til majoriteten, og påpeiker dette sjølv. Slik får han også enorm lojalitet til det han ser som si gruppe, samstundes som han kjenner seg svikta av majoritetssamfunnet Noreg. Ved innkalling til sesjon til militæret, reagerer Jamal med å blånekte: «Og nå jeg skal gå på militæret og hjelpe Norge? [...] Så mange her på Norge liker ikke trynet mitt engang ... Nei ass. Om jeg skal gå på krig, jeg skal gå på krig for Stovner og T.U.V [*Tante Ulrikkes vei*], da skal jeg krige som faen.»<sup>171</sup> Jamal kjenner seg utstøytt frå majoritetssamfunnet, og utviklar sterk identitet med nærmiljøet og minoritetsmiljøet. Det å ha sterk identitet med dei andre ‘svartingane’ framstår som ein viktig attributt for Jamal, og han kritiserer andre for å ha blitt ‘kvitifisert’. Då ei jente frå Stovner avvik frå hans forventingar til korleis ei Stovner-jente skal vere, og ho framstår som majoritetsorientert, smeller han frå seg: «‘Gå da, fittekjerring. Gå til dem nye potetvenna dine a. Gå og stem på FrP du.’»<sup>172</sup> Ved avvik frå hans forventingar til dei i nærmiljøet reagerer Jamal i sterke negative ordelag, og han opplever det som om dei ‘skifter side’. Jamal lar tidlegare erfaringar farge korleis han møter situasjonar med dei han oppfattar som ein del av ‘oss’-kategorien. Då veslebroren står i ein vanskeleg posisjon på skulen på grunn av manglande matpakker og oppfølging heimanfrå, blir Jamals varsellamper skrudd på: «Jeg starta å tenke sånn, skal dere fucke med han også, sånn som med meg [...]»<sup>173</sup>

Over tid utviklar Jamal eit ‘oss’/‘dei’-vokabular. Dette gjeld i dei små, så vel som dei store problema. Mellom anna synleggjer det seg i eit opptak til Bakken, sendt i jula: «Digg med ribbe eller? Og akevitt? Er det ikke det dere spiser på jula?»<sup>174</sup> Igjen uttrykker Jamal seg i eit vokabular sterkt prega av ein ‘oss’/‘dei’-tankegang. Denne haldninga viser seg òg då han blir

---

<sup>170</sup> Ibid., s. 17.

<sup>171</sup> Ibid., s. 158.

<sup>172</sup> Ibid., s. 47.

<sup>173</sup> Ibid., s. 142.

<sup>174</sup> Ibid., s. 292.



nekta inngang til ein utestad, og opplever dette som rasistisk motivert: «‘Dem er rasiststed. Norske kompisen min får gå inn, og jeg får ikke gå inn. Det er rasisme, ikke sant?!’»<sup>175</sup> I det store og heile ser vi at Jamal har låg terskel for å seie ifrå om det han opplever som rasistiske tendensar. Dette er noko han opplever å ha blitt utsett for gjennom heile sitt liv, og som kulminerer mot romanens slutt. Då blir Jamal nytta som eit slags våpen i ein innvandringskritisk debatt. Etter å ha slutta i skulen, slitt med å finne stabilt arbeid, ender Jamal opp i ein moské på Grønland i Oslo. Her blir han meir og meir involvert på lovnad om eit program for privat utdanning,<sup>176</sup> men ender opp med å vere med på å organisere eit seminar som blir ‘avslørt’ for å skulle huse ein imam kjent innanfor ekstremistkretsar i Storbritannia.<sup>177</sup> Då journalistar møter opp utanfor moskeen for å lage sakar, møtast dei av ein Jamal som agerer i affekt. Han pressast til å svare på klagemålet, og smeller frå seg; «‘Fuck dere’, sa Jamal og ga dem fingern. Blitsen gikk av.»<sup>178</sup> I kjølvatnet av hendinga skriv Jamal ein kronikk, ved hjelp av den meir skrivekyndige Mo, utan at det betrar situasjonen. Summen er at Jamal blir eit offentleg bilete i avisa som innvandrarkritiske debattantar kan nytte i sin favør. I avisartikkelen ‘Radikal Stovner-moské gir penger til ungdom i risikozonen’ nyttast eit bilete av Jamal: «[...] som viste fingeren til Norge.»<sup>179</sup> Med eit slik avisoppslag, kategoriserast Jamal som ein del av den negative minoritet. Slik mister Jamal sjansen til å passe inn i samfunnet, og mistar med det same siste sjanse for å fullføre utdanninga si. Etter dette framstår han som ein person som alltid vil stå på utsida av majoritetssamfunnet. Han har kritisert majoritetssamfunnet og ‘potetene’. Ytterlegare blir han identifisert som ‘den dårlege minoriteten’ ved å bli eit bilete nytta i innvandringskritisk debatt. Ein kan også mistenke at for ein allereie utsett ungdom, som han kan reknast for å vere, nører dette opp under aggresjonen han tidlegare har kjent på. Å bli enno meir stigmatisert og offer for det offentlege ordskiftet kan langsiktig hindre ei forsoning for Jamals djuptgåande ‘oss’/‘dei’-tankegang.

Der Jamal er opptatt av å stå som ei motsetting til majoriteten, har Mo i større grad eit ynskje om å passe inn. Sjølv om han syns det er flaut å innrømme ovanfor Bakken, drøymde han alltid om «[j]enter. Ikke jenter fra Stovner, men sånne norske jenter nede i byen på sommeren. Dødspene, selvfølgelig. Jeg har penger. Jeg har en bra jobb og går i dress.»<sup>180</sup> Mo drøymmer seg stadig vekk frå Stovner, og då spesielt blokk-Stovner. Der Jamal er kritisk til den

---

<sup>175</sup> Ibid.,s. 185.

<sup>176</sup> Ibid., s. 346.

<sup>177</sup> Ibid., s. 388.

<sup>178</sup> Ibid., s. 389.

<sup>179</sup> Ibid., s. 393.

<sup>180</sup> Ibid., s. 21.

kvite majoritet, er Mo i større grad kritisk til sine medelever og innbyggerane i blokk-Stovner.

Det er også viktig for han å heve seg over dei rundt han:

Jeg leser skolebøker i et tempo ingen andre i Tante Ulrikkes vei er i nærheten av, jeg gjør lekser ingen andre gidder å gjøre, og jeg pugger til prøver som om det står om livet, for det er liksom det jeg veit om for å komme meg ut fra skogen på Stovner.<sup>181</sup>

Mo skjærer medelevane sine over same kam, og reknar dei for dårlegare enn han sjølv. Skulen framstår samstundes som Mos einaste livline ut av Stovner. Ynsket etter å markere eit skilje mellom seg og dei han elles blir gruppert saman med, ser ut til å vere noko han kan ha arva frå faren. I alle fall er dei begge representantar for ei slik trong. I kjølvatnet av opprøret i forstads-Paris i 2005, i områder med høg andel arbeidsløyse og minoritetsbefolkning, blir Mo og farens TV fylt med bilete av eit Paris i flammer. Mo fortel: «Faren min snerrer irritert til tv-en hver gang bilder fra Paris dukker opp. ‘Se på de idiotene der. Hva skal det der hjelpe mot? Ødelegge sitt eget borettslag?’»<sup>182</sup> Her er det, like mykje som vi ser ein usemje i korleis ein handterer slike hendingar, mogleg å spore at det for faren til Mo er viktig å skape avstand frå dei som vanlegvis ville blitt plassert i same kategori som han sjølv. Vidare ser ein at Mo tar val som gjer det lettare for han å ‘passere’ som ein del av majoritetsbefolkninga. At han gjev seg sjølv kallenamnet Mo er eit slik val. Heile familien har fått tradisjonelle muslimske namn. Mo nektar å nytte sitt, og er kritisk til at foreldra i det heile har valt desse namna:

Asma, Ayan og Mohammed. Jeg skjønner ikke hva de tenkte på, egentlig, foreldrene mine. Det er tradisjon å kalle den førstefødte Mohammed, og Profeten er alle muslimers forbilde, og spesielt moren min ville veldig gjerne at jeg skulle få det navnet, men de som er så opptatt av at jeg skal komme ut herfra og få en fin jobb og alt det der, jeg skjønner ikke hvorfor de ga meg det navnet da.<sup>183</sup>

Mo er openbart klar over ulempa eit slik namn inneber og han vel å gjeve seg eit kallenamn som vil maskere hans tilhørsle i større grad. Han skuldar foreldra for, på trass av konsekvensane, å gjeve han eit namn som ville gjeve han eit ugunstig utgangspunkt.

Nettopp fordi Mo er eit skulelys er det utdanninga som blir hans livline ut av drabantbyen. Han gjer det godt på skulen, og får plass ved Universitetet i Oslo med eit ekstrastipend. Derfor får han òg ufrivillig rolle som representant for Stovner. Dette er noko Jamal kommenterer då dei to møtast: «‘Du representerer, mann!’»<sup>184</sup> Eit liknande fråsegn kjem frå rektor på den vidaregåande skulen han har gått på, og under vitnemålsutdelinga kommenterer rektoren: «‘Han viser hva vi kan få til, ikke sant, også med den elevgruppa vi har

---

<sup>181</sup> Ibid., s. 23.

<sup>182</sup> Ibid., s. 351.

<sup>183</sup> Ibid., s. 7,8.

<sup>184</sup> Ibid., s. 177.

hatt her nå.’ [...] ‘Men deres sønn, altså, han er noe for seg selv.’»<sup>185</sup> På grunn av hans evne til å gjere det bra på skulen blir Mo gjort til ein representant for ‘den gode innvandrer’, på trass av at han er fødd i Noreg, på grunn av hans evne til å gjere det bra på skulen. Då statsministeren kjem til Stovner for å tenne verdas største lampe,<sup>186</sup> er det Mo, for *ein gangs* skuld adressert som Mohammed, han vil møte.<sup>187</sup> Ved å nytte Mos fulle namn, lar statsministeren Mo stå som ein representant for kva ‘innvandarmiljøa’ kan få til – «Han sa jeg var undervurdert og ofte stigmatisert, men at jeg ikke skulle tro på det. For jeg var sulten, og jeg var sterk, jeg trengte bare plassen til å vise det fram.»<sup>188</sup> Dette står i kontrast til at Jamal som nyttast som døme, og nærast som eit våpen, i ein innvandringskritisk debatt.

Ved å kome seg opp og ut av drabantbyen, oppnår Mo sin andre draum – han får ein etnisk, kvit kjærast. Maria er frå dei finare stadene i Oslo, villastrøket Lofthus.<sup>189</sup> Då dei møtast er ikkje Mo ærleg om kvar han er frå. Han unnlèt å seie at han er frå Stovner, i frykt for at det skal avsløre han ovanfor ho.<sup>190</sup> Tidleg i forholdet deira er det viktig for Mo å skulle blende inn som ein del av majoriteten. Ei hending der denne trongen blir synleg er då Mo og Maria er på handletur i Bogstadveien for at Maria skal handle julegåver. Då han fortel Bakken om dette, vedgår han at han ikkje «sa [...] noe om alle [*gavene*] jeg slapp å kjøpe.»<sup>191</sup> Å skulle fortelje dette til Maria, jenta han har drøymd om sida han var liten, ville avslørt han som ein del av minoritetsungdommen frå Stovner. Med norsk kjærast, og studieplass på Blindern i Oslo, er Mo endeleg «[I]ike langt unna alt jeg kjenner, som jeg håpa på.»<sup>192</sup>

Fordi Mo og Jamal kvar for seg sender bidraga om korleis dei opplev kvardagen i Groruddalen til forskaren ved NOVA, opnar det seg eit høve for å sjå korleis dei reagerer på dei same hendingane. Då Tante Ulrikkes vei skal pussast opp reagerer dei ulikt. Blokkane malast frå rosa-aktig til kvit, og utearealet får ein oppgradering.<sup>193</sup> I reaksjonen ser vi mellom anna Jamals tilhøyrse til minoritetsgruppene på Stovner, og vi ser Mos strev etter å vere likare fiffen i sentrum. Mo kommenterer oppussingane i positivt ordelag:

Malingen i Groruddalspakka kom med vårsola. [...] Nå er blokka gått fra å være lakserosa til å bli hvit. Det tok en stund før jeg ble vant til den, som om en pent kledd fremmed står og venter når jeg kommer hjem på kvelden. [...] Men jeg liker den sånn. Den og hele Tante Ulrikkes vei.

---

<sup>185</sup> Ibid., s. 151.

<sup>186</sup> Ibid., s. 164.

<sup>187</sup> Ibid., s. 156.

<sup>188</sup> Ibid., s. 166.

<sup>189</sup> Ibid., s. 218.

<sup>190</sup> Ibid., s. 216.

<sup>191</sup> Ibid., s. 221.

<sup>192</sup> Ibid., s. 173.

<sup>193</sup> Ibid., s. 235.

Den strekker på seg, som om den våkner fra en lang ettermiddagslur og endelig kommer seg opp av senga.<sup>194</sup>

Her er det ein person som ynskjer endring velkommen, spesielt endringar som for andre får drabantbyen til å likne meir 'den andre'. Det er for Mo ei etterlengta endring, og fell i god jord hos han. For Jamal er heller maleprosessen av Tante Ulrikkes vei, T.U.V, ein framandgjerande prosess:

Jeg sier til deg ass, Nova-mann, ting er ikke samma mere ass. Hør a, dem maler blokkene her på T.U.V. hvit nå. Liksom, hvorfor gjør dem sånn? [...] Men nå, nei ass. Nå jeg kommer her og bare, hva faen, har jeg gått på feil sted elle? Liksom, det ser ikke ut som T.U.V. mere. Også det er litt sånn. Dem blokkene pleide å være *så* ghetto, skjønner du hva jeg mener? [...] og egentlig det var fett, skjønner du, fordi liksom, å være ghetto er greia vår, og da jeg kan si sånn, vi er en av dem heftigste ghattostedene i Oslo, men nå, det går ikke like mye å si det. Nå, blokkene er helt hvit og ser helt ny ut og sånn, nesten som andre steder på byen.<sup>195</sup>

Jamal føler ikkje lenger at blokkene er heime. Med nymalne blokker, eksisterer ikkje den sterke kontrasten han har ynskja å oppretthalde ovanfor majoritetsbefolkninga. Det er openbart ikkje ein positiv attributt for Jamal at hans bustad no ser ut som stedane prega av kvit majoritetsbefolkning. For Jamal er det *viktig* og *riktig* å skilje seg ut frå 'potetane'. Med oppussinga forsvinn nokre av kontrastane Jamal så ivrig har bygd sin identitet rundt, og det vekkast negative assosiasjonar til sjølve endringa.

Ei anna hending der me ser to ulike reaksjonar er då Mo og Jamal skildrar eit drap som finn stad i Tante Ulrikkes vei. Farah, også busett i blokk-gata, blir drepen som ein konsekvens av kven ho er saman med. Mo er først til å fortelje

Hun som ble skutt, var Farah. Han som skjød, var broren hennes. Skuddet var mot tinningen, på kloss hold. [...] En 17-åring som var sammen med en familien mislikte. En familie som ikke respekterte det, og en bror som til slutt skjød henne.<sup>196</sup>

Det blir fort ei fordømmende tone å spore hos Mo. «Jeg forsvarer dem ikke. Virkelig. Jeg mener, hva slags familie dreper barna sine? Hvem skyter sin egen søster? Som om jeg skulle skutt Asma. Det er sykt.»<sup>197</sup> Den same haldninga kan vi spore hos faren, som kallar Farahs familie «forbanna gærninger.»<sup>198</sup> Med eitt blir det viktig for Mo å markere avstand frå hendinga og fordømme den ovanfor Lars Bakken. På ingen måte vil Mo assosierast med denne handlinga, og ved å beinveges fordømme den kan han sikre sin posisjon som passerande i majoritetsbefolkninga. Hos Jamal er reaksjonen ein heilt anna:

---

<sup>194</sup> Ibid., s. 235.

<sup>195</sup> Ibid., s. 269.

<sup>196</sup> Ibid., s. 265.

<sup>197</sup> Ibid.

<sup>198</sup> Ibid., s. 277.

Og fuck hun Farah også ass. Hva trodde hun liksom? At dem skal si: 'Ja, ok, bare knull han så masse du vil.' Hun visste det, skjønner du? Hun visste hun dissa familien sin så jævlig heftig med den søpla der. [...] Hun bedde om bråk, og da hun får bråk.<sup>199</sup>

Jamal er mindre opptatt av å skape avstand mellom seg sjølv og det som skjer rundt han i korrespondansane til Bakken. Dette kan knytast til at Jamal har sterk identitet til Stovner, og at det ut frå denne identitetskjenning spring ut ein naturleg støtte til ting som skjer rundt han. Han vil ikkje gå like langt som Mo i sin kritikk av det han ser som sitt nærmiljø. I motsetning til Mo, er Jamal tilbøyeleg til å forstå kvifor det enda slik. Han tar langt frå den same avstanden som vi ser Mo heilt eksplisitt gjer. Slike ulike reaksjonar er med på å stadfesta deira posisjonar tilhøyrande anten 'oss' eller 'dei'-gruppene.

Mo og Jamal stiller seg på kvar si side langs 'oss'/'dei'-skiljelinja. Ein av dei strever openbart etter å skulle få innpass hos majoriteten, eller oss-sida, medan den andre kritiserer med einkvan sjanse han får. Fordi Mo arbeider for å gli umerka inn og få innpass hos dei andre, gjer han på sett og vis eit opprør mot det konkrete og nærast urørlege skiljet Said skisserte då han måla eit bilete av orientalist/orientalar-skiljelinjene. Mo rører seg på tvers av denne linja, og forsøker etter beste evne å flytte seg frå 'dei' til 'oss' i samfunnet, sjølv om det viser seg å vere fånytt. Jamal, på si side, lever komfortabelt i å eksistere utelukkande på den eine side av skiljet. Gjennom stadig kritikk av majoritetssamfunnet er han også med på å forsterke og vidareføre dei tydelege, samfunnsmessige skiljelinjene mellom 'svartingar' og 'potetene'. Eit slik vokabular kan ha utspring i ei 'oss'/'dei'-tankegang, der dei to partane for Jamal framstår uforeinlege.

### 3.2. Stoppemekanismer for minoritetsungdom

I *Tante Ulrikkes vei* finn ein fort dømer på Ahmeds stoppemekanismer. Kroppane som blir stoppa meir enn andre,<sup>200</sup> kan oppleve stoppemekanismer på ulike måtar. Det kan vere direkte hindring av rørsle i samfunnet, eller at ein konstant blir utsett for utspørjing om eins 'ekte' identitet. Slike moment framandgjer menneske som tilhøyrar ei synleg minoritetsgruppe, og som minner dei på, i tide og utide, korleis dei ikkje høyrer heime i deira eige heimland. I *Tante Ulrikkes vei* er kvardagsrasisme ein form for eksterne stoppemekanismer ungdommane må handtere, samstundes som ungdommane, spesielt synleg hos Jamal, uttrykker det ein kan kalle internaliserte stoppemekanismer. Dei internaliserte stoppemekanismene, som eg vel å kalle dei, kjenneteiknast av mangel på ekstern aktør, og viser heller korleis nokre minoritetspersonar

---

<sup>199</sup> Ibid., s. 271.

<sup>200</sup> Ahmed, «En hvithetens fenomenologi», 2021, s. 92.

internaliserer rasialiseringa dei tidlegare har blitt utsett for. Desse internaliserte stoppemekanismane kan seie noko om handsaminga og rasialiseringa romanpersonane har blitt utsett for tidlegare, som dannar eit grunnlag for desse reaksjonane.

Ettersom tematiseringa av kjenslene av å eksistere i eit 'oss'/'dei'-tankesett er sentral for *Tante Ulrikkes vei*, blir også kvardagsrasisme eit sentralt element. Fordi Mo ser ut til å vere opptatt av å eksistere så umerka som mogleg, er Jamal den som opplevast som mest opptatt av å seie ifrå om rasialisering. Eit tilfelle der Jamal påpeiker rasialiseringsprosessar er etter at han har slutta på skulen, og ynskjer å søke jobb på ein lokal Burger King. Sjefen der seier det ikkje er ledig jobb, men nokre dagar seinare merker Jamal seg at det er kome ein ny tilsett der: «[...] sjofa en jente på kassa der jeg ikke har sett før, skjønner du?»<sup>201</sup> Det han her opplever som ein stoppemekanisme verkar internalisert fordi han ikkje peiker på ein konkret, ytre handling som har hindra han. Jamal opplever at etnisiteten hindrar han frå å få jobben, og søker dermed stadfesting frå Bakken ved å stille spørsmålet om han skjønner kva han meiner – slik utan sjølv å eksplisitt påpeike urettferda. Slike internaliserte stoppemekanismar er det andre døme på. Då han meiner ein lærar 'blikkar' han,<sup>202</sup> er Jamal raskt ute med å påstå at «[h]an gir ikke sånn blick på dem potetgutta. Liksom, når du er svarting, du veit sånt.»<sup>203</sup> Slik lar han forutinntatte tankar styre korleis han tolkar dei rundt seg. Ein kan gå ut frå at dette er eit reaksjonsmønster som har utvikla seg over tid. Mykje tyder på at Jamal har blitt utsett for små og større stoppemekanismar sidan barndomen, som skapar ei forventning om korleis majoriteten ser han. Eit døme der Jamal gjenfortel om mikroaggresjonar, denne gongen formulert som eksterne stoppemekanismar, får vi òg høyre om:

Jeg føler sånn, alltid Norge snakker masse fint, skjønner du? Du veit, alle har lik verdi og sånn. Men liksom, på ordentlig, da det er litt mere sånn som tagginga fra jeg var kid, den som stådde på tunnelen på Stovner sykehjem der. 'Norge for nordmenn.'<sup>204</sup>

Eit utsegn tagga på ein tunnel provoserer fram kjensler av å ikkje høyre heime. Graffitian gjer Jamal klar over at han ikkje er norsk nok, og at det finns nokre stemmer der ute som ynskjer han vekk. Jamal motsett seg å passe inn i den usynlege majoritet og føler i større grad identitet med nokre av miljøa som eksisterer i drabantbyen. Sjølv om han ikkje på noko måte ynskjer å bli oppfatta som 'potet', opplevast det sårt når han opplev å bli avslørt som 'ikkje-norsk-nok'. Tidvis er det sentrale samfunnsproblem Jamal kritiserer i sine monologar til Bakken, mellom anna då han fortel om at han og kompisane vart stoppa av politiet - «Liksom, sjofer henda til

---

<sup>201</sup> Shakar, *Tante Ulrikkes vei*, 2017, s. 71.

<sup>202</sup> Ibid., s. 31.

<sup>203</sup> Ibid., s. 31.

<sup>204</sup> Ibid., s. 186.

en svarting og alt dem tenker, er hvordan dem skal sette håndjern på.»<sup>205</sup> Jamal er tydeleg på korleis han og andre minoritetsungdom frå Stovnerområdet er feilrepresentert og misforstått. Dette er noko som irriterer han, spesielt fordi han meiner det grunnar i manglande kunnskap: dei «[...] går på tv og sånn og snakker dritt og så har dem aldri vært på Stovner eller shaka hånda med en svarting engang.»<sup>206</sup>

På trass av å kjenne seg urettferdig handsama av ‘potetene’ rundt seg, fortsett Jamal å oppretthalde ‘oss’/‘dei’-skiljet. Etter ei hending på skulen startar han eit av opptaka til Bakken med: «Norske folk er fucka folk. Sorry ass, jeg må si det. Dere er fucka folk.»<sup>207</sup> Jamal gjer sjølv ei generalisering ovanfor ‘norske folk’. Like mykje kritiserer han dei av sine egne som blir for like den ‘norske homogene gruppa’. Dette gjeld uavhengig av om personen har minoritetsbakgrunn, og rammar mellom anna ei jente han over lengre tid har vore interessert i. Då han er heime hos ho, oppdagar han fort at interiøret minner meir om ein ‘potet’ sitt: «Det ser ut som hjemme hos poteter der. Liksom, svartinger har alltid masse greier. Svære tepper og sånn. Ord fra Koranen på veggen, du veit, sånne ting, men der det var bare vanlige ting. Sofa og bord og sånn. Og bøker og sånn. Og det lukter norsk.»<sup>208</sup> Dette er noko han reagerer negativt på, og han saknar eit interiør som minner meir om det han er vant til. Det blir viktig for Jamal at dei han menger seg også har ei markert avstand frå ‘potetene’.

Sjølv om Jamal er den som oftast kommenterer på urett og ulikskapar, kjem det også tidvis til uttrykk i Mos skildringar. Den største skilnaden i korleis dei to rapporterer til Bakken om stoppemekanismar og ‘oss’/‘dei’-dynamikkane kviler på korleis dei reagerer. Medan Jamal reagerer i affekt, kommenterer Mo i større grad med meir ro – og på ein meir sakleg måte. Han framstår klar over at andre leser han som annleis, men forsøker framleis å opparbeide seg innpass hos majoriteten. Ein affektiv reaksjon kan mogleg vere med på å sabotere hans sjanse for å ikkje bli kategorisert saman med ‘dei andre’. Når han blir utsett for stoppemekanismar tar han det med meir ro enn Jamal. Slik kan ein forstå det som at Jamal reagerer eksternt, medan Mo internaliserer sine reaksjonar og nyttar dei som motivasjon til å kome seg tettare på majoriteten. Då han blir plassert i norsk 2 då han byrja på ungdomsskulen, meiner Mo at det skuldast namnet hans: «Jeg tror de satte alle med mitt navn der, de hadde sikkert fjerna meg etter første prøve uansett [...]»<sup>209</sup> Igjen blir det viktig for han å markere seg som betre enn dei han elles blir gruppert saman med, og han gjer Bakken merksam på at han nok ville vore tatt ut

---

<sup>205</sup> Ibid., s. 121.

<sup>206</sup> Ibid., s. 18.

<sup>207</sup> Ibid., s. 65.

<sup>208</sup> Ibid., s. 92.

<sup>209</sup> Ibid., s. 21,22.

av klassen når dei oppdaga kor *god* han faktisk er. Faren reagerer kraftig på hendinga, medan Mo ikkje reagerer noko utover refleksjonen om at han ikkje høyrer heime. Likevel er dette ein situasjon der Mo blir klar over korleis han skil seg ut, og ikkje er ein del av den usynlege majoritetsbefolkninga. Då han fortel om oppstarten på ungdomsskulen, fortel han om lærarar som reagerer på kor mange utlendingar som finns på skulen. Mo skriv til Bakken at to lærarar snakka opphissa om ‘utlendingane’ i gangen – «Evnesvake elever. Foreldre som ikke forsto noe. Nabolagene som var slum.»<sup>210</sup> Sjølv skriv han at mykje nok gjekk over hovudet på han, men éin ting forstod han i klartekst: «[...] og det var hvor sterkt de mislikte oss, og hvor sinte vi gjorde dem.»<sup>211</sup> På trass av at Mo skildrar stoppemekanismane med ei viss ro, blir han likevel stadig gjort klar over at han ikkje høyrer heime. I tillegg er det dei eksterne stoppemekanismane Mo i størst grad skildrar, og vi ser sjeldnare at han uttrykker formar for internaliserte stoppemekanismar. Akkurat denne skilnaden kan vere eit resultat av at Mo er meir opptatt av å passe inn hos majoriteten, og at han derfor er mindre negativt innstilt til den rådande majoritet.

Hendinga som likevel ser ut til å vere avgjerande for Mo, og som markerer eit skifte i korleis han forhold seg til samfunnet, er då han blir oppheldt på Gardemoen Lufthamn. På veg heim frå ferietur til Spania med kjærasten, stoppast han av politiet på grunn av «‘Mistanke om ulovlig innvandring,’ [...]»<sup>212</sup> Mo er nøydd til å vente i fleire timer i avhøyr, og blir mistenkeleggjort mellom anna fordi han har eit heilt nytt pass. Mo må svare på spørsmål om kvifor han snakkar språket så godt (sjølv om han er fødd i Noreg), kva skole han har gått på, og stikkspørsmål med såkalla allmennkunnskap. Begeret renn over for han då politiet ber han gjengjeve nasjonalsongen: «Jeg slo ut med armene og ropte til han: ‘Hvem faen tror dere egentlig at jeg er a?!’ [...] ‘Jeg har bodd her hele livet’, sukka jeg oppgitt. ‘Kan jeg gå nå?’»<sup>213</sup> Som forklaring på kvifor Mo måtte gjennomgå heile prosessen, som trass alt ender med at han får gå, seier politimannen «‘Sånn har det blitt. Kan aldri være for sikker. Men nå er du i alle fall fri igjen.’»<sup>214</sup> Her er det ein parallell til Ahmeds affektive økonomiar. Nettopp fordi fryktobjektet har blitt såpass obskurt og vanskeleg å definere må ein, i dette tilfelle grensekontrollørane, alltid forvente at ein kvar person *kan* vere objekt for frykt. Situasjonen gjer at Mo blir akutt klar over konsekvensane av å ikkje sjå norsk nok ut, og vi blir vitne til eit skifte i Mos mentalitet. Ferien blir ein katalysator for haldningsendring, og han endrar korleis han snakkar om seg sjølv og sin posisjon.

---

<sup>210</sup> Ibid., s. 10.

<sup>211</sup> Ibid., s. 11.

<sup>212</sup> Ibid., s. 317.

<sup>213</sup> Ibid., s. 319.

<sup>214</sup> Ibid.



Etter hendinga på flyplassen tematiserer Mo i større grad rasisme og stoppemekanismer. Han blir meir opptatt av korleis han blir oppfatta og snakka om som minoritetsperson – på en anna måte enn før. Mo har fram til dette punktet vore opptatt av å heve seg over andre minoritetsungdom. No ser han ut til å heller vere ein del av gruppa han har forsøkt å flykte frå. Mo engasjerer seg på ein heilt anna måte enn før, og føler seg med eitt overvelda av alle innlegg i innvandringsdebatten han er vitne til. «Dag etter dag pøser de på. Alle sammen. Hele tida. De vet ingenting om hvordan det er å sitte foran tv-en i en leilighet på Stovner der alt renner inn.»<sup>215</sup> Mo er overvelda av korleis samfunnet snakkar om han, om dei som liknar han. Distansen han formidla med i romanens byrjing er vekke, og opplevingane av rasialisering har blitt mykje meir personleg. Skiljet ‘oss’/‘dei’ blir tydelegare markert for Mo, og det går inn på han. Då Jamal skriv ein kronikk i *VG* etter kontroversen i moskéen han har byrja å jobbe i, renn kommentarane inn. Jamal og Mo les dei saman, og medan Jamal reagerer aggressivt, og i affekt – i kjent stil –, skildrar Mo opplevinga som ein kroppsleg reaksjon: «Et slag hadde truffet rett i magen min. Jeg nistirra på den andre kommentaren. Hendene mine grep hardt rundt armlenene på stolen. Blodårene sto ut av underarmene.»<sup>216</sup> Det oppstår eit anna sinne og ein ny måte å forhalde seg til samfunnets skiljelinjer for Mo i etterkant av arrestasjonen på Oslo Lufthamn, og vi blir gjennom romanen vitne til ein dynamisk endring hos Mo i kjølvatnet av ein stoppemekanisme. Han går frå å internalisere hendingane på ein måte som lar han klatre i samfunnet, til at stoppemekanismane og rasialiseringa hindrar hans rørsle i samfunnet.

### 3.3. Økonomisk og kulturell kapital

Klasse og klasseskilnad er viktige tematiske aspekt i *Tante Ulrikkes vei*. Av Bourdieus hovudomgrep om kapital, er det særleg økonomisk og kulturell kapital som får ringverknad for persongalleriet i *Tante Ulrikkes vei*. Mo og Jamal står ovanfor konkrete økonomiske hinder sjølv om dei er ulikt utstyrt heimanfrå, og det er skilnadar i kva dei seinare tileignar seg. Korleis dei klarar seg i skule- og utdanningssystemet blir òg avgjerande for deira kulturelle kapital.

Sjølv om både Mo og Jamal begge bor i det Mo kategoriserer som «[b]lokk-Stovner. Ikke hus-Stovner. Det er forskjell. Alle på Stovner vet det[,]»<sup>217</sup> oppstår det ulikskap mellom dei. Dette skuldast mellom anna deira økonomiske kapital. Ulikskapen gjer seg, mellom anna, direkte synleg i at Mo har to foreldre, ein ufør og ein i arbeid, medan Jamal berre har ei ufør mor som slit med å få utbetalt trygd. Dette påverkar korleis dei to gutane brukar stipendet dei

---

<sup>215</sup> Ibid., s. 335.

<sup>216</sup> Ibid., s. 391.

<sup>217</sup> Ibid., s. 8.

får utbetalt. Begge to får, medan dei går på vidaregåande skule, eit ekstrastipend for elevar frå låginntektshusholdingar. Mo får «[...] 1000 kroner i måneden, og halvparten går til månedskort og den andre halvparten til lunsj på skolen og røyk.»<sup>218</sup> Då Jamal fortel om sitt stipend, på same summen, seier han: «Jeg pleier å gi sånn 300, kanskje 400 til moren min, resten jeg tar. Men det er ikke så mye når jeg må ordne sigg, keef, kontantkort, mat på skolen, alt mulig. Hele tida jeg er tom.»<sup>219</sup> Dette er avslørande for deira økonomiske situasjon heime. Fordi Mo kjem frå ein familie med tryggare økonomi,<sup>220</sup> har han større fridom til å nytte stipendet sitt på det han ynskjer. Han sørgjer for månedskort og lunsj. Jamal står i ein situasjon der han er nøydd til å gjeve ei sum til mora kvar måned. Det gjev han mykje mindre fridom, og som han sjølv seier – pengane strekk ikkje til.

Mos økonomiske situasjon er sjeldan eit tema i korrespondansane med forskaren ved NOVA. Jamal verkar meir påverka av sin økonomiske situasjon. Han fortel oftare om ein tung kvardag prega av dårleg økonomi. Då han får sin første jobb etter å ha slutta på skulen, betalar han igjen til mor si – «Først jeg gir moren min to lapper. Bare kommer hjem og hun våkner når jeg kommer inn der, og jeg legger flusa på borden, liksom: ‘Vær så god’. Det var så bra følelse da.»<sup>221</sup> Etterkvart merkar Jamal seg skilnaden mellom han sjølv og kompisar, og det å måtte gjeve mora pengar kvar måned får ein bismak: «Rash og sånn, han har jobb nå, men han gir ingen flus hjemme. Hvorfor må jeg gjøre sånn? Fucka. Fuck staten også ass, mann. Hvis dem gidde skikkelig uføretrygd, ting var bedre.»<sup>222</sup> Jamal ser at han er dårlegare posisjonert enn dei rundt seg, og plasserer noko av skulda på det offentlege for å ikkje gjeve mora dei pengane ho treng. At mora ikkje kan forsørge familien sin, gjer at Jamal er nøydd til å sørge for utgiftene til veslebroren. Då Suli, veslebroren, byrjar på skulen, er det Jamal som har ansvaret for å ordne utstyret; «Det er så mange ting dem har sagt vi skal kjøpe. Veit du hvor mye det koster elle? Sekk, penal, skriveblokk, blyanter, farger, linjal, lim. Liksom, lim? Vi har ikke kjøpt alle tinga.»<sup>223</sup> Jamal oppnår ikkje noko økonomisk fridom. Det blir ikkje betre etter at han sluttar i skulen for å arbeide. Då han berre hadde stipend var han ansvarleg for seg sjølv, får han med stabil lønnsinntekt også ansvaret for veslebroren.

Vidare har Mo og Jamal ulik grad av kulturell kapital. Noko av grunnen til dette er knytt til språket, som eg vil undersøke nærmare i eit seinare delkapittel. Det er likevel til

---

<sup>218</sup> Ibid., s. 57.

<sup>219</sup> Ibid., s. 55.

<sup>220</sup> Med ‘tryggare økonomi’ meiner eg utelukkande at Mo, fordi han har *to* foreldre der ein har jobb, har ein betre økonomisk kapital heimanfrå. Det tyder ikkje at Mo har eksplisitt *trygg* økonomi, men heller at han har betre utgangspunkt enn Jamal har.

<sup>221</sup> Shakar, *Tante Ulrikes vei*, 2017, s. 119.

<sup>222</sup> Ibid., s. 197.

<sup>223</sup> Ibid., s. 107.

utdanningssystema Bourdieu hovudsakleg koplar den kulturelle kapitalen. Spesielt blir kapitalen påverka av kva for ein moglegskap ein tar med seg heimanfrå til å lukkast på skulen og kva disposisjonar foreldra har utstyrt ein med – og her har Mo og Jamal vidt ulike utgangspunkt. For dei to gutane er det fleire faktorar som påverkar utgangspunkta – foreldras økonomiske kapital, dei generelle forholda heime og tilrettelegging frå familien. For å ikkje blande saman kapitalomgrepa i det følgjande, vil eg påpeike korleis økonomisk kapital frå barndomen kan sjå ut til å påverke kulturell kapital. Kulturell kapital skapar også eigne høve til å opparbeide ein økonomisk kapital. Slik fungerer kapitalomgrepet i ein slags sirkulær rørsle, og det eine vil stadig påverke det andre – og visa versa.

Eit av momenta som påverkar Mo og Jamals kulturelle kapital er, i tråd med Bourdieus analyse, kva bakgrunn dei har heimanfrå. Her er det stor kontrast mellom dei to. Der Mos familie har vore opptatt av at han skulle lukkast og kome seg ut av kåra foreldra sjølv står i, har Jamal ingen andre å lene seg på enn ei ekstremt sjuk mor. Då Jamal fortel mora at han skal slutte på skulen er ho først negativ til det – til han påpeiker at han heller kan jobbe. «Da var hun mere sånn, ok, du kan ta litt pause, men du må hjelpe til her med penger og sånn når du får jobb, og du må fortsatt ta med Suli på morgningen til barnehagen hvert fall noen ganger på uka.»<sup>224</sup> Fordi mora ikkje kan jobbe og forsørge familien, blir den økonomiske kapitalen heimanfrå eit hinder for den kulturelle kapitalen til Jamal. Trongen for ein betre økonomisk kapital gjer at Jamals mor godtar valet om å droppe ut av skulen. Det sett ein stoppar for Jamals kulturelle kapital. I kontrast til dette har vi Mos situasjon. Då Mo luftar tanken om å få seg jobb for å få råd til telefon, blir det slått kontant ned frå foreldra. «Jeg fortalte faren min om jobbplanene mine. [...] ‘Du skal studere, ikke jobbe’, svarte han kort. ‘Men jeg trenger en mobil’, jamra jeg. ‘Hva er det du ikke forstår? Du skal studere, ikke jobbe.’»<sup>225</sup> Fordi foreldra til Mo er opptatt av hans fokus skal ligge på utdanninga, får han heller mobilen i bursdagsgåve av dei: «Under papiret var det en Nokia 3310. Det er den dyreste gaven jeg noensinne har fått, bortsett fra pc-en, men den var egentlig til alle, selv om jeg tror den ble kjøpt mest for skolearbeidet mitt.»<sup>226</sup> I Mos situasjon er ikkje den økonomiske kapitalen til foreldra eit hinder for at han skal skaffe seg god kulturell kapital via skulegang.

Økonomisk kapital ser altså ut til å ha ringverknad for kva høve ein har for vidare utdanning. Mo, som dreg vidare på universitetet medan Jamal droppar ut, får ytterlegare moglegskap til å utvikle sin kulturelle kapital. Dessutan får han eit ekstrastipend etter tilråding

---

<sup>224</sup> Ibid., s. 70.

<sup>225</sup> Ibid., s. 58.

<sup>226</sup> Ibid., s. 59.

frå ungdomsskulerektoren sin: «Som 1 av 20 utvalgte er jeg sikra 6 500 kroner i måneden i særskilt stipend.»<sup>227</sup> Her ser me ytterlegare eit teikn på at dei ulike kapitalane er sirkulære, og påverkar kvarandre. Fordi Mo har kulturell kapital frå ungdomsskulen, får han auka sin økonomiske kapital – som til gjengjeld gjev han auka kulturell kapital. Stipendet gjer at Mo ikkje treng å uroe seg for det økonomiske medan han studerer. Dermed kan han nytte all sin energi på å studere, og med tida sikre seg ytterlegare økt kulturell kapital. Mos kulturelle kapital har vidare betre omstende på grunn av familiens høve til å bidra med oppgåver heimanfrå. Då Mo skal søke på det nemnde stipendet, er det faren som ordnar med å få sendt inn papira slik at Mo slepp: «'Nei', sa han da jeg sa jeg kunne stikke bort på Deichmann for å ta kopier. Han kunne fikse det selv. Han skulle noe på senteret dagen etter uansett.»<sup>228</sup> På den andre sida står Jamal i mykje større grad på eigne bein. Mora blir så dårleg at ho er nærast fråverande for begge sine soner. Slik endar Jamal opp i ein slags farsrolle, og med sitt dårlege utgangspunkt blir han dermed ansvarleg for veslebrorens kapitalutvikling ved å sørge for han økonomisk og følgje opp Suli i utdanningssystemet.

Svært ulike heimesituasjonar skapar to heilt ulike utgangspunkt for skulegangen deira, og får vidare store konsekvensar for deira kulturelle kapital. Mo har vore opptatt av å heve seg over dei han blir satt i bås med, og har den same haldninga når han blir student. Då han byrjar på universitetet, kommenterer han eiga lesekapasitet i forkant av førelesingar:

Noen ganger to artikler og tre kapitler, fort over 100 sider, til én forelesning. Jeg tror egentlig ikke så mange gjør det, utenom meg. Jeg leser alt. Ikke bare de obligatoriske artiklene, jeg leser de anbefalte også.<sup>229</sup>

Det er framleis viktig for Mo å poengtere at han er betre enn dei rundt seg. Han gjer alt han kan for å vere best. Mo er eit skulelys, og familien hans har vore med på å sørge for at det skulle bli slik. Slik får Mo eit grunnlag som lar han konsentrere seg om eige utdanning, medan Jamal har vore nøydd til å sørge for seg sjølv og veslebroren på grunn av si fråverande mor. Jamal har på grunn av, mellom anna, dårleg økonomisk kapital kjent seg tvungen til å avslutte skulegangen. Då han engasjerer seg og blir aktiv i moskéen får han moglegskapen til å gå på privatskulen Bjørknes. Dette er ei utdanning han utan stønad frå moskéen ikkje ville hatt råd til. I tillegg er dette ein utdanningsmodell som passar betre for dei som har lite kulturell kapital:

Liksom, det er ikke vanlig skole. Det er ikke sånn skole du trenger å gå hver dag fra åtte til halv fire, og på Bjørknes så hjelper lærerne deg mye mere fordi det er ikke så mange folk der, og det er mere sånn, hva sier han, individuell oppfølging.<sup>230</sup>

---

<sup>227</sup> Ibid., s. 153.

<sup>228</sup> Ibid., s. 125.

<sup>229</sup> Ibid., s. 180.

<sup>230</sup> Ibid., s. 346.

Også imamen i moskeen meiner dette er ein modell som passar Jamal betre. Jamal er openbart avhengig av meir hjelp enn han har fått i møte med den offentlege skulen. Han har, i tillegg til låg økonomisk kapital, hatt låg kulturell kapital heimanfrå, og må ha meir hjelp for å opparbeide seg kulturell kapital. Som farsfigur i eige familie, utan noko særleg kulturell kapital, kan Bjørknes vere redninga for å utdanne seg – medan Mo, så langt, har sikra si utdanning ved Universitetet i Oslo. Den store differansen i Mo og Jamals kulturelle kapital blir ytterlegare poengtert og tydeleggjort då Jamal vil spørje Mo om hjelp med skulearbeidet. I første instans fortel Jamal til Lars at: «Men jeg har tenkt på en kar. Jeg skal spørre han. Håper han sier ja ass.»<sup>231</sup> Eit par bidrag seinare stadfestar Mo at på førespurnaden frå Jamal har han svart: «'Jeg kan hjelpe deg litt, det går bra' [...]»<sup>232</sup> I tillegg til å ha god nok kulturell kapital til å studere over gjennomsnittet, har Mo overskot til å hjelpe andre.

### 3.4. *Språk*

Eit av romanens tydeligaste formtrekk er at den er konstruert som ein slags moderne brevroman. At romanen er konstruert som ei utveksling av formidlingar til og frå Lars Bakken gjev inntrykk av at lesaren får eit innblikk i Mo og Jamals vokabular og språklege utforming. Gjennom seks år i romanens univers blir ein kjent med deira reaksjonsmønster og måtar å uttrykke seg på. Språk er, i Bourdieus ånd, noko som bidreg til kulturell kapital og eit medium for å forstå verda og navigere i den. Ein tar med språklege evner heimanfrå, samstundes som ein kan vidareutvikle den i skulegangen. I det følgjande skal eg undersøke korleis Mo og Jamals høvesvise språk påverkar deira moglegskapar i samfunnet.

Det er påfallande store skilnadar i Mo og Jamals språkbruk. Der Mo skriv lange, velformulerte e-postar, sender Jamal lydopptak prega av slang og dårlegare formulerte setningar – dersom vi dømmer ut frå eit skriftspråkleg, bokmålsprega perspektiv. Mo er heller ingen rikmålsadvokat og er tidvis munnleg i sin skriving. I kontrast til Jamal framstår han likevel nærast som nettopp det. Med Bakkens første e-post til Jamal blir premissen for hans språklege kapasitet lagt: «*Husk også at du ikke trenger å skrive om du ikke vil. Du kan snakke inn i diktafon.*»<sup>233</sup> Til dette, i hans einaste skriftlege kommunikasjon, svarar Jamal: «jeg tar sånn og snakke med // send på tante ulrikkesvei 42a [...]»<sup>234</sup> I heilt tydeleg motsetning til dette er Mos aller første korrespondanse ein e-post som strekk seg over 8 heile sider. Hans e-post opnar:

---

<sup>231</sup> Ibid., s. 348.

<sup>232</sup> Ibid., s. 355.

<sup>233</sup> Ibid., s. 5.

<sup>234</sup> Ibid., s. 6.

«Takk for sist. Jeg er med, ikke noe problem. Jeg liker å skrive. Egentlig mer enn jeg liker å snakke.»<sup>235</sup> For Jamal er det nærast ein umoglegskap å uttrykke seg skriftleg. Han grip sjansen til å uttrykke seg via diktafonen, medan Mo likar betre å skrive enn å snakke. Dei er like gamle, frå same stad, har gått same skule – men står på kvart sitt ytterpunkt når det gjeld det skriftlege språket. Mo meistrar å skrive og uttrykke seg på ein sedvanleg måte; han opnar med takk for sist, og skriv lange setningar som flyt. Jamal skriv i sin eine e-post kort, utan teiknsetting og med tydelege skrivefeil.

Når Jamal får tak i ein diktafon, blir bidraga hans transkriberte. Bidraga er prega av eit eruptivt språk og han uttrykker seg med multietnolekt,<sup>236</sup> eit munnleg språk som tidvis opplevast milevegs frå Mos meir bokmålsprega uttrykksmåte. Multietnolekta gjer seg synleg gjennom slang og korte fyllord som ‘ass’ og ‘liksom’. I tillegg slår han tidvis over til engelsk eller framfører rap-liknande segment for Bakken i diktafonen. «Svartingen her skal tilbake på skolen ass. So if u don’t know, now you now, nigga! Jeg sverger, det er sant. Wallah. Liksom, det blir ikke vanlig skole da[,]»<sup>237</sup> er moment ein kan finne i Jamals bidrag. Sjølv tematiserer han korleis han opplever det norske språket som tidvis komplisert, då han i ein av jobbane sine må forhalde seg til eit manus: «Det er vanskelig, jeg lover deg. Dem ordene som kommer på skjermen og jeg skal lese, dem kommer fort, og noen ganger jeg klarer ikke å følge med skikkelig, eller jeg loker når jeg skal lese spørsmålen, du veit, liksom sier dem på feil måte eller no.»<sup>238</sup> Multietnolekta til Jamal ser også ut til å bli sterkare dersom han uttrykker seg i affekt, som då han skal fortelje Bakken om det som skjer i Paris i 2005: «Har du sjofa den elle? Den er om sånn franske svartinger på ghettoen i Paris, og dem bare går rundt og hustler og får på og alt mulig kaos. Til slutt han ene av dem blir drept av bauerssen.»<sup>239</sup> Mos språk heng ein seg sjeldnare opp i, og er ikkje like avhengig av kjennskap til kulturelt tinga omgrep. Det er lange e-postar, og eit språk som generelt flyt med fullførte setningar og korrekt grammatikk. Dei få gongane han bryt med denne måten å uttrykke seg, blir det ein kontrast som vekker merksemd. I ein e-post etterliknar han korleis foreldra snakkar om Jamals mor og at ho for det meste held seg inne: «Jeg tenker på diprisjån da.»<sup>240</sup> Sjølv om han etterliknar foreldras måte å seie det på, blir det ein tydeleg kontrast som stadfestar Mos elles bokmålsnære uttrykksmåte. I Mos strev etter å passe inn i majoriteten, utviklar han òg ei forakt for multietnolekta på Stovner. Medan

---

<sup>235</sup> Ibid., s. 7.

<sup>236</sup> ‘Multietnolekt’ definerast av *Det norske akademis ordbok* som «språkvariant som oppstår når språkbrukere med flere ulike språk- og kulturbakgrunner tilegner seg og taler et nytt språk.» , s.v. ‘Multietnolekt’, 08.05.2024. <https://naob.no/ordbok/multietnolekt>

<sup>237</sup> Shakar, *Tante Ulrikkes vei*, 2017, s. 344,345.

<sup>238</sup> Ibid., s. 322.

<sup>239</sup> Ibid., s. 308.

<sup>240</sup> Ibid., s. 38.

han tilbringer tid med Sara, som og er frå Stovner, kommenterer han språket hennar. «Nå som hun snakka mye mer, hørte jeg hvor Stovner hun var. Fullt av ‘ass’ og ‘jævlig’ og ‘heftig’ hele tida. Det plagde meg, merka jeg.»<sup>241</sup> Mo ynskjer seg så valdsamt vekk frå Stovner og ein kvar ting som minner han på hans posisjon i samfunnet plager han.

Både Jamal og Mo er obs på deira språklege ulikskapar, og kommenterer det sjølv. Då Jamal første gong presenterer Mo for Bakken, er det som eit skolelys og som ein som snakkar annleis enn ‘Stovner-folka’: «Liksom han gjør det, han bor her hele livet og sånn, han er svarting som meg og sånn, men han er litt, jeg veit ikke ass, liksom, potet eller no, men ikke sånn Stovner-potet heller. Liksom, han snakker sånn som folka på NRK jo, jeg koddet ikke.»<sup>242</sup> Dette gjer at han skil seg ut på Stovner, han snakkar ikkje ein gong som ein ‘Stovner-potet’. Då Mo kommenterer Jamals språk, kjem det fram at Jamal endrar seg ut frå kven det er han snakkar med: «Han snakker annerledes med meg. Jeg vet det.»<sup>243</sup> Mo merkar seg at tonefallet er mildare, og at Jamal har eit anna fokus i selskap med han. Deira relasjon har i størst grad vore at Mo hjelper Jamal med skulen, og då er eit anna språk enn det han nyttar med kompisane naudsynt.

Dersom vi følgjer Bourdieus tankar om at språk påverkar eins kulturelle kapital, som kan omsettast til økonomisk kapital, kan ein nytte Mo og Jamals språk til å forstå korleis dei navigerer i samfunnet. For Mo og Jamal er det kompliserte strukturar som verkar i deira liv, mellom anna ulike stoppemekanismar og identitetsproblematikkar som eg har undersøkt i det føregåande. Språket er ein av faktorane som er med på å forsterke og tydeleggjere posisjonane deira, og gjev dei ulike moglegskapar. På den eine sida slit Jamal med eit standardisert språk, får ikkje til å skrive, og snakkar ‘dårleg’ norsk. Dette kan påverke korleis han gjer det på skulen, der ein jo blir vurdert ut frå eit standardisert norsk språk. På den andre sida kan Mos språk ha vore med på å stadfeste han som ein representant for den ‘gode minoritet’, som ser ut til å hjelpe han langt på veg i sin utvikling og i sin skulegang. Det er Mo som kjem seg heile vegen til universitetet, og som attpåtil mottar eit ekstrastipend for å studere. Det er Mo som blir ein ‘poster boy’ for Stovner då statsministeren kjem på vitjing og vil møte han. På trass av Mos suksesshistorie, i den grad vi kan kalle det for det, blir han aldri norsk nok. Sjølv om han har godt språk, god kulturell kapital og gode føresetnadar for å oppnå god økonomisk kapital blir han framleis stansa i grensekontrollen på flyplassen. Enno blir han forstått som annleis. Då politiet stansar han, er hans *gode* språk noko som skapar fleire spørsmål. «’Hvor har du lært språket så godt?’ ‘Ehh ... her.’ Jeg smilte igjen, alt jeg bare klarte nå, men spørsmålene

---

<sup>241</sup> Ibid., s. 171.

<sup>242</sup> Ibid., s. 110.

<sup>243</sup> Ibid., s. 369.

fortsatte.»<sup>244</sup> Vil Mo aldri bli god nok for majoritetssamfunnet? Og dersom det er tilfellet at Mo blir utsett for ein stoppemekanisme ved å ha *for godt språk*, må ein vurdere korleis Jamals ‘dårlege’ språk vil gjere han til eit enno større offer for dagleg rasisme og stoppemekanismar.

### 3.5. Oppsummerande drøfting

Innleiingsvis i dette kapitlet om *Tante Ulrikkes vei* stilte eg nokre forskingsspørsmål, utarbeida for å undersøke romanen på sine eigne premiss. Eg har først stilt spørsmål om korleis romanen framstiller stoppemekanismar som blir påført ungdom. Her har eg vist korleis Mo og Jamal begge blir utsett for både internaliserte og eksterne stoppemekanismar. Mo, som har vore opptatt av å gli så umerka som mogleg inn i majoriteten, kommenterer med ro dei eksterne stoppemekanismane han blir utsett for – og gjev sjeldan uttrykk for internaliserte stoppemekanismar. Jamal står som ein kontrast til han, som både fortel om internaliserte og eksterne stoppemekanismar i stor affekt. Han har latt tidlegare erfaringar påverke korleis han møter medlemmer av den kvite majoritet, og har lettare for å kjenne seg marginalisert. Ei slik motsetning kjenneteiknar dei to tenåringane gjennom store delar av romanen, fram til Mo blir oppheldt på Gardemoen. Dette markerer ei endring for Mo, som frå då av kjenner seg langt meir påverka av rasialiseringa som skjer rundt han. Eg har undersøkt korleis Mo og Jamal operer langs ‘oss’/‘dei’-tankegangen. Mo rører seg i stor grad langs oss/dei-aksen i sitt forsøk på å bli identifisert som ein del av majoriteten. Fram til hendinga på Gardemoen er han opptatt av å markere eit skilje mellom seg og minoritetsgrupper, som han vanlegvis ville blitt gruppert saman med. Sjølv om Jamal tidvis framstår som ein ‘majoritets-motstandar’ og er tydeleg i sin kritikk av majoritetssamfunnet, forsøker han å sikre seg eit betre liv i majoritetssamfunnet. Det blir likevel ingen suksesshistorie, mykje på grunn av hans føresetnadar heimanfrå. Vidare stilte eg spørsmål om korleis kulturell og økonomisk kapital inngår i kvarandre, og ytterlegare blir påverka av Mo og Jamals språklege kapital. *Tante Ulrikkes vei* framstiller to vidt ulike unge gutar med ulike utgangspunkt. Jamal faller tidleg utanfor utdanningssystemet på grunn av dårleg økonomisk kapital, medan Mo kjem seg heile vegen til universitetet. Jamal forsøker gjennom romanen å sikre seg jobb, men ender opp i ein moské der han til sist får sjansen til å gå tilbake til utdanningssystemet. Han mistar også denne sjansen, og står igjen utan høve til å fullføre vidaregåandeutdanninga si. Mo, på si side, viser gradvis progresjon gjennom romanen. Han er på veg opp mot det som har vore barndomsdraumen hans. Han vil ut av Stovner. Etter hendinga på Gardemoen, ser vi ein Mo som søkk meir og meir ned i seg sjølv. Han mistar det

---

<sup>244</sup> Ibid., s. 319.



han har opparbeida seg, og ved romanens slutt maktar han ikkje å avslutte den påbyrja bachelorgraden sin. Med ulike moglegskapar og utgangspunkt, og tidvis ulike prosjekt, ender både Mo og Jamal med ei uviss framtid. Mo fullfører ikkje universitetsutdanninga si og unngår nyhenda i frykt for å bli overvelda, medan Jamal, utan jobb og utdanning, dreg frå byen til fordel for ei jente som har flytta til Sandefjord.

## 4.0. *Gul bok*

‘Men hva er det som virkelig motiverer deg på jobb?’ Status, penger, det var det mest nærliggende svaret, han hadde valgt økonomistudier på BI fordi han så for seg at det å lære om penger måtte være den beste måten å få flere av dem på. Han sa ikke det. Hadde ikke visst helt hva han skulle si, utover det han allerede hadde sagt. ‘Kanskje litt som det jeg sa, ehm, at jeg gjør noe nyttig for samfunnet og for andre.’<sup>245</sup>

*Gul bok* har fått sin tittel frå det ein på internspråket i Oppvekstsdepartementet kallar Statsbudsjettet under arbeidd. Hovudpersonen Mani bur på Haugenstua med far sin, og er ferdig med ein master i økonomi. Etter fleire jobbintervju blir han tilbydd ei stilling som førstekonsulent i Oppvekstsdepartementet og får jobbe med statsbudsjettet frå regjeringskvartalet i Oslo. Romanen følgjer Manis liv frå April 2010 til April 2012. Gjennom ein tredjepersonsforteljing får ein eit innblikk i Manis liv medan han flyttar frå Haugenstua til sentrum, og tilbake til Haugenstua igjen.

Der forskningsspørsmåla i førre kapittel undersøkte korleis *Tante Ulrikkes vei* framstilte stoppemekanismar, økonomisk kapital og språkets tyding, vil forskningsspørsmåla for *Gul bok* vere:

- 1) På kva måtar framstiller *Gul bok* korleis etnisk bakgrunn påverkar moglegskapar for å lukkast i samfunnet?
- 2) Korleis fungerer økonomi som motiverande faktor for Mani?
- 3) På kva måtar påverkar pengar hans syn på andre?

Mi hypotese er at utanforskap og rasisme kjem til uttrykk gjennom ein kompleks framstilling av eit utsnitt av unge vaksne i Oslo. For Mani har det blitt eit prosjekt å kome seg vekk frå Haugenstua, og frå sine sosiale og økonomiske kår, for slik å klatre på den sosiale rangstigen. Mi lesing viser at Manis motivasjon for økonomisk rang påverkar hans relasjonar og hans haldningar til dei rundt seg. Med andre ord, at økonomi også er sosialt.

Eit sentralt element ved romanen som nærast gjer krav på diskusjon er forteljarstemma. Til skilnad frå dei andre romanane, er *Gul bok* skriva i tredjepersonsforteljar. Forteljaren er fokusert internt via Mani, men markerer likevel ei avstand frå hovudpersonen ved sitt språk. Sjølv forteljarteknikken vil eg nytte siste kapittel til å drøfte i større grad, der eg mellom anna vil sjå på om forteljarstemma er sarkastisk eller nøytral, og kor vanskeleg det tidvis kan vere å skilje forteljarstemma frå Mani.

---

<sup>245</sup> Shakar, *Gul bok*, 2020, s. 9.

#### 4.1. Å bli markert som annleis

Med utgangspunkt i Manis liv er vi i *Gul bok*, slik vi var med *Tante Ulrikkes vei*, vitne til rørsle i det Sarah Ahmed kallar ‘kvite rom’. I hennar teori kjenner vi dette som rom og samfunn som er orientert rundt majoriteten, som i eit norsk samfunn er den kvite, etniske nordmann. Romanen framstiller kjensler av utanforskap, rasialisering og stoppemekanismar. Desse tematikkane framstår nærast uunngåeleg, då Mani ender opp som ein av få med minoritetsbakgrunn i ein arbeidsplass dominert av ein kvit majoritet.

I *Gul bok* ser kjensla av utanforskap ut til å materialisere seg i størst grad blant andre med minoritetsbakgrunn. Nokre gongar skjer dette i form av internaliserte stoppemekanismar, medan det andre gongar dreier seg om at andre minoritetsmenneske påpeiker dei stoppemekanismane Mani blir utsett for av eksterne aktørar. Ei av dei som oftast påpeikar stoppemekanismar ovanfor Mani er barndomsvenninna Selma. Sjølv om Selmas etniske identitet ikkje er eit tema i romanen, er det mykje som tyder på at også ho tilhøyrer ein minoritet. Språket hennar er prega av sterkt multietnolekt i ei tid før det er så utbreidd som det kan verke som no.<sup>246</sup> Ho er opptatt av rasialiseringssprossar og ‘oss’/‘dei’-skiljet – eller skiljet mellom nordmann og utlending som ho sjølv seier. Vidare er Selma eit namn som ikkje var populært å gjeve norske jentebarn gjennom åttitalet<sup>247</sup> då vi kan gå ut frå at ho og Mani er fødd. Då Mani over tid har slitt med å få seg relevant jobb etter avslutta studium, er altså Selma raskt ute med si forståing av saka: «Selma: du vet hvorfor du ikke får jobb? fordi det er så mange som bare passer på folk sm ligner på dem selv // Selma: det er sant[.]»<sup>248</sup> Også kompisen Samir, som jobbar i Utdanningsdirektoratet, har ei oppfatning som samsvarar med Selmas – det hjelper ikkje å ikkje likne på majoriteten i ein jobbsøkarprosess. Samir meiner Mani har ei ’tøff i trynet, kongen av verden’<sup>249</sup>-haldning, og at den ikkje vil fungere i arbeidslivet. Samir påstår: «‘Lik det eller ikke, vi må passe litt mer på, sånn er det bare. Arbeidsgiverne liker at du ligner på dem. Det er ikke vits å vise dem enda tydeligere at du er annerledes, det ser de av seg selv.’»<sup>250</sup> Dei tre unge vaksne har blitt tvungne til å likne mest mogleg på majoriteten. Dei må tilpasse seg for å gli så umerkeleg inn i mengda som mogleg, og der ein ikkje kan endre sin etnisitet må ein gjere opp på andre måter. Dette er ein strategi Selma stadfestar då ho vil trøyste Mani etter enno

---

<sup>246</sup> Selmas språk er tydeleg prega av å vere munnleg, og inneheld små og store skrivefeil. Mellom anna tenderer ho til å hoppe over bokstaver, eller skrive med små forbokstavar ved eigennamn. Dette er i tillegg til multietnolekta ho uttrykker seg med. Sitat der ho styrer ordet er gjort slik dei står (sic.), med sine skrivefeil, for å ivareta romanens språk.

<sup>247</sup> Ved søk i Statistisk sentralbyrås namnedatabasar og historiske utviklingar ser ein fyrst ei auke for popularitet for namnet rundt år 2000 då 0,2% av fødte jentebarn fekk dette namnet. Statistisk sentralbyrå, «Navn».

<sup>248</sup> Shakar, *Gul bok*, 2020, s. 25.

<sup>249</sup> Ibid., s. 11.

<sup>250</sup> Ibid., s. 12.

eit mislukka jobbintervju. «Selma: du veit at de utlendingene de vil ha er mer sånn stæsha jenter [...] // Selma: får jobb med en gang de. er så snille og søte og flinke // Selma: blæhhhhhh!!»<sup>251</sup>

Ein blir altså vitne til ulike stoppemekanismar gjennom romanen, mellom anna det Selma og Samir, og etterkvart Mani, opplev som diskriminering i jobbsøkingprosessen. Dette er ei oppleving dei har, sjølv om mange av situasjonane *kan* lesast som internaliserte stoppemekanismar, utan ein ytre, stadfestande faktor. Det er dei sjølv som kjem med forklaringa på kvifor Mani ikkje får jobb. Det er likevel viktig å sjå at slike tankar og haldningar ikkje veks ut av ingenting, isolert frå det som elles skjer i samfunnet. Eit utgangspunkt for å gjere slike generaliseringar av arbeidsgivarar *kan* vere rasialiseringa minoritetspersonar tidlegare har vore offer for gjennom å bu i eit majoritetsorientert land.<sup>252</sup> Å vekse opp med rasialiseringssprossar, kan gjere at ein les rasistiske intensjonar inn i situasjonar som *kan* vere. Med dette ser ein parallellar til Ahmeds «Affektive økonomier»: frykt oppstår fordi ein er usikker på situasjonen ein møter. Fordi dei tidlegare har erfart at dei som tilhøyrer den etnisk kvite majoritet har utsett dei for rasialisering, blir eitkvart møte med den kvite majoritet eit mogleg rasialiseringstilfelle.

Derfor kan det hende at dei som tilhøyrar ulike minoritetar internaliserer stoppemekanismane. Eit tilfelle av dette er då Mani merkar seg at Meena og han er 'aleine' i ein skybar: «Ingen av dem som satt i skybaren øverst i Radisson-hotellet ved Holbergs plass lignet på dem, verken i hudfarge eller alder[...]»<sup>253</sup> Dei sitt i eit offentleg rom dei opplever som orientert mot den kvite majoritet, og merkar seg sjølv som utanfor – sjølv om det ikkje kjem frå ein ytre instans. Denne stoppemekanismen veks ut frå at dei er utilpass, heller enn frå eksterne faktorar. Å vere obs på sitt eget utanforskap og eigen ikkje-kvitleik i rom orientert mot ein kvit majoritet er noko som går igjen for Mani. Då dei i Oppvekstsdepartementet får vitjing av tre representantar frå ein ungdomsskule i Groruddalen, merkar Mani seg at ein av representantane er ei minoritetskvinne som særleg arbeider med barn som kjem til ungdomsskulen med kunnskapshol. «'Munira kom selv som flyktning for ikke altfor mange år siden, men hun er utdannet som høyskolelektor i realfag fra hjemlandet sitt, og vi er utrolig glade for å ha henne som assistent på skolen vår.' De klappet igjen, som om det var en slags seier.»<sup>254</sup> Kommentaren 'som om det var en slags seier', som ser ut til å vere henta frå Manis tankemylder, uttrykkast i ein dels sarkastisk tone. Om dette er ein reaksjon på at skuleleiinga er glade for at ho har hamna hos dei som ein konsekvens av krig, eller om det er ein reaksjon på at Munira nyttast *berre* som

---

<sup>251</sup> Ibid., s. 37.

<sup>252</sup> I følge Statistisk sentralbyrå oppgjev kvar fjerde med innvandrarbakgrunn at dei har opplevd diskriminering på grunn av etnisk bakgrunn, Statistisk sentralbyrå, «En av fem opplever diskriminering».

<sup>253</sup> Shakar, *Gul bok*, 2020, s. 44.

<sup>254</sup> Ibid., s. 217.

assistent når ho er utdanna høgskulelektor, blir vi ikkje fullstendig klok på. Mani verkar nærast negativt innstilt til korleis skuleleiinga snakkar om Munira.

*Gul bok* visar oss også at Mani har vore utsett for ytre stoppemekanismar. I korte kapittel som fungerer som tilbakeblikk får vi tilgang til hendingar satt tilbake i tid, som er markert i kursiv. I eit av desse tilbakeblikka er vi vitne til at Mani og venane hans blir stoppa av politiet under ein køyretur:

*‘Vi leter etter noen som passer deres beskrivelse’, han så på Mehdi og så Mani. ‘Navnene?’ Han dunket pennen mot skriveblokka. De ga ham navnene sine. ‘Hvordan ser de dere letter etter ut, egentlig?’ spurte Selma. ‘Er det to stykker dere leter etter? For de to her ligner ikke så mye på hverandre.’ [...] Politimannen svarte henne ikke. Skrev ferdig navnene på blokka og lyste enda en runde rundt i bilen. ‘Ok. Takk. God kveld’, sa han. Caroline og Selma var sinte. Mani mindre. Hadde opplevd det for mange ganger.<sup>255</sup>*

Her er det ein ekstern stoppemekanisme, der vennegjengen blir hindra og markert som annleis av medlemmar av den kvite majoritet – attpåtil autoritetsfigurar. Igjen er det Selma som agerer uttalt og tydeleg i møte med det ho oppfattar som rasialisering. Ho er raskt ute med å påpeike generaliseringa som finn stad, og protesterer mot politikonstabelen. For Mani har dette blitt ein del av hans kvardag. Dette tilbakeblikket er satt i 2005, og ein kan tenke seg kor mykje meir Mani har blitt utsett for mellom dette tidspunktet og romanens start i 2010. Dette kan vere med på å forklare korleis han tidvis er merksam på utanforskapen sin, og korleis han tidvis verkar nærast likegyldig når dei rundt han påpeiker det dei ser som rasialisering.

Det ser likevel ut til at ikkje alle rundt han er einige når Mani møter moglege stoppemekanismar. Etter kort tid i departementet blir Mani kontakta av ein i HR-avdelinga om å vere med i ein reklamebrosjyre for arbeidsplassen:

*‘Og ...’* hun så ut til å ha vansker med å tøyse sin egen entusiasme nå, ‘nå skal vi oppdatere brosjyren, og vi fikk med oss at du hadde begynt her, så da lurte vi, ja, altså vi i administrasjons- og HR-avdelingen, vi lurte på om det kunne være aktuelt for deg å være med på et bilde og svare på noen korte spørsmål? Vi kommer til å bruke det i brosjyren og på nettsiden.’<sup>256</sup>

Mani dveler ikkje ved førespurnaden, og takkar beinveges ja. På trass av at Man ikkje heng seg opp i situasjonen, vekker den ulike reaksjonar frå dei han har nærast. Kjørasten, Meena, reagerer med glede: «‘Det her er så kult, Mani. Det må være et tegn på at de vil satse på deg.’»<sup>257</sup> medan Selma påstår at dette berre er noko dei gjer fordi Mani representerer minoritetar:

*‘Hvor mange utlendinger er det hos dere da?’* Tross motviljen talte han opp inni seg. En i arkivet, to i IKT, og en rådgiver, men hun het Irene, det var godt mulig hun var adoptert. ‘Det er noen’, sa han. ‘Sikkert ti.’ ‘Ti. Wow. Hvor mange jobber det der? Tusen?’ ‘Tre hundre og noe.’<sup>258</sup>

---

<sup>255</sup> Ibid., s. 183.

<sup>256</sup> Ibid., s. 67.

<sup>257</sup> Ibid., s. 74.

<sup>258</sup> Ibid., s. 86,87.

Slik openberrar det seg også nyansar innanfor grupper Mani i utgangspunktet har felles identitetsmarkørar med. At dei har ulik oppfatning av same situasjon *kan* seie noko interessant om kvar dei ulike personane kjem frå og kva dei har vore vitne til gjennom barndoms- og ungdomstida. Meena, som eg seinare skal kommentere i større detalj, kjem frå eit meir privilegert område på Stovner, i alle fall reint økonomisk. Vidare får ho seg raskt jobb etter avslutta studium. Slik kan reaksjonen hennar på situasjonen om brosjyren også spegle dette, og ein kan sjå for seg at i Selmas kommentar om ‘stæsha jenter’ var meint for å treffe jenter som Meena.

Då romanen er satt til tidsrommet 2010-12, kjem terrorangrepet 22. juli 2011 omtrent midtveges i handlinga. Spesielt nært blir det for Mani som sjølv arbeider i regjeringskvartalet der bomba eksploderer. Romanen framstiller korleis nokre menneske reagerte i kjølvatnet av terroren, før ein visste omfanget av angrepet eller noko om gjerningsmannen. I en chatsamtale med Selma kjem det fram at ein felles ven har skrive om terroren på Facebook: «Selma: har du sett hva kenneth har skrivd!!?? // Selma: sykt // Han trengte ikke gå inn på profilen til Kenneth, innlegget hadde dukket opp i feeden hans også. *Nå er det nok!! Utlendinger som kødder med landet vårt kan dra til ...!*»<sup>259</sup> Skulda blei i nokre miljø plassert til ‘utlendingane’, anten i form av forventingar til kven gjerningsmannen var eller i form av årsak for kvifor gjerningsmannen gjorde som han gjorde. Då Mani blir for angstfull til å berre vere heime i tida etter hendinga, møter han Samir på ein løpebane på Stovner. Mani sett ord på ei viktig kjensle når han ytrar sine uroar til Samir: «Håper seriøst ikke det er noen ... Det kommer til å bli ...’ Han stanser seg selv. ‘Folk kommer til å begynne å tenke alt mulig.’»<sup>260</sup> Samir forsøker å roe ned Mani: «‘Jeg mener, folk veit at de fleste innvandrene i Norge er fredelige folk.’»<sup>261</sup> Frykten for å bli vidare rasialisert med utgangspunkt i eit terrorangrep i Oslo sitt djupt for Mani. Og denne frykta sett seg ytterlegare då han seinare snakkar med Selma igjen: «Selma: kenneth har 71 likes nå. 71!!!! // Selma: og kristina og steffen har lika! wtf?? // Han klarte ikke helt overbevise seg selv om at 71 ikke betydde noe.»<sup>262</sup> Sjølv Samirs tiltru til folk flest hjelper ikkje Mani i denne situasjonen. Frykta for å bli rasialisert bli stadfesta av at så mange menneske har uttrykt støtte til Kenneths oppfatning av situasjonen.

---

<sup>259</sup> Ibid., s. 164.

<sup>260</sup> Ibid., s. 166.

<sup>261</sup> Ibid., s. 167.

<sup>262</sup> Ibid.

## 4.2. Økonomi som drivkraft

Som utdanna samfunnsøkonom er Mani orientert mot korleis økonomiske faktorar styrer samfunnet. Han er også overdriven opptatt av eige økonomi, den blir ei motivasjonskjelde og årsak til korleis han handlar. Mani er ikkje open om sin økonomiske situasjon og strever gjentatte gonger for å late som om han har ein betre økonomisk kapital enn han faktisk har. Mani står i stor grad på berr bakke, men strever etter ei klassereise ut av Haugenstua. Mani manglar dei *relevante* sosiale nettverka. Det er universitetsutdanninga som utgjer hans kulturelle kapital. Med dette utgangspunktet, blir Mani ein strevar, ein klisjé av ein ‘self-made man’. Han er nøydd til å opparbeide seg økonomisk og kulturell kapital på eiehand. Med det utgangspunktet Mani har, blir dei ulike kapitalane påverka lettare av kvarandre. Når Mani opparbeider seg økt økonomisk kapital, noko han ser ut til å få tilgang på via den kulturelle kapitalen han opparbeider seg på universitetet, opplever han også økt sosial kapital i form av nettverk på jobb.

Mani er altså opptatt av å halde sin økonomiske situasjon skjult, også ovanfor kjærasten sin Meena. Han er uærlig då han ikkje har råd til å betale for det kjærasten føreslår. Vi blir vitne til dette då dei mellom anna er ute for å feire at Mani har fått jobbtilbod i Oppvekstsdepartementet. Meena ynskjer å overnatte på hotellet dei vitjar baren til slik at dei får feira ordentleg. I staden for å seie at det er noko han ikkje har råd til, kjem han med ein løgn: «Må hjelpe faren min med no greier i morgon tidlig, uansett’ [...] ‘Kjøre han i butikken, det er handledagen hans i morgon. Han klarer ikke bære alt selv.’»<sup>263</sup> Manis trong til å stille opp for faren er gjentatte gonger tema for kranglar mellom Mani og Meena. Meena meiner Mani er for opptatt av faren. For å unngå overnattinga er det likevel lettare for Mani å dra løgna om å hjelpe faren enn å vere ærlig om sin økonomiske situasjon.

At Mani motiverast av økonomisk framgang er ikkje noko som berre ligg mellom linjene. Forteljarstemma tematiserer det eksplisitt. På eit jobbintervju i romanens opning, stillar intervjuaren Mani eit spørsmål om kva som motiverer han til å jobbe. Forteljarstemma avslørar: «Status, pengar, det var det mest nærliggende svaret, han hadde valgt økonomistudier på BI fordi han så for seg at det å lære om pengar måtte være den beste måten å få flere av dem på.»<sup>264</sup> Mani gjev eit meir korrekt svar til intervjuaren. Forteljarstemma avslører noko vi uansett får ymta om gjennom Manis direkte utsegn og handlingar. Mani tar mange av sine val basert på

---

<sup>263</sup> Ibid., s. 46.

<sup>264</sup> Ibid., s. 9.

kva som kan gjeve han status og pengar, og det kan sjå ut som studievalet også kvilte på dei økonomiske utsiktene.

Gjennom romanens utvikling kjem det fram eit sprik mellom forventingane Mani har hatt og dei realitetane han møter. Han får seg etterkvart jobb, men lønna er ikkje høg nok til å dekke livsstilen hans – uansett kor nøktern den viser seg å vere. Sjølv medan han bur saman med faren på Haugenstua strekk ikkje lønna til. Han tyr derfor til Mastercardet, og kjem seg aldri ovanpå gjelda. Om dette reflekterer forteljarstemma, no fokalisert relativt nøytralt gjennom Mani:

Det hadde ikke bekymret han å bruke Mastercard. Planen hadde vært å betale det ned med første lønning, i verste fall de to første lønningene, men de hadde uteblitt, og Lånekassen hadde for lengst stanset utbetalingen av lån og stipend, tvert om hadde de begynt å kreve inn pengene han skyldte.<sup>265</sup>

Lønna strekk ikkje til, og sjølv med stabil jobb i staten vil det ta Mani lang tid å kome seg til hektene økonomisk. Han verkar klar over dette, og framleis framstår det viktigare for han å skjule sin økonomiske situasjon – han held fram med overforbruket av Mastercardet.

Trongen til høgare økonomisk status, og deretter høve til høgare rang i samfunnet, påverkar Mani vidare etter at han har sikra seg jobb. Han blir fort opphengt i lønnstrinn og høve for å klatre på karrierestigen. Høva for å sikre seg ei høgare stilling som rådgjevar er noko han diskuterer med kompisen Samir, som er tilsett i Utdanningsdirektoratet. I følgje Samir vil det ta minst to-tre år. Det stoppar ikkje Mani frå å tenke at han skal sikre stillinga fortare enn normalt: «'Om jeg jobber hardt som faen, går det fortere da eller?」<sup>266</sup> For Mani er det å klatre i karrierestigen ein openberr måte å auke sin økonomiske kapital – og slik få råd til det livet han har fantasert om gjennom studiane. Å klatre i karrierestigen er for Mani synonymt med meir pengar, og dermed høve for eit betre liv, i alle fall reint økonomisk. Mani blir med tida nærast manisk opptatt av eigen økonomi. Han memorerer lønnstrinna for arbeidsplassen. Då han i eit møte etterspør lønnsauke og sjefen går med på å justere opp to lønnstrinn, ligg mattestykket parat:

Han regnet fort i hodet, selv om han hadde gjort tilsvarende øvelse mange ganger allerede, senest rett før samtalen. Han visste hvor mye hvert trinn var som årslønn, som månedslønn, som brutto og netto. To lønnstrinn var rundt 17 000 kr i året, omtrent 1400 kr i måneden, og etter skatt ikke mer enn 900 kr.<sup>267</sup>

Desse refleksjonane rundt økonomi er eit tilbakevendande motiv i romanen. Då Mani skal fortelje Meena om den etterlengta lønnsauken, overdriv han den. Han smørar tjukt på, seier han

---

<sup>265</sup> Ibid., s. 20.

<sup>266</sup> Ibid., s. 49.

<sup>267</sup> Ibid., s. 150.



fekk 30 000 kroner i auking.<sup>268</sup> Sjølv om han får auke i lønn, kjenner han ei trong for å halde dei eigentlege forholda skjult. Det har vore ein trend for Mani å skjule sin økonomiske posisjon. Vidare verkar det som om han har blitt avhengig av å skulle vere betre enn andre – slik for å flykte frå hans noverande sosiale og økonomiske status.

At Mani nyttar økonomi som motivasjon, er også noko dei rundt han merkar seg. Ein av kollegaene han gjennom romanen knytt kontakt med, Jan Tore, påpeiker det (om enn i ein tullede tone): «‘Mani klatremus,’ ertet Jan Tore, før han la om til en alvorligere tone. ‘Jobbe så mye for to-tre hundre tusen mer i året. Nei, det er ikke noe for meg. Finnes viktigere ting enn jobb og penger.’»<sup>269</sup> Kollegaene hans, i dette tilfellet etnisk norske majoritetsmenneske frå ein høgare klasse enn Mani sjølv, har ikkje og forstår ikkje denne trongen. Jan Tore og Kaja, ein av dei andre kollegaene hans, snakkar nonchalant om ferieturar og konsert- og festivalopplevingar. Med ein ufør aleinefar er dette sannsynlegvis eit ukjent liv for Mani.

Kvifor har Mani ei utprega trong for klassereise? Etter mi forståing kan dette knyttast opp til hans bakgrunn, især hans familiesituasjon. Mani bur, både ved romanens opning og slutt, aleine med faren i ei torombustad på Haugenstua. Mora har gått brått bort tidlegare, og faren har etter ei ulukke som taxisjåfør blitt ufør med ein lammande angst: «Det ble opprettet sak, han fikk refs og førerkortet ble beslaglagt i noen måneder, da han fikk det tilbake, var det for sent, han hadde parkert for godt.»<sup>270</sup> Med slike omstende kjem Mani frå vanskelege økonomiske kår. Dette kan ha vore med på å danne grunnlaget for hans ynskje – og trong – for økt økonomisk kapital. Med ein mastergrad innanfor økonomi opnar det seg ein jobbmarknad der Mani kan byrje sin ferd oppover i samfunnet. Manis far er også letta over sonens karriereval, som styrkar tolkinga av at trongen for økonomisk vekst kjem heimanfrå. Faren ser dette som ein viktig sjanse for Mani, og då Mani stolt visar fram tilgjengekortet til Y-blokka seier han: «‘Veldig bra, Mani, veldig bra’, gjentok han flere ganger, ‘jeg håper det blir en bra jobb for deg.’»<sup>271</sup> Med denne jobben får Mani ein reell sjanse for klassereise og stabilitet. Det har likevel vore eit strev å sikre seg arbeid. Innleiingsvis blir vi vitne til Manis frustrasjon over tilsetjingsprosessen: «‘Da hører du fra oss.’ Mani hadde hørt det før. Fem ganger før. Fem jobbintervju som alle endte med samme setning.»<sup>272</sup> Å vere utan jobbtilbod over ein lenger periode kan ha vore med på å gjere at Mani i enno større grad ynskjer økonomisk vekst når han endeleg får høve til det.

---

<sup>268</sup> Ibid., s. 151.

<sup>269</sup> Ibid., s. 136,137.

<sup>270</sup> Ibid., s. 18,19.

<sup>271</sup> Ibid., s. 60.

<sup>272</sup> Ibid., s. 7.

For Mani kan det sjå ut som hans utdanning, som ein del av hans kulturelle kapital slik Bourdieu ser det, har vore nøkkelen for å oppnå auka økonomisk kapital. Det er skulegangen som i størst grad utgjør hans kulturelle kapital, som igjen overførast til utgangspunkt for økonomisk kapital idet Mani skaffar seg ein stabil jobb. Den sosiale kapitalen derimot, som også kan vere bidragsytar til den økonomiske kapitalen, ser ut til å vere noko manglande. Sosial kapital kan mellom anna målast i *relevante* sosiale nettverk, som Mani i utgangspunktet ikkje har. Det er likevel eitt mogleg unntak i kompisen Samir. Han hjelper Mani å forstå kutymar og forventingar på ein arbeidsplass prega av å vere retta mot den etnisk norske, kvite majoritet. Det er Samir som hjelper Mani forstå moglegskapane for å klatre i karrierestigen.<sup>273</sup> Dette kan vere med på å hjelpe Mani opp i verda, men er på ingen måte nøkkelen. Derfor blir nøkkelen til økt økonomisk kapital nettopp kulturell kapital, som etterkvart gjennom arbeidsplassen *kan* gjeve han økt sosial kapital dersom han knyter kontakt med kollegaer i eit relevant sosialt nettverk.

#### 4.3. Klasseforakt og ulike formar for kapital

*Gul bok* representerer gjennom sitt persongalleri ulike samfunnsklassar. Hovudpersonen Mani forsøker seg på ein klassereise, frå å vere son av ufør på Haugenstua til å bli ein statleg tilsett i Oppvekstsdepartementet. Vi blir òg kjent med Selma som jobbar som frisør utan høgare utdanning, og Meena, farmasistudenten som går rett ut i fast jobb. Manis oppheng og strev etter økonomisk vekst påverkar hans haldningar og er utgangspunkt for gnissingar. Etterkvart syner det seg ei klasseforakt for dei som han ser tilhøyrer andre klassar enn han sjølv.

Meenas familie framstår som ein suksesshistorie, spesielt med omsyn til det reint økonomiske, i motsetning til Manis familie – som jo berre er byråkraten Mani og den uføre faren. Vi blir vitne til dette, og dei ulike forventingane foreldra har til borna sine, då Mani og faren vitjar familien til Meena. Meenas far skryt av det familien hans har fått til:

‘De er veldig flinke, barna mine. Jeg er veldig stolt av dem’, sa faren til Meena. ‘Han eldste er borti Trondheim, engineer, jobber for Siemens, vettu, veldig svært selskap’ [...] ‘Og han her’, han klappet på kneet til sønnen, ‘han driver business, akkurat som meg. Driver to Narvesen.’ [...] ‘Og hun her’, han klappet Meena forsiktig på håret. [...] ‘Hun er så flink. Veldig bra jobb.’<sup>274</sup>

Meenas familie er ikkje særleg imponert over Manis utdanning og jobb. Då Manis far skryt av han, er Meenas far raskt ute med å kritisere Mani byråkratiet er ein del av i departementet.<sup>275</sup> For Manis far er hovudmålet med ei utdanning og ein sikker jobb å få gode moglegskapar

---

<sup>273</sup> Ibid., s. 49.

<sup>274</sup> Ibid., s. 244.

<sup>275</sup> Ibid., s. 244,245.

vidare. Det kan vidare sjå ut som ulik økonomisk kapital har vore med på å gjeve dei to familiane ulike habitusar, og at det vidare har påverka bornas ulike kulturelle kapital då dei går ut i skulen. Ein kan gå ut frå at fordi Meenas familie har høgare økonomisk kapital har hatt større moglegskapar til å hjelpe med å utvikle bornas kulturelle og sosiale kapital. Dette kan vidare ha verknad for bornas økonomiske kapital, sida vi har sett at dei ulike kapitalane påverkar kvarandre. Mani har på andre sida stått på egne bein og, i større grad, kjempa for seg sjølv.

Slik utviklar det seg store skilnadar mellom Mani og Meena, på trass av omtrentleg same geografiske tilhøyrslar. Dette skiljet kjem, i tillegg til i familievitjinga, fram då Mani og Meena handlar til bustaden han flyttar til i Oslo sentrum. Bustaden har han ikkje råd til med einsleg økonomi og Mastercard-gjelda si. Likevel steller han det i stand på grunn av sterk oppfordring frå Meena. Vidare insiterer Meena at dei skal dra på handleturar til IKEA og Kid. Stresset og presset frå Meena blir til slutt for mykje for Mani: «Du må slappe litt av, ok? Det er jeg som flytter, og det er jeg som betaler for det her.»<sup>276</sup> Handleturen har slukt pengane Mani hadde igjen, og undervegs har han rekna «[...] totalen mot hva han hadde tilgjengelig, mot hva som var igjen av varer i vognen. Totalen stoppet heldigvis en femhundrelapp før han ville gått tom.»<sup>277</sup> I konfrontasjonen kjem det fram ei skam frå Manis side. Han har kjempa for å halde sin økonomiske situasjon skjult frå Meena. Skildringane frå handleturen kan ein òg forstå i lys av Bourdieus teori om smakens natur. Bourdieu påpeiker at smaken kan avsløre eins klasseposisjon, då han meiner ein med låg økonomisk kapital tvingast til ein smak for det naudsynte medan ein med høg økonomisk kapital har smak for det overdådige. Dette er sjølv sagt ikkje alltid tilfelle eller ein sjølvfølge, då ein på tvers av økonomiske klassar kan *ynskje* seg det overdådige dei ikkje har råd til.<sup>278</sup> Dersom vi i dette tilfelle forstår smak som det ein faktisk skaffar seg, kan vi sjå ein parallell til Meena og Manis situasjon på handleturen. Mani tvingast til å berre kunne kjøpe det absolutt naudsynte. Han kjøper møblane sine brukt frå dei som tidlegare har budd i bustaden, og då Meena spør om han ikkje skal kjøpe nattbord svarar han: «‘Veit ikke ... Trenger jeg egentlig det?’»<sup>279</sup> Meena har på den andre sida stor kjøpevilje, og strekk seg etter pyntegenstandar. Ho har kjøpeevne langt utover den naudsynte.

Manis utgangspunkt og disposisjonar, hans habitus, kan ha ført til ei haldning som minner om klasseforakt – eller i det minste ein uttalt aggresjon for menneske med andre

---

<sup>276</sup> Ibid., s. 109.

<sup>277</sup> Ibid., s. 108.

<sup>278</sup> Ein må rekne med at Bourdieu i sine teoriar kjem med generaliserte modellar, som slik kan nyttast som ei linse og eit analyseverktøy for samfunnet, og i mitt tilfelle litteratur som framstiller realistiske samfunn. Det tyder ikkje at hans dogme er ufeilbarlege eller allmenngyldige. Folk av alle samfunnsklassar kan *ynskje* seg, og sånn sett ha ein smak for, dei same pyntegenstandane eller eigendelane, men eg vel i min analyse å forstå smak som kjøpekraft – og her skil Meena og Mani seg tydeleg frå kvarandre.

<sup>279</sup> Shakar, *Gul bok*, 2020, s. 108.

utgangspunkt enn han sjølv. Meena kjem frå ein heilt anna samfunnsklasse enn han sjølv, spesielt med omsyn til det økonomiske. Med ein stor kjernefamilie bur ho i villastrøket Høybråten. Hans forakt for hennar livskår viser seg i små og store utbrot retta mot ho. Eit døme på dette er då dei vitjar Theatercaféen for å feire Manis jobbtilbod hos Oppvekstsdepartementet. Dette gjer dei fordi det er det Meena vil, og Mani kjenner seg tvinga til å betale med Mastercardet for å kunne ha råd. Då dei skal heim, påstår Meena at dei begge skal 'heim til Haugenstua', ein stad prega av å vere bustad for dei med lågare klasse. Mani er rask med å korrigere ho, i ei syrleg tone: «'Du skal jo ikke til Haugenstua engang, du skal til Høybråten', spøkte han, lo litt usikkert igjen.»<sup>280</sup> Mani er opptatt av å oppretthalde skiljet mellom dei to, og vil ikkje bli plassert i same gruppe som ho – ho har trass alt hatt det lettare enn han.

I krangelen som ser ut til å utløyse brotet mellom dei, avslører Mani denne haldninga ovanfor Meena: «'Du forstår ikke no du heller, veit du det? Men shit, hvorfor skulle du trenge å vite ting, liksom? Alt bare ordner seg for deg uansett, sant? [...] Vokst opp med pub-penger. Går rett inn i første jobb du søker på. Tssk.»<sup>281</sup> Det veller opp ein aggresjon som han rettar mot Meena fordi ho har hatt det lettare enn han. Ved å ha meir pengar i oppveksten og meir hjelp heimanfrå, meiner Mani at ho må streve mindre for å få ting til. I desse haldningane veks det fram ein klasseforakt for dei som er i ei høgare klasse enn han. Han har slitt seg fram mot målet sitt, medan ho har fått det servert på sølvfat.

I tillegg til at Mani avslørar klasseforakta i små og store utbrot retta mot Meena, viser forakta seg òg gjennom korleis Mani snakkar om dei han tenkar er lågare på rangstigen enn han sjølv. Også Selma, som jobbar fulltid som frisør, blir nærast latterleggjort av han. I den første chatsamtalen vi er vitne til, kritiserer Selma Mani for at han har vore fråverande i venskapet deira. Til Selma svarar han at han har vore opptatt med studiar og jobbsøking. Forteljarstemma avslører likevel ei ovanfrå og ned-haldning som ser ut til å ha utspring hos Mani: «Hva visste uansett hun, frisøren, om mastergrader.»<sup>282</sup> Selma arbeidar *berre* som frisør; korleis kan ho på nokon måte sette seg inn i den situasjonen han har funne seg i og som har påverka han?

#### 4.4. Oppsummerande drøfting

Innleiingsvis stilte eg spørsmål om på kva måtar *Gul bok* framstiller korleis etnisitet påverkar moglegskapar for å lukkast i samfunnet. Mani syns det har vore vanskeleg å kome seg inn på arbeidsplassen som er prega av kvite, etniske nordmenn. Eg har vist korleis eit liv med

---

<sup>280</sup> Ibid., s. 77.

<sup>281</sup> Ibid., s. 247.

<sup>282</sup> Ibid., s. 25.

stoppemekanismar, til dømes å bli stoppa utan grunn, påverkar Manis, og dei rundt han, haldningar til dei som tilhøyrrer majoritetsbefolkninga. I eit nærmiljø samansett av andre minoritetsmenneske ser det ut til å vere høg førekomst av internaliserte stoppemekanismar, der Mani og dei rundt han markerer seg sjølv som annleis på grunn av både tidlegare erfaringar og ei føredømmende haldning. Venninna Selma lar sine tidlegare erfaringar påverke korleis ho les situasjonen Mani finn seg i, medan kjærasten Meena møter majoritetsbefolkninga på ein langt mindre konfronterande måte. Mani framstår tidvis trøytt av verdas struktur, og lar av og til vere å spekulere i situasjonane han finn seg i. Ein kontrast fann eg i korleis terrorangrepet 22. juli blir skildra, både i direkte replikkar og i forteljarstemmas gjengjeving av Manis tankar. Med hendinga oppstår det for Mani ei frykt for at minoritetsmenneske og innvandrarak skal bli enno meir rasialisert enn før. Vidare stilte eg spørsmål om det økonomiske aspektet ved romanen, og om det kan seiast at økonomi blir ein motiverande faktor for Mani. Det er heilt tydeleg at økonomi er ei motivasjonsskjelde for Mani, og hans mål er å forbetre sin økonomiske kapital. Mykje av denne trongen ser ut til å stamme frå ein barndom prega av å ha dårleg kapital, på tvers av dei ulike formane. Han framstår som ein ‘self made man’-klisjé. Han har sørga for seg sjølv, og sikra seg ein betre kulturell kapital gjennom utdanninga si. Ved å ta høgare utdanning har han òg mogleggjort ei forbetring av sin økonomiske kapital, då det er utdanninga som sikrar han ein stabil jobb i eit statleg organ. Eit slikt utgangspunkt har ringverknadar for vala han tar. Vidare har motivasjonen for auka økonomisk kapital ringverknad for korleis han forstår og reagerer på dei rundt seg. Det siste forskingsspørsmålet eg har undersøkt er nettopp knytt til dette – korleis blir hans syn på dei rundt han påverka etter hans pengehigen? Eg har vist at Mani utviklar ein form for klasseforakt for dei rundt seg. Dette gjeld etter mi lesing både dei som er *høgare* og *lågare* posisjonert i samfunnet. Mani snakkar nedlatande både til Meena og Selma, på trass av at dei finn seg i to totalt ulike posisjonar frå både kvarandre og han sjølv. Fordi Meena har, etter Manis syn, lettare sikra seg ei trygg stilling, reagerer han med å snakke ho ned. Han meiner at ho ikkje veit noko om den ekte verda, og det er eit poeng for han å markere eit tydeleg skilje mellom han sjølv og ho. Det er viktig for Mani at hans strev etter å forbetre utgangspunktet sitt blir vyrda. Samstundes snakkar han ned Selma, som ‘berre’ jobbar som frisør. Ho veit heller ingenting om hans strev, og kan heller ikkje samanliknast med han.

## 5.0. *De kaller meg ulven*

De kaller meg ulven. Kompisa mine. De har kalt meg det i mange år. Jeg veit ikke om det er fordi ulven finnes i begge landa foreldra mine er fra, om kompisa mine engang tenkte over at det er ulver i Pakistan også, ikke bare loppebefengte gatebikkjer. Jeg veit ikke om de kaller meg det fordi de synes jeg er rotløs, [...]. Eller om de kaller meg det fordi Ulven er et stjernebilde som ligger mellom Kentauren og Skorpionen.<sup>283</sup>

Hovudpersonens kallenamn er utgangspunktet for romanens tittel, *De kaller meg ulven*. På tross av at forteljaren ikkje avslørar sitt ekte namn, får lesaren vere vitne til ei personleg og detaljert formidling der eg-et «[...] tar ut forskudd på arv [...]»<sup>284</sup> i det han kallar minnebanken. I ei fyrstepersonsskildring som vekslar mellom notidsskildringar og minneskildringar, blir vi kjent med historia til hovudpersonen og hans næraste familie. Ved romanens opning er eg-et på veg til faren, som etter mange år i Noreg flyttar heim til Pakistan. Mora, med røter i Finnmark, har allereie forlate hovudstaden til fordel for ein alderdom nordpå. Hovudpersonen er for lengst vaksen, med sambuar og eige barn, og står igjen på eigenhand utan geografisk nærleik til sine eigne foreldre. Utan økonomisk arv, er arva i staden sett saman av minner og familiehistorier.

Der eg i dei føregåande kapitla i større grad har undersøkt stoppemekanismane, skal eg med *De kaller meg ulven* studere opplevinga av mellomforskap og Bourdieus omgrep splitta habitus. Eg vil fyrst undersøke korleis tematisering av økonomisk ståstad og påkjenning får verdi i romanen. Økonomi, slik den har gjort i dei føregåande romanane, har for vane å gripe inn i dei resterande formane for kapital, og får i *De kaller meg ulven* for det meste uttrykk gjennom barndomsminna eg-et formidlar. Dernest skal eg undersøke korleis romanen uttrykker mellomforskap, fokalisert gjennom ein vaksen manns minner. Til sist vil eg òg sjå korleis mellomforskapet ser ut til å forsterkast i forbinding med at faren flytter frå landet. Forskingsspørsmåla blir dermed:

- 1) Korleis framstiller romanen hovudpersonens minne om eigen barndom?
- 2) På kva måtar kjem mellomforskapet og splitta habitus til uttrykk i *De kaller meg ulven*?
- 3) Korleis handsamar romanen at hovudpersonen 'mister' faren, og dermed ein potensiell viktig del av sin kulturelle identitet?

I *De kaller meg ulven* meiner eg at eg vil finne ei framstilling av splitta tilhøyrsløse, og reaksjonar på å ha to sterke kulturelle einingar. Romanens hovudperson er opptatt av kva han står igjen med etter at både mora og faren har forlate Oslo. Kva har han fått frå dei, og kva har han å gjeve vidare til sin eigen familie han no har med sambuaren og dottera Mariam? Eg meiner òg at

---

<sup>283</sup> Shakar, *De kaller meg ulven*, 2022, s. 12.

<sup>284</sup> *Ibid.*, s. 97.

romanen viser ein vaksen mann prega av sin økonomiske bakgrunn, der romanen byr på samfunnskritiske element i si framstilling av ein ufør familie i Oslo.

### 5.1. Økonomisk kapital

I *De kaller meg ulven* er vi vitne til at den økonomiske situasjonen endrar seg i løpet av hovudpersonens barndom. Familiens økonomiske kapital, den reint pengemessige, blir påverka av at gutens mor er ufør og at faren er den einaste med innbringande arbeid. Mora har vore ufør heile livet, men har før romanens start flytta tilbake til Finnmark der familien hennar kjem frå. Faren, som òg ender opp ufør, reiser på si side heim til Pakistan med ein kapital so vidt større enn den han kom til Noreg med.

Ved romanens opning har mora vore ufør og utan jobb så lenge eg-et kan hugse.<sup>285</sup> Hennar økonomiske situasjon ser ut til å ha gått i arv, og heller ikkje som barn har det vore særleg økonomisk kapital å hente for ho. Moras far var ein arbeidar, men enda opp ufør etter ei arbeidsulukke. «Bestefaren min fikk noen penger for tort og svie, men lammelsene forsvant ikke, han jobba ikke mer. Bestemora mi begynte å vaske kontorer i sentrum på ettermiddagene for å spe på.»<sup>286</sup> Bestemora tvingast til å ta på seg ekstra arbeid for at familien skal ha ein sjanse til å halde hovudet over vatnet. At ho gjorde dette, var likevel ikkje nok for å gjere opp for ei tapt inntektskjelde. Mora har vekse opp i gråbeingardande,<sup>287</sup> i torombustadane med felles toalett.<sup>288</sup> Besteforeldra etterlet, ikkje overraskande, ingen arv til mora. Bestefaren døydde fleire år før bestemora, og det vesle bestemora hadde av sparepengar mista ho til ein «[...] timeshare-svindler på Tenerife.»<sup>289</sup> Eg-et reflekterer over mangelen på arv:

Hvorfor hadde de ikke mer, husker jeg at jeg tenkte etter at hun døde. De var herfra, norske, nordmenn, burde de ikke hatt flere ting? De tinga andre norske foreldre og besteforeldre har. I hvert fall en hytte, en sånn uten strøm og vann, et sted der ingen andre ville ha hytte, midt uti skauen, Men nei. Ingenting.<sup>290</sup>

Slik opplever eg-et deira posisjon samanlikna med ‘vanlege nordmenn’. Mora står igjen med *verkeleg ingenting*, medan eg-et oppfattar at dei fleste andre kvite nordmenn i alle fall arvar noko frå sine foreldre og besteforeldre. Ein slik refleksjon stadfestar korleis eg-et opplever at dei stiller økonomisk i forhold til mange andre samfunn, og me ser at moras økonomiske situasjon har prega ho frå ho var liten av.

---

<sup>285</sup> Ibid., s. 40.

<sup>286</sup> Ibid., s. 75.

<sup>287</sup> Gråbeingsgardane har i dag ein anna assosiasjon som ettertrakta bustadstrøk. Vi kan rekne med at då mora vaks opp var gråbeingsgardane enno ‘fattigmannsstrøk’, jf. Gjerland, «Oslo før: Gråbein fra skam til heder», 2019.

<sup>288</sup> Shakar, *De kaller meg ulven*, 2022, s. 14,15.

<sup>289</sup> Ibid., s. 64.

<sup>290</sup> Ibid., s. 65.

Med den bakgrunnen, ser det ut til at mora har utvikla ei haldning der ho ikkje syns synd på menneske ho meiner har det betre enn ho sjølv har hatt det. Til dømes gjev ho uttrykk for at eg-et skal kjenne seg heldig for å ikkje ha det like dårleg som ho hadde det i oppveksten. Då eg-et er misnøgd med ei nedarva bukse, kjem det kurant frå mora: «‘Hallo! Skjerp deg. Da jeg var på din alder, arva jeg klær støtt og stadig.’ Det var hennes syn på arvesynd. Det er ikke synd på deg, jeg hadde det verre.»<sup>291</sup> Med utgangspunkt i dårleg økonomisk kapital, har det vidare vore ein kamp for mora å få innvilga varig uføretrygd. Då ho endeleg får det, er det ei hending verdt å feire: «Dagen etter, da faren min kom hjem med den grilla kyllingen, loffen og sjokoladen, og jeg fortsatt var oppe, ville han at vi skulle bestille pizza. For å feire den permanente trygda.»<sup>292</sup> Det å skulle gå frå ustabil, og tidvis ingen, inntekt til fast og stabil uføretrygd blir ein opptur for ei kvinne som har vore forfølgd av vanskelege økonomiske kår.

Etter skilsmisssa frå eg-ets far reiser mora til Finnmark, der ho har røter. Å skulle skilje seg frå mannen sin og reise nordover ser ut til å fungere som ein nøkkel for å oppnå økonomisk fridom. Ho får kjøpt eit lite hus i ein liten tettstad i Finnmark etter salet av bustaden i Oslo. «Huset hun kjøpte med penga hu satt igjen med etter at hun hadde solgt leiligheten i Dalen og innfridd resten av lånet. Jeg husker hvor stolt hun var, over at hun hadde en bolig og ikke lenger boliglån.»<sup>293</sup> For ho er det å skulle eige ein eigen bustad ein siger, og er noko ho kan vere stolt over. Men hennar svake økonomiske kapital er framleis overhengande, på trass av at ho har hatt råd til å kjøpe bustad. Som bestemor til eg-ets dotter, Mariam, representerer alle gåvehøgtidar ei økonomisk påkjenning. «‘Kan’ke du si hva jeg skal kjøpe, ‘a? Du veit jeg liker å planlegge i forveien.’ Hun liker å planlegge. Det er dyrt ikke å planlegge. Tre ganger i året sender hun gaver til Mariam. Jul, id-al-fitr og id-adha.»<sup>294</sup> Mora har framleis ikkje eit ottelaust forhold til eigen økonomi. Som for-alltid-ufør er det dyrt å ikkje planlegge.

Også hovudpersonens far ender opp ufør. Der moras økonomiske situasjon har vore ein stabil faktor for romanens eg og familiens situasjon, er dette ei endring i romanens handling. Før dette skjer, eig og driv faren ein nærbutikk. Dette inneber tungt arbeid og lange arbeidsdagar. Då eg-et reflekterer rundt farens overgang til å bli ufør seier han om far sin: «Han har sagt at det var den grilla kyllingen som tetta årene og alle de tunge løftene inn og ut av varebilen som ødela skuldra.»<sup>295</sup> Den dagen sonen får nyhenda om at faren offisielt er gått over på uføretrygd, heng det eit ynskje om noko meir i lufta: «Hun bare konstaterte det da jeg kom

---

<sup>291</sup> Ibid., s. 211.

<sup>292</sup> Ibid., s. 44.

<sup>293</sup> Ibid., s. 64.

<sup>294</sup> Ibid., s. 63.

<sup>295</sup> Ibid., s. 144.



hjem fra skolen: ‘Han har fått uføretrygd nå, faren din.’ Jeg venta på noe mer, pizza.»<sup>296</sup> Det er ikkje den same gleda knytt til å få innvilga uføretrygd for faren som det var for mora. Denne endringa gjer jo at familien no har mindre å rutte med, til skilnad frå mora si uføretrygd som tydde auka inntekt.

Uavhengig av sin økonomiske situasjon sender faren pengar til familien sin i Pakistan. Dette er noko han har drive med heile sitt opphald i Noreg: «Han sender heller pengar. Har alltid gjort det. Murstein til påbygget på huset der nede, tilskudd til legeregninger, bryllupskostnader. Jeg så beløpet sist jeg hjalp ham ned noe i nettbanken.»<sup>297</sup> Slik er faren: oppofrande. Han gjer dette, sjølv om familien hans i Noreg kanskje kunne trengt det like mykje. Då han til sist blir nøydd til å selje butikken etter å ha blitt ufør, sel han den til ein kompis. Mora meiner han tar alt for lite for butikken:

‘Det er alt for lite. For hele butikken.’ Han satt fortsatt i sofaen. ‘Vi kom til Narvey together. Jeg skal ikke ta mye fra han.’ [...] ‘Du la mye i den butikken. Og vi kunne trengt penga. Du har ikke den samme inntekta nå som du ikke kan jobbe, men utgiftene våre er like, og du sender like mye pengar til Pakistan.’<sup>298</sup>

Sjølv om han har lagt tid og pengar i butikken, nektar han å ta meir for den. Han held fram med å sende pengar til Pakistan og let seg ikkje endre etter å ha blitt ufør. Det haustar kritikk frå kona, men han vik ikkje frå det som er eit prinsipp for han.

Der mora, etter skilsmissa og heimflyttinga, skaffar seg eigen bustad som ho kan eige i fred og vere stolt over, flyttar faren inn i ein kommunal bustad. Bustaden ber preg av å vere plassert i ein utsett stad, og eg-et minnst skitne fellesområde og brukte sprøytespissar:

I postkassa lå det et velkomstbrev fra kommunen. *Retningslinjer for leietakere i kommunal bolig.* [...] Jeg skjønnte seinere at det var i heisen de brukte sprøytene lå. Men alt det andre så jeg. Håndavtrykket på veggen i trappegangen, dratt nedover, lang og tynne fingre, brune som dritt.<sup>299</sup>

Når faren først har hamna i dette økonomiske uvêret, kjem han seg aldri ut av det. Han blir buande i bustaden til han blir kasta ut, og nytter utkastinga som eit høve til å reise tilbake til heimlandet sitt. Han har for lengst seld butikken sin. Før han reiser for godt, gjev han frå seg objekt som ved overflata verker verdiløst, men som for faren er kjære familieklenodium. Utanom desse småtinga, reiser faren heim med omlag den same kapitalen som han hadde då han kom til Noreg. Då eg-et hjelper faren med å pakke ned bustaden, kommenterer sonen på mengda dei pakkar ned. «Det er mer enn kofferten han kom hit med, men ikke mye mer.»<sup>300</sup> Tinga som pakkast ned rommar so vidt eit par koffertar, milevegs unna ein heil container å

---

<sup>296</sup> Ibid., s. 152.

<sup>297</sup> Ibid., s. 29.

<sup>298</sup> Ibid., s. 151.

<sup>299</sup> Ibid., s. 26.

<sup>300</sup> Ibid., s. 33.

sende til heimlandet. Sonen uttrykker eit sinne over at farens økonomiske situasjon aldri betra seg. Han irriterer seg mellom anna over at faren aldri søkte lån hos Husbanken før det vart for seint:

Han kunne søkt om lån fra Husbanken for mange år siden, i stedet for å leie, mens boligprisene var lavere, da han var yngre og hadde nok levetid igjen til at banken tenkte han ville rekke å betale det ned. Da kunne han fått det. Da jeg var for ung til å skjønne systemet skikkelig, og mora mi var langt borte. Da kunne han ha gjort det selv. Det ville vært nedbetalt nå. Han kunne solgt den. Latt den bli arv.<sup>301</sup>

Slik situasjonen har blitt, står faren på berr bakke – og han etterlet nærast ingenting til sonen. I kritikken av ein tafatt far, kjem det òg fram ein kritikk av systemet. Det er i slike utbrot og situasjonar ein kan spore nokre av romanens samfunnskritiske element. Sonen kritiserer her eit system som er så vanskeleg å forstå at faren har vore avhengig av dei rundt seg for å navigere det. Då faren har trunge hjelp til å søke lån var sonen for ung, medan mora hadde reist frå han. Systemet har framstått som vanskeleg for familien – moras kamp *mot* systemet og *for* uføretrygd vitnar om det. Fram til ho gjekk frå faren, var det mora som utgjorde ei støtte for faren i møte med det norske velferdssystemet. Med farens dårlege språkleg kapital, blir eit allereie vanskeleg system enno vanskelegare og enno mindre tilgjengeleg. Han har vore avhengig av hjelp frå nokon som kan språket betre enn han, det vere kona eller sonen. Derfor var det mora som utgjorde hans navigatør i systemet. Fram til ho går frå faren, hjelper ho mellom anna faren og foreininga for norsk-pakistanske arbeidarar med å forstå dei tallause vedtektsbrev dei mottek. I tidsrommet mellom skilsmissa og at sonen blir gamal nok til å kunne hjelpe, har faren stått på eigne bein. Systemet *er* vanskeleg å forstå, også for mora som måtte kjempe for å sikre seg fast stønad. Manglande kunnskap gjer det ekstra vanskeleg for faren å nytte seg av systemet. Språket blir slik eit hinder for å opparbeide seg betre økonomisk kapital. Faren kjem seg aldri opp i systemet, og får aldri høve til å skaffe seg noko meir – i alle fall ikkje eit huslån. På berr bakke bærer det no tilbake til heimlandet, med ikkje meir enn eit par koffertar, utan noko økonomisk arv å gjeve sonen.

På trass av denne økonomiske bakgrunnen, reflekterer eg-et over si eige barndom utan å meine at han mangla noko: «Når jeg tenker på de tidligste åra i Dalen, har vi penger. Jeg husker i hvert fall ikke at vi mangla noe.»<sup>302</sup> Mora og faren har, trass alt, gjort sitt for å sikre ein trygg barndom for sonen. Med eit vakse sinn, og med kunnskap ein berre får ved å vekse opp, reflekterer han rundt at dei også flytta til drabantbyen fordi dei ikkje hadde råd til meir:

---

<sup>301</sup> Ibid., s. 52.

<sup>302</sup> Ibid., s. 40.

«Like mye flytta de vel til Dalen fordi det var det de hadde råd til.»<sup>303</sup> Først då sonen veks opp, kjem han til ei forståing om at dette er noko dei har gjort for å få mest mogleg ut av den kapitalen dei har klart å opparbeide. Familien har altså skjult sine økonomiske uroar ovanfor sonen. Slik har dei skapt ein fasade om økonomisk tryggleik – sjølv om fasaden nokre gongar slår sprekkar også ovanfor sonens barnlege sinn. Ein av gongane dette skjer er då dei er på familieferie til Paris. For å få pengane til å strekke til, søv dei på golvet hos familiemedlemmar i tronge bustadar og køyrer samanklemt med for mange i små bilar. Spesielt tydeleg blir det då dei vitjar Disneyland. Å vitje trivselsparken er objektivt sett dyrt, men for faren blir det viktigare å hevde seg. Mora protesterer etter å ha høyrd prisen, medan faren insiterer på at dei skal inn. Inne i parken blir det ei trykka stemning som guten merkar seg. «‘Ja, flott’, sa de. ‘Ja, slottet var stort.’ ‘Ja, se der er bilen til Donald, ja.’ De sa det, til jeg snudde meg for raskt for dem og jeg så ansiktene deres, mutte. Jeg følte meg forferdelig tung [...]»<sup>304</sup> Det som skulle vore ei viktig hending for sonen, blir heller tynga ned av økonomisk uro. At opplevinga har blitt dyr pregar resten av tida dei har i Paris, og sonen slår seg vrang når han forstår at turen til trivselsparken blir ei negativ oppleving for foreldra – ikkje ein gong eit møte med Langbein gjer opp for kjensla. Då han forstår at det kostar pengar å skulle ta eit bilete med Langbein, avviser han det. Igjen blir det viktig for faren å hevde seg, som uansett betalar og får tatt bilete av sonen og Langbein. «Smilet mitt var like påklistra som Langbein sitt.»<sup>305</sup> Det blir ståande som eit sørgjeleg bilete på ein tur som har kosta familien meir enn dei kanskje hadde råd til.

I vaksen alder har sonen skapt seg ein betre økonomisk kapital enn det foreldra hans hadde. Eg-et har sikra seg fast jobb og sambuar som saman skapar ein anna røyndom for sin vesle familie. Dette er ei ynskja utvikling uttrykt av hans foreldre, som har forventat at sonen skal få det betre. Som ung gut ser han på det å jobbe i farens butikk som noko positivt, medan det blir slått fort ned av faren: «‘Du kommer til å få annen jobb’, sa han, stemmen litt lavere. ‘Hvorfor?’ ‘Because ...’ [...] Fullførte ikke. Bare gjentok det samme. ‘Du kommer til å få bedre jobb.’ La til: ‘Inshallah.’»<sup>306</sup> For faren er det ikkje bra nok for sonen hans å vere i den same situasjonen han har vore i. Det vitnar om ei forvissing om sin eigen ugunstige situasjon, samt eit ynskje om at sonen skal få det betre enn han sjølv har hatt det. Og slik har det blitt. Eg-ets økonomiske situasjon kjem fram i små og i store skildringar. «Jeg har airpods med støydemping,»<sup>307</sup> fortel han. Samstundes har han og sambuaren, Ada, nettopp kjøpt ny heim:

---

<sup>303</sup> Ibid., s. 37.

<sup>304</sup> Ibid., s. 127.

<sup>305</sup> Ibid., s. 128.

<sup>306</sup> Ibid., s. 96.

<sup>307</sup> Ibid., s. 21.

Huset vårt er et sånt som blei bygd for bare noen få år siden i en gammel eplehage, trær og ripsbusker rykka opp med rota, tomta plana ut, før det kom opp to nybygg og blei rulla ut ferdigplenen. Det har tre etasjer, alle rommene er uten lister mot taket, alt er malt i 'grå harmoni', utsida også. Det lukter fortsatt svakt nytt av de slette veggene, parketten, kjøkkenskapene.<sup>308</sup>

Huset ligg midt mellom blokkunge områder og dyrare villastrøk. Det ligg altså korkje i det dyraste eller det billigaste strøket – heller i eit mellomområde som eg-et meiner skremmer vekk fleire av dei andre potensielle kjøparane. Nærleiken til drabantblokkane og dei medfylgjande assosiasjonane er nok til å senke prisen med ein million kroner. Hovudpersonen ser likevel det positive i bustaden – det er eit heilt nytt hus, det soknar til skuleområdet som reknast for å vere 'betre' enn det i drabantbyen. Det lukter nytt, det er stort nok til at eg-et kan tilby faren eigen sokkelbustad dersom han skulle ombestemme seg og ville bli i landet. Det er mykje meir enn kva hans familie hadde då han var på Mariams alder. I møte med ein meglar som forsøker å gjere opp for plasseringa med andre eigenskapar, trur eg-et seg til lesaren at han aller helst vil vere midt mellom: «[...] egentlig kunne jeg ikke tenke meg noe mer ideelt enn å være akkurat der, med Ada og Mariam, med hus og blokker på hver side av oss.» Det er altså akkurat her hovudpersonen ynskjer å vere, midt mellom drabantbyen og villastrøket.

## 5.2. Eit barn mellom kulturar

Mellomforskapet blir i *De kaller meg ulven* representert gjennom eg-ets posisjon som korkje norsk nok eller pakistansk nok. Som dei resterande romankarakterane i Shakars Oslo-univers blir også eg-et markert av dei rundt seg som annleis. Han blir utsett for eksterne stoppemekanismar, som påpeiker hans avvik frå forventingane til dei rundt han. Til skilnad blir eg-et her utsett for eksterne stoppemekanismar både frå andre med pakistansk bakgrunn, og frå kvite, etniske nordmenn. Det er spesielt to minner frå barndomen som viser denne dobbelte stoppemekanismen. I eit av minna er det ein eldre pakistansk elev i skulegarden som reagerer på namnet hans;

'Det er pakistansk navn. Er foreldra dine pakistanere? Du ser ikke pakistaner ut.' Han fortsatte å saumfare meg. [...] 'Faren hans er fra Pakistan', sa gutten som hadde dratt meg inn i kampen. 'Tum urdu bolte ho?' spurte den eldre. 'Ikke så mye', svarte jeg. 'Hvorfor lærer ikke faren din deg urdu?' Han så spørrende på meg, som om jeg kunne gi ham svaret på noe han ikke forsto. Hva skulle jeg svare ham, annet enn at faren min var på jobb hele tida? At de fleste av dem også hadde fedre som var mye på jobb, men mødre som snakka urdu, min snakka norsk.<sup>309</sup>

Situasjonen, som blir utløyst av namnet hans, gjer at identiteten hans blir påpeika utanfrå. Han blir markert som annleis frå forventingane ein har, og mellomforskapet synleggjer seg. I eit

---

<sup>308</sup> Ibid., s. 9.

<sup>309</sup> Ibid., s. 86.

pakistansk miljø, forventar andre med pakistansk bakgrunn at eg-et skal vere *meir* pakistansk enn han framstår som. Eg-et blir av den andre guten markert som ikkje pakistansk *nok*, og guten reagerer på at han ikkje snakkar meir urdu. Eg-et blir minna på korleis han skil seg frå andre med pakistanske foreldre. Spesielt tydeleg blir skilnaden moglegvis fordi han berre har éin pakistansk forelder. Sjølv om dei andre har hatt fedrar som har vore like travel som hans eigen, har dei fleste ei pakistansk mor i tillegg. Gjennom sine mødrer har dei dermed ein familiesituasjon som knyter dei tettare til den pakistanske kultur. Slik blir eg-ets familiesituasjon og mellomforskap også ein kommentar på kor viktige pakistanske mødrer er for mediering av kultur. Mødrers posisjon framstår sterk for mediering av kultur, kanskje spesielt i ein 'stereotyp' familie der mor har meir tid og overskot til barnet, men òg fordi to foreldre med same kulturelle bakgrunn i større grad kan gjeve unison oppseding av barnet. Vår hovudperson har ei mor utan direkte kjennskap til den pakistanske kulturen. Han blir såleis avhengig av at faren lærer han om den pakistanske kulturen. Med tilgang på kulturen berre gjennom ein far som arbeider over evne, manglar noko av kunnskapane for eg-et.

Det litterære eg-et blir altså stoppa av andre med minoritetsbakgrunn. I tillegg blir han òg stoppa av kvite, etnisk norske barn for å ikkje vere norsk nok. I eit anna minne frå barndomen kjem eg-et i hug då ein gut krangla om kva ord dei eigentleg meinte:

Han blei stille, stirra på kvister og stein. Så reiste han seg. 'Jeg har mer rett enn deg', sa han. 'Hvorfor?' 'Fordi jeg kan norsk bedre.' 'Det er ikke sant.' Jeg kunne stave flere ord enn han. 'Mamma og pappa er fra Norge. Det er ikke pappaen din.'<sup>310</sup>

Med desse to minna ser ein at eg-et alltid blir markert som mindre enn, og aldri korkje heilt norsk eller pakistansk. Han markerast som annleis frå dei andre pakistanske ungane fordi han ikkje meistarar urdu eller ser pakistansk nok ut. Samstundes blir han av etnisk norske barn rekna som 'mindre norsk' fordi faren har ein anna etnisk bakgrunn. I desse stoppemekanismane gjer også Bourdieus forståing av splitta habitus seg gjeldande. I aller størst grad forstår eg mellomforskap og splitta habitus som synonym til kvarandre, då splitta habitus kjenneteiknast av motstridande sosiale erfaringar og forventingar. Den splitta habitusen til eg-et blir påpeikt gjennom de motstridande erfaringane det er å bli påpeikt som ikkje pakistansk nok av andre med pakistansk bakgrunn, samstundes som etnisk norske barn er tydelege på at han heller ikkje er norsk nok. Eg-ets identitet blir eit produkt av motstridande forventingar, og han må stadig overtyde om at han er pakistansk nok eller norsk nok i møte med ulike grupper.

Nokre av dei tydlegaste teikna på mellomforskap kjem fram gjennom eg-ets manglande kunnskap om og tilhøyrse til foreldras kulturar. Mora, på trass av å ha vaksen opp i Oslo, har

---

<sup>310</sup> Ibid., s. 81.

sterk tilhørsle til det ho meiner er hennar nordnorske identitet. Av det vi får vite om moras geografiske bakgrunn, ser ho ut til å vere langt fjerna frå Finnmark sjølv. Både mor og far hennar kjem frå Nord-Noreg, men berre faren hennar har vakse opp nordpå.<sup>311</sup> Moras foreldre flytta tidleg til Oslo, og det er altså i Oslo ho vaks opp. Likevel er ho tydeleg på at det å vere nordnorsk er ein viktig del av hennar identitet. Det er mogleg å stille spørsmålet om mora er såpass opptatt av sin nordnorske identitet nettopp fordi ho ikkje har noko av økonomisk verdi å hente i Oslo, hennar eigentleg heimstad. Lengselen etter nord verkar tidvis konstruert, men samstundes så sterk for ho personleg. Etter å ha kjent seg svikta av systemet i Oslo over eit heilt (uført) liv, kan det vere ei mental flukt å halde fast i sin nordnorske tilhørsle. Slik representerer livet nordpå moglegvis ein draum om noko anna enn det trasige livet ho har opplevd gjennom sitt liv i Oslo. Med det som for mora er ei relativt svak tilknytning til det nordnorske, blir eg-ets nordnorske identitet enno svakare. Gjennom moras perspektiv blir likevel det nordnorske ein viktig del av hovudpersonens identitet. Ho fortel meir om Finnmark, og lånte «[...] oppslagsverk og historiebøker [...]»<sup>312</sup> Mora er tydeleg på at ho og sonen kjem frå nord, og gjer dermed dette til ein del av hans identitet. Han utviklar, nesten på oppfordring frå mora, ei nyfikne til denne delen av hans identitet. I ein historietime på skulen oppdagar han eit lite avsnitt om Nord-Noreg, som gjer han nysgjerrig på meir: «[...] og jeg bladde gjennom hele kapittelet om andre verdenskrig i Norge, men jeg fant ikke mer enn den halve sida om halve landet.»<sup>313</sup> Eg-et står igjen utan å kunne mette svolten etter å få vite meir om moras side av familie. Slik får han den same halvveges kunnskapen til sin eigen bakgrunn på morssida som han får i møte med farens kulturelle bakgrunn.

Faren ynskjer òg at sonen skal ha kjennskap og tilhørsle til hans side av slekta. Etter at mora går frå han, er faren opptatt av kva mat sonen et heime hos mora. «‘Hva spiser dere hjemme?’ ‘Vanlige ting.’ ‘Hva?’ ‘Burger, spaghetti, fiskepinner ...’ ‘Pakistani da? Mora di kan lage noen dishes.’ ‘Noen ganger. Keema matar. Daal’ Han nikka.»<sup>314</sup> Det sonen tenkar på som de vanlege, er dei matrettane ein i større grad ser representert i den gjengse norske familiemenyen. Dette svaret viser òg avstanden han tidvis har ovanfor sin fars kultur – det vanlege er i alle fall *ikkje* det pakistanske. Likevel gjev ikkje faren seg og spør om pakistanske middagsrettar. Det blir viktig for faren at mora framleis hjelper sonen å ha kontakt med hans pakistanske, kulturelle bakgrunn. Det har vore viktig for faren å kunne gjeve sonen så mykje som mogleg av sin kulturelle kjennskap. Han har lært eg-et *lite*, men *noko* har han likevel klart

---

<sup>311</sup> Ibid., s. 66,67.

<sup>312</sup> Ibid., s. 198.

<sup>313</sup> Ibid., s. 68.

<sup>314</sup> Ibid., s. 196.

å lære sonen. «Jeg har igjen bokstaver, ord, lyder, rekkefølger, bevegelser. [...] Jeg kan al-Fatiha og an-Nas, den første og siste suraen i Koranen. Jeg mangler resten. Men det er noe, tross alt.»<sup>315</sup> Eg-et meistrar ikkje urdu, heller ikkje det vesle han har lært av faren. Sjølv om han som vaksen sitt igjen med nokre viktige element frå språket, har han i barndomen også slitt med å lære seg språkets lydar og uttalar. «‘Ikke gairuka, beta.’ Han pusta tungt. ‘Ghairuka.’ Jeg hadde håpa han ikke hørte det.»<sup>316</sup> På tross av farens tidvise korreksjonar, er det munnlege språklege vanskeleg for eg-et. Også det skriftlege språket ser ut til å vere vanskeleg tilgjengeleg for eg-et:

Forsida, som egentlig er baksida, det tar meg alltid noen sekunder før jeg omstiller meg til at boka er bundet bakfra og at alt starter fra høyre, er full av ord jeg ikke kan lese, jeg forstår bare noen av bokstavene, med trekantforma prikker, avrunda, men fulle av skarpe kanter, som liksom skjærer mot kvinnens myke ansikt.<sup>317</sup>

Ikkje berre tar det han tid å hugse leseretninga, bokstavane og orda er også ukjente for han. Han har sin fars språk på avstand, det er ikkje noko som kjem lett til han. Avstanden til den pakistanske kulturen er vi vidare vitne til då vi ser korleis eg-et oppbevarer ei skjorte han får frå faren: «Jeg åpner klesskapet i hjørnet av rommet med klærne jeg sjelden bruker, gamle vinterjakker, shalwar kameezer. Jeg henger opp skjorta han ga meg.»<sup>318</sup> Dei kulturelle plagga, tett knytt til farens kulturelle bakgrunn, blir satt i same kategori som gamle vinterjakker. Det er det han sjeldan nyttar, det han sjeldan treng. Slik markerast ein avstand til farens kultur. Det er ikkje noko han praktiserer jamleg, ikkje plagg han har med seg eller nyttar. Like sjeldan, eller sjeldnare, som ein har bruk for gamle vinterjakker, har han bruk for shalwar kameezer. Samstundes plasserast noko kulturelt fysisk mellom andre ting. I dette tilfellet plasserast eit pakistansk, kulturelt plagg mellom norske vinterplagg. Slik nyttast fysisk plassering av ting til å fortelje noko om eg-ets kulturelle plassering og hans mellomforskap. Dette er noko ein òg kan merke i den fysiske plasseringa av bustaden til eg-ets vesle familie.

Mangelfull kjennskap til foreldras kulturar gjev kjensle av manglande tilhøyrsløse – både til moras kultur og farens. Han høyrer ikkje heime i nokon av dei, og skapar dermed ikkje ein harmoni av dei to kulturane i seg. Dette blir eksplisitt kommentert då eg-et minnst ein familietur til Pakistan. Eg-et kjem i hug opplevinga av å ikkje makte å nytte seg av toaletta som var lettast tilgjengeleg i området dei var, og gleda av å finne eit europeisk toalett han ‘trygt’ kunne nytte seg av. «Først i landsbyen, hos en nabo av slektningene våre, som ved et mirakel hadde installert en europeisk do bare uka før, fikk jeg tømt meg. Jeg skal liksom være en mann

---

<sup>315</sup> Ibid., s. 173.

<sup>316</sup> Ibid., s. 156.

<sup>317</sup> Ibid., s. 16.

<sup>318</sup> Ibid., s. 207.

av to land, men turte bare gå på do i ett av dem.»<sup>319</sup> Her kommenterer eg-ets også at han kjenner seg utilstrekkeleg i sin rolle som ‘mann av to land’. Eg-ets referansepunkt avvikar både frå mor si og far sin. Han skapar referansepunkt i det han kjenner og dei romma han har fysisk tilgang på jamleg gjennom oppveksten.

Fleire av eg-ets referansepunkt spring ut frå nærmiljøet han vaks opp i. Samstundes som det litterære eg-et har manglande kjennskap til farens konkrete kulturelle element, ser han ut til å ha lite tilhørsle til moras Finnmarksidentitet. På det som verkar som gutens einaste tur til Finnmark saman med mora og halvsystema, moras dotter frå eit tidlegare ekteskap, får vi minner som vitnar om hans utgangspunkt i Groruddalen. Ein av desse er då dei er med på fisketur, og hans assosiasjonar flyttar seg heim til nærmiljøet sitt: «Den ligna på fisken i ferskvaredisken i butikken på senteret.»<sup>320</sup> Fisking, eit relativt viktig element av den nordnorske kulturen, er enno fjernt for den unge guten. Fordi han aldri har erfart den nordnorske kulturen, eller miljøet som fylgjer med å bu i bygdene langs kysten, kjem eg-et til kort i møte med sin nordnorske identitet. Også då dei kjem fram til den vesle bygda i Finnmark, vitnar eg-ets refleksjonar om ein avstand til moras heimstad:

‘Her er vi fra’, proklamerte hun. Det var vanskelig å forestille seg det da vi gikk ut av bussen vi hadde tatt fra det lille flyet på den lille flyplassen på det lille tettstedet med den sterke vinden. Ingenting her ligna på Oslo, på Dalen, på blokka.<sup>321</sup>

Det har på inga måte vore kvardagskost å vitje moras heimstad, og han er slik langt unna sin Finnmarks-identitet. Det er Groruddalen som er hans heimstad, det er der han veit kven han er og har sitt referanserammeverk. I dei konkrete møta med både mora og farens kulturar, stadfestast eg-ets mellomforskap. Både då dei reiser til Pakistan og då han seinare vitjar Finnmark framstår begge stadene som fjerne og framande.

På fleire punkt ser det ut til at mora og faren har strevd etter å la dei to kulturane møtast. På trass av at dei uttrykker ynskjer om at sonen skal ha kjennskap til deira respektive kulturelle bakgrunnar, møtast dei ofte i midten. Då foreldra gifter seg, reflekterer eg-et over korleis dei korkje valde tradisjonar frå den norske trulovings- og bryllaupspraksisen eller den pakistanske. «Mora og faren min gjorde ingen av delene. De blei via på rådhuset, med søstera mi, besteforeldra mine, en pakistansk kompis av faren min og den norske dama hans, som de eneste gjestene. Deretter spiste de middag på en italiensk restaurant.»<sup>322</sup> I slike augneblink kjem foreldra til ei felles forståing, utan at den eine eller andre kulturen har overtaket i oppsedinga

---

<sup>319</sup> Ibid., s. 59.

<sup>320</sup> Ibid., s. 217.

<sup>321</sup> Ibid., s. 214.

<sup>322</sup> Ibid., s. 35.



av sonen. Slik blir familien tidvis eit uttrykk for eit kulturelt møte. I nokre omstende visar eg-et seg som ein kombinasjon av mor si og far sin. Der han ikkje ser ut til å ha tydeleg tilhøyrse til korkje den eine eller den andres kulturelle bakgrunn, er han likevel eit menneske der dei to personlegdomane møtast. Etter at pizzabestillinga deira blei forseinka, skaffar eg-et seg ein gratis rømmedressing. Dette blir mottatt med glede av faren:

‘Jeg fikk dressing gratis’, sier jeg. ‘Gjorde du?’ Han lyser opp. ‘Bra.’ Han nikker, til seg selv like mye som til meg, føles det som. Jeg har bestått en pakistanertest. Maksimer utbyttet. Eller at jeg er som mora mi. Ikke redd for å klage. Pizzaen er fortsatt feil, men vi har gratis rømmedressing.<sup>323</sup>

Mellomforskåret viser seg her; han står med føtene i begge leirene samstundes. Faren anerkjenner han for å ha klart ein ‘pakistanartest’, samstundes som han liknar på mora si. Sonen blir ein slags møteplass som kombinerer det han får frå ei mor frå Finnmark og ein far frå Pakistan.

Det kulturelle møtet som familien hans blir eit uttrykk for, kjem også fram då eg-et reflekterer over moras framtidige gravstøtte. «Navnet hennes, vårt, kommer til å graveres inn nederst, være tydelig og annerledes, under en lang, falma rekke med navn.»<sup>324</sup> Den pakistanske faren, som mora har tatt etternamnet til, skapar eit ytre teikn på at familien eksisterer som eit kulturelt møte. Mora har ikkje gått tilbake til sitt tidlegare etternamn etter skilsmisja, og vil med gravstøtta forevige den kulturelle møteplassen kjernefamilien hennar har blitt i hennar elles etnisk norske familie. Dette framstår som eit medvitent val, ettersom mora aldri skamma seg over å vere med ein frå minoritetsmiljøet. Sjølv då ho møtte motstand frå ein framand som tilfeldig ringte dei – «Først flere år seinere fortalte hun hva han hadde sagt. ‘Du er en skam, din jævla pakkishore.’»<sup>325</sup> - stod ho stødig i sin relasjon. Det skal gravstøtta vitne vidare om. Den same vilja til å representere familien sin framvisar ho ovanfor sin eigen storfamilie. Eg-et fortel om korleis han har blitt fortalt at mora tvang oldefaren til å møte han då han blei fødd: «Mora mi hadde fått det som hun ville. Hadde tvunget den gamle mannen til å se det han ikke ville se. For det hadde han sagt da jeg blei født, at et oldebarn med en far fra Pakistan, det hadde han ingen ønsker om å møte.»<sup>326</sup> På trass av den familien mora kjem frå, er ho på ingen måte unnskyldande for den familien ho har vore med på å skape. Ho held fast på namnet, ho vikar ikkje i møte med rasistiske utsegn og yter mostand. Vidare forsøker ho etter beste evne å gjere sonen så komfortabel i sin pakistanske identitet som ho kan. Dette ser vi mellom anna er noko som skjer under den nemnde Finnmarksferien. Halvsystema har med seg ein kassett med

---

<sup>323</sup> Ibid., s. 132.

<sup>324</sup> Ibid., s. 221.

<sup>325</sup> Ibid., s. 76.

<sup>326</sup> Ibid., s. 78.

pakistansk musikk. Medan dei lyttar, stiller halvsystema spørsmål om broren kan orda, og mora heng seg på – ho har også plukka opp det eine og det andre frå eksmannens språk. «‘Dil er hjerte’, sa mora mi. ‘*Pyaar, namaaz, masjid.*’ Jeg la trykk på orda jeg visste hva betydde, en sang jeg ikke kunne skikkelig, men som jeg kunne bedre sammen med dem.»<sup>327</sup> Songen kan han betre i selskap med familien enn han kan den aleine. Han legg trykk på orda han forstår. I eit trygt rom lar han sin fulle identitet kome fram i lyset.

### 5.3. Om å miste tilknytningar

Ei oppleving som blir sentral og, tilsynelatande, verdsdefinerande for romanens eg er at faren hans forlèt Noreg til fordel for heimlandet sitt. Det er ei oppleving som er unik for dei i ein familiesituasjon med ein norsk og ein ikkje-norsk forelder. *De kaller meg ulvens* eg reflekterer rundt det å miste den geografiske nærleiken til sin eigen far, og opplever sjølv at han står i fare for å miste ein sentral av sin identitet. Særleg denne erfaringa er ei journalist Yohan Shanmugaratnam kan vere med på å klargjere I *Klassekampen*-artikkelen «Diasporaens lydverk» analyserer han Karpe-låta «BARAF/FAIRUZ». Om den særreigne sorga migrantbarn opplever når deira foreldre døyr skriv han:

Denne sorgen som inntreffer når en forelder er i ferd med å forsvinne, er selvfølgelig ikke forbeholdt migrantbarn. Men den får et ekstra lag hos oss, kanskje fordi vi mister vår viktigste kobling til en del av verden og historien som vi prøver å bære i oss, men som føles så fjern.<sup>328</sup>

Romanens forteljar har gjennom sine refleksjonar over eige barndom og familiære relasjonar vist seg som tett knytt til faren sin. På trass av at han har varierende kjennskap til det konkrete ved farens kultur, er det ein sentral del av ham. Gjennom oppveksten har faren forsøkt å bygge bru for sonen, og vore eit viktig bindeledd til Pakistan og pakistansk kultur. Eg-et reflekterer over farens rolle som brubyggjar: «Han har reist så uendelig mye lenger enn meg, er så mye større, jeg kommer til kort, jeg klarer ikke trekke sammen kontinenter som ham. Snart skal han slippe å være så stor, slippe å strekke seg så mye for oss.»<sup>329</sup> Utan faren i geografisk nærleik kjenner eg-et at han står i fare for å miste ein sentral del av sin identitet og det som knyter han til farens land. Sjølv om faren i delar av livet har valt arbeid ovanfor kulturell mediering, har han gjort det han kunne for å trekke saman sitt og sonens fødeland, i håp om å gjere det pakistanske til ein del av sonens identitet. Når det er eg-ets tur, klarar han ikkje vere den same brubyggjaren for sitt barn som faren har vore for han. Der faren tidvis, spesielt etter å ha blitt

---

<sup>327</sup> Ibid., s. 218.

<sup>328</sup> Shanmugaratnam, «Diasporaens lydverk», 2022.

<sup>329</sup> Shakar, *De kaller meg ulven*, 2022, s. 205.

ufør, har stått på for å lære sonen noko av språket sitt, av kulturen og religionen sin, 'feilar' eg-et. Mykje av det faren har lært han er gløymt, og det vesle han står igjen med ser han ikkje ut til å lære vidare til dottera.: «Men det er noe, tross alt. Det er mer enn jeg har lært Mariam.»<sup>330</sup>

Shanmugaratnam skriv vidare i si tolking av Karpe: «En dag etterlater foreldrene oss her, mellom stedene de forlot og stedet de prøvde å bli en del av.»<sup>331</sup> Shanmugaratnam tar utgangspunkt i erfaringa av å vere barn av *to* migrantforeldre – der begge foreldra representerer ein draum om noko betre for sine barn, og samstundes har den same kulturelle bakgrunnen. Likevel finn vi ein gjenklang av Shanmugaratnams poeng i eg-ets frustrasjon over å miste faren. Men så kva med den (nord)norske mora? Mora har allereie forlete Oslo, kvifor ser det ikkje ut til at eg-et kjente på den same desperasjonen når ho drog frå han? Noko av dette kan skuldast den same kjensla Shanmugaratnam nyttar for å forklare korleis å miste foreldre har eit ekstra lag hos migrantbarn: «fordi vi mister vår viktigste kobling til en del av verden og historien som vi prøver å bære i oss, men som føles så fjern.»<sup>332</sup> Moras norsksdom er å gjenfinne overalt rundt eg-et, i nabolaget, på arbeidsplassen, på dotteras skule. Med moras vage Finnmarks-identitet og Oslo-oppvekst, er det ingen konkrete kulturelle element eg-et må kjenne for å kjenne seg nær mor si – slik det har blitt med faren. Han må altså ikkje kunne eit eige språk, ein religion eller andre kulturelle normer for å vere nær mora. At mora flyttar nordover har dermed ikkje dei same implikasjonane for eg-et som det har at faren hans dreg til eit anna land. Faren har representert sonens *einaste* konkrete tilknytning til ein kultur han kjenner for dårleg. Han pregast av dårleg samvit for å ikkje ha brukt tida med faren for å lære det han kunne, og for at han ikkje har kunne gjeve kulturen sin vidare til dottera. Der han uttrykker glede for at mora har fått seg bustad i ei lita bygd i Finnmark, er det heller eit tap at faren reiser heim til Pakistan.

Eg meiner òg at eg-ets eigen familiekonstellasjon, samansett av han, sambuaren og dottera, spelar ei vesentleg rolle i refleksjonane eg-et gjer rundt tapet av faren, dersom ein kallar det det. Utanom at sambuaren heiter Ada, får vi lite kjennskap til ho. Kva bakgrunn ho sjølv har, og kva rolle ho spelar i eg-ets problematikk er ikkje noko lesaren får svar på. Det som likevel er klart er at eg-et kjenner seg totalt einsam i sin situasjon. Det er ikkje ein problematikk eller byrde han kan dele med Ada, og han står heller i situasjonen heilt på eige hand. Sorga over at faren dreg deler han ikkje med ho, og han deler heller ikkje byrden om å vidareføre kulturarven til dottera. Det kan derfor sjå ut til at Ada har etnisk norsk bakgrunn, og at det er derfor eg-et kjenner seg så valdsamt aleine i situasjonen. Dersom ho òg hadde pakistansk

---

<sup>330</sup> Ibid., s. 173.

<sup>331</sup> Shanmugaratnam, «Diasporaens lydverk», 2022.

<sup>332</sup> Ibid..

bakgrunn, ville dei delt den byrda om å vidareformidle kulturelle element til Mariam. Samstundes påpeiker eg-ets mor korleis Mariam får gåver til både muslimske og kristne høgtider – noko som kan forsterke mistanken om Adas norske bakgrunn. Det essensielle er likevel at eg-et opplever det som om han aleine er ansvarleg for å bygge bru mellom farens kultur og dottera, og sorga av å miste faren framstår som hans sorg aleine. Samstundes kan ein seie at mødrers posisjon og viktigskap igjen påpeikast – eg-et er aleine ansvarleg for å gjeve dottera kulturell kjennskap, og Mariams kjennskap til den pakistanske kulturen kunne vore monaleg betre ved å òg ha ei mor med pakistansk bakgrunn. Slik familiekonstellasjonen er, blir Mariams situasjon lik eg-ets, berre med enno meir avstand. Mariams pakistanske identitet blir på sett og vis den same som eg-ets Finnmarks-identitet.

Romanens eg er tydeleg på farens avreise er eit stort tap, og uttrykker frustrasjonen han kjenner på i klartekst: «Jeg veit ikke hva jeg skal gjøre når han drar.»<sup>333</sup> Samstundes forventar og ynskjer han at faren skal ombestemme seg – bli i Oslo og flytte inn på gjesterommet til sonen: «Fortsatt venter jeg på at han skal stoppe, utsette, snu og gå mot parkeringsplassen.»<sup>334</sup> Det er ein desperasjon i eg-ets tone, som ynskjer meir enn noko anna at faren skal bli i Oslo. Det opplevast for eg-et at å skulle miste sitt einaste pakistanske familiemedlem i Oslo vil vere å miste si tilknytning til den pakistanske kulturen.

Med sitt mellomforskap og sine referansepunkt er det tydeleg for det litterære eg-et at han står på avstand frå sin fars kultur. Når faren no vel å reise heim, står han vidare i fare for å miste den siste konkrete tilknytninga til sin pakistanske identitet – og moglegskapane for å nærme sin pakistanske identitet i selskap med faren. Det er openberr ei skilnad i å miste ein far på grunn av dødsfall og på grunn av fråflytting. Likevel vil det ikkje vere mogleg for sonen å nærme sin pakistanske arv på same måte med faren når den geografiske avstanden blir så stor. Samstundes framstår det nærast som eg-et handsamar fråflyttinga med like stor sorg *som om* faren skal døy. Medan han har hjelpt faren å rydde og pakke ned hans kommunale bustad, har han fått med seg nokre klenodium for å minnast faren. Når han kjem heim til seg sjølv, forstår han at utan faren har dei ikkje lenger same tyding:

Jeg snur meg og ser på tinga på bordet. De føles plutselig kunstige. Bilder, skjorter, historier, de er mine, men de er fremmede uten ham, som noe en safariturist har tatt med seg hjem i stua, antilopeskinn og bongotrommer.<sup>335</sup>

Utan nærleik til faren, mistar også tinga si tyding. Utan faren er han ikkje meir enn ein turist i eigen kultur. Faren har etterlete han, mellom staden han forlét og staden han i fleire år forsøkte

---

<sup>333</sup> Shakar, *De kaller meg ulven*, 2022, s. 207.

<sup>334</sup> *Ibid.*, s. 223.

<sup>335</sup> *Ibid.*, s. 180.

å bli ein del av. Shanmugaratnam utdjupar at etter å ha blitt forlate av foreldra etter deira bortgang – eller i vårt tilfelle farens heimreise – er det bornas tur: «Når det blir vår tur, vil vi se tilbake for å forsikre oss – og dem – om at vi klarte å komme et skritt nærmere.»<sup>336</sup> Eg-et uttrykker sorg over å ha lært Mariam enno mindre om den pakistanske kulturen enn hans far lærte han. Han forsøker å bygge ei bru mellom si dotter og sin fars kultur, men syns sjølv han kjem til kort samanlikna med faren. Foreldrenes arv forplantar seg nedover i generasjonar, og Mariams tilknytning til Pakistan har no blitt den same som eg-et sjølv har til moras Finnmarks-identitet.

På veg opp mot huset, etter å ha sagt hadet til faren på flyplassen, ser eg-et på heimen sin og reflekterer: «Jeg ser opp på huset vårt. Det firkanta bygget. Vinduene som lyser. Kjenner varmen fare gjennom kroppen. Jeg kan bare gi dem det jeg klarer. Det er nok, jeg veit det.»<sup>337</sup> Det han har å gjeve, er nok. Dette gjeld både for den økonomiske kapitalen han har opparbeida og dei kulturelle inntrykka han no kan gjeve dottera.

#### 5.4. Oppsummerande drøfting

Ved kapittelets opning stilte eg først spørsmål om korleis *De kaller meg ulven* framstiller hovudpersonens minner om eigen barndom, og kva rolle økonomi har hatt i oppveksten hans. På trass av familiens dårlege økonomiske utgangspunkt, har eg-ets foreldre gjort sitt for å trygge og sikre sonen. Dei har vidare oppfordra sonen til å kunne skape eit betre liv for seg og sine når den tid kjem. Likevel er eg-ets skildringar prega av noko som liknar forbitring når han reflekterer rundt mangelen på økonomisk arv. Eg-et er oppgitt over at faren aldri søkte lån i Husbanken, slik at han kunne hatt noko å selje eller noko å gjeve

vidare når han drar. Han er også frustrert over moras økonomiske situasjon, som eg har påvist at forfølger ho frå barndomen av. Det er òg i desse skildringane eg meiner romanens samfunnskritiske element syner seg, og at romanpersonane uttrykker samfunnskritikk ved å kritisere eit system og byråkrati som har gjort livet deira vanskelegare. Eg-et har, på trass av eit liv med økonomisk påkjenning, sikra ei arv han kan etterlate sin familie når den tid ein gong kjem. Han har sikra seg eit solid grunnlag, og veks slik frå foreldra sine. Gjennom oppveksten opplever eg-et kjensler av mellomforskapskap, som hindrar han frå å kjenne tilhøyrsløse til både den norske og den pakistanske kulturen. Ved å bli utsett for motstridande forventingar, viser eg òg at det i mellomforskapskapet oppstår ein splitta habitus for eg-et. Spesielt synleg blir den splitta

---

<sup>336</sup> Shanmugaratnam, «Diasporaens lydverk», 2022.

<sup>337</sup> Shakar, *De kaller meg ulven*, 2022, s. 228.

habitusen då både ein pakistansk gut og ein norsk gut påpeiker korleis eg-et korkje blir sett som norsk nok *eller* pakistansk nok. Eg stilte innleiingsvis spørsmål om korleis mellomforskapet kjem til uttrykk i romanen, og har undersøkt korleis mellomforskapet materialiserer seg gjennom skildringar både av minner og notidshendingar. Gjennom djupdykk i minnebanken tar romanens litterære eg oss med på det gode og vonde i oppveksten sin. Ein blir vitne til korleis eg-et blir utsett for stoppemekanismar. Det som skil denne opplevinga frå dei vi såg i *Tante Ulrikkes vei* og *Gul bok* er at eg-et opplever at det kjem frå både andre norske barn og andre pakistanske barn. Av pakistanske barn blir hans manglande kjennskap til urdu trekt fram som eit poeng som gjer han 'ikkje-pakistansk-nok'. Av norske barn blir hans språkkunnskapar avskrive på grunn av hans etniske bakgrunn. Gjennom skildringar av både barndom og vaksenlivet blir det tydeleg at eg-et er svolten etter meir kjennskap til sin kulturelle bakgrunn – både frå mors- og farssida. På trass av å ha to sterke personlegdomar, står eg-et igjen utan reell tilhøyrsløse til nokon av foreldras kulturar. Eg-ets referansepunkt blir i staden nærmiljøet han veks opp i – nemleg Groruddalen. Korkje mora eller farens bakgrunn har fått overtak i oppsedinga av eg-et, og han står rotlaus igjen. Det er kanskje derfor eg-et er så prega av at faren no flytter tilbake til Pakistan. For eg-et opplevast det nærast som faren går bort, i staden for at han frivillig flyttar frå landet. Det siste spørsmålet eg stilte innleiingsvis gjaldt nettopp denne erfaringa – korleis handsamar eg-et at han mistar sin nærleik til faren og dermed ei viktig del av sin kulturelle identitet? At faren drar er tydeleg opprørande for eg-et, og han opplever at han blir redusert til å ein slags turist i møte med sin fars kultur etter at han drar. Han har fått med seg klenodium heim medan han hjalp faren å rydde og pakke, men opplever ikkje lenger å ha noko tilknytning til dei etter å ha kome heim. Dei har mista si verdi utan farens nærleik. Eg-et har levd eit liv prega av opplevd mellomforskap og dårleg økonomi, og utviklar ei uro for at han ikkje skal klare å etablere arv til si eiga dotter. Med tid har eg-et gløymt brorparten av det vesle han har lært av faren om pakistansk kultur og språk, men han veit jo likevel *noko*. Etter fleire turar til minnebanken over lenger tid, blir eg-et til sist klar over at det han har å gjeve dottera er nok. Han opparbeider ein ny minnebank han kan etterlate si dotter med tida.

Akkurat kva som gjer Shakars skildringar spesielle er noko eg avslutningsvis ynskjer å dvele ved. For kva gjer eg-ets posisjon unik, og kva gjer dette farsportrettet så sårt og viktig? Det var trass alt farsportrettet som vart trekt fram av resepsjonen som noko av romanens største styrke. Noko av styrken ved romanen er nettopp at den skildrar noko allment. Kjensla av å vekse frå foreldra våre, og frykta for å miste kjennskap om kven våre forfedrar var, er noko ein uavhengig av kulturell tilhøyrsløse kan kjenne igjen. Kor mange av oss veit noko særleg om dei kulturelle føresetnadane som konkret prega våre besteforeldre eller oldeforeldre? Frykta for å

miste foreldre og for at forfedrane skal bli ubetydeleg er ei som følgjer menneske frå barndom til vaksen. Sjølv om det i denne kjensla er mykje å kjenne seg igjen i, er det likevel ikkje *nett* det same. Shanmugaratnam slår fast at det å miste foreldre får eit ekstra lag hos migrantbarn nettopp fordi dei også mistar ei tilknyting til ein kultur underrepresentert i Noreg. Det er ikkje berre snakk om å ikkje vite kva forfedrane sysla med, men å stå i fare for å miste ei sentral tilknyting til foreldras kultur og historie, som går tapt på ein anna måte når kulturen er ikkje-norsk. Dette er noko av det som gjer Shakars skildringar om å miste ein far spesielle, og til noko *meir* enn ein variasjon av eit narrativ som allereie er godt nytta i litteraturen.

## 6.0. Shakars Oslo-trilogi

Gjennom meir konkrete spørsmål har eg undersøkt Shakars romanar i lys av korleis dei uttrykker minoritets- og klasseerfaringar. I dette avsluttande kapittelet vil eg samle prosjektet med eit meir komparativt blikk. Eg, som så mange av kritikarane, meiner at det er mogleg å sjå romanane som ein slags Oslo-trilogi. Dersom ein går med på denne premissen kan det føre til ei betre forståing av korleis økonomisk påkjenning og stoppemekanismar fungerer i samfunnet. Vidare kan ein òg sjå korleis dei ulike strukturane og mekanismane affekterer dei som blir utsett for dei. Det er tre spørsmål eg skal ta for meg i dette kapittelet; korleis må ein forstå omgrepet 'trilogi' for å nytte det på Shakars romanar? Korleis ser økonomisk påkjenning og stoppemekanismar ut i dei ulike livsfasane dersom vi forstår romanane som inngåande i ein trilogi? Og, til slutt, korleis fungerer forteljarteknikkane i dei ulike formane? Med tre romanar som tematisk sett liknar kvarandre, og inngår i ein Oslo-trilogi, framstår det nærast naudsynt å undersøke forteljarteknikkens funksjon. Med utgangspunkt i ulike livsfasar, lik tematikk og ulik forteljarteknikk vil eg undersøke trilogispørsmålet tyding i møte med Zeshan Shakars romanar. Slik blir min måte å angripe trilogispørsmålet todelt – det er snakk om lik tematikk, med ulike forteljarar. Vidare i dette kapittelet skal eg først sondere trilogiomgrepet, for deretter å undersøke korleis det å sjå romanane som ein trilogi kan påverke korleis ein opplever framstillinga av stoppemekanismar og økonomisk påkjenning. Eg vil deretter gjere greie for dei ulike forteljarteknikkane, og korleis dei fungerer i møte med dei enkelte romanane. Til sist skal eg gjere meg nokre avsluttande merknadar for prosjektet, som vil fungere som ein konklusjon for den samla oppgåva.

### 6.1. Trilogispørsmålet

Påstanden om at Shakars romanar inngår i ein Oslo-trilogi blei ofte nemnd i resepsjonen av romanane, spesielt ved utgjevnaden av siste roman *De kaller meg ulven*. Omgrepet 'trilogi' er på ingen måte eit nytt omgrep, men gjer likevel krav på ein definisjon for drøftingas skuld. I *Litteraturvitskapeleg leksikon* (2007) definerast omgrepet på følgjande måte:

**Trilogi** (av gr. *tres*, 'tre' og *logos*, 'ord, tale'), opprinnelig betegnelse for at tre verker som helhet utgjør ett verk. I gresk teater på 400- og 300-tallet f.Kr. bestod trilogien av tre tragedier, som sammen med et etterfølgende satyrspill utgjorde en ► tetralogi, oppført ved de athenske dionysosfestene. Aiskhylos er den første dramatikeren som tar formen i bruk, og den eneste bevarte tragedietrilogien fra antikken, *Orestien* (458 f.Kr.), er av hans hånd. De greske tragedietrilogiene var likevel oftest en samling av hver for seg frittstående dramaer både i motiv og tematikk.

Trilogi anvendes nå helst om en romantrilogi, der tre i seg selv selvstendige romaner følger en persons eller slekts liv, eller omhandler samme emne. Ofte er de tre verkene utgitt hver for seg med en tids mellomrom, f.eks. Sigrid Undsets *Kristin Lavransdatter*, der en



middelalderkvinnens liv fra fødsel til død fremstilles i tre bind: *Kransen* (1920), *Husfrue* (1921) og *Korset* (1922).<sup>338</sup>

Leksikondefinisjonen opererer med omsyn til både det historiske og korleis ein no nyttar seg av omgrepet. Eit poeng som går igjen på tvers av historisk utvikling, både for historiske trilogiar ala antikke tragediar og notidstrilogien, er tematisk likskap og emnelikskap. Det er likevel definisjonens siste del eg ynskjer å rette fokus mot, nettopp fordi det er den delen som omhandlar romanar. I tillegg er det eit krav frå definisjonen om at verka må fungere frittstående. Sjølv om *Litteraturvitenskapelig leksikon* nyttar Sigrid Undsets livsfasetrilogi *Kristin Lavransdatter* (1920-1922) som døme, kan også romantrilogi definerast ut frå om dei omhandlar det same emnet. Dette har vi sett at skjer med, mellom anna, Karl Ove Knausgårds *Morgenstjernen*-univers. Knausgårds romanar *Morgenstjernen* (2020), *Ulvne fra evighetens skog* (2021) og *Det tredje riket* (2022) blei av NRKs litteraturkritikar Marta Norheim omtala som ein trilogi basert på at dei har eit felles prosjekt om å utvide vår forståing av verda: «Eg ser ‘Det tredje riket’ og dei to føregåande romanane som eit forsøk på å utvide perspektivet på livet.»<sup>339</sup> Dette gjer ho på trass av at dei har ulik handling og ulike persongalleri.

Eg meiner det er langs den moderne forståinga av ‘trilogi’ vi må vurdere omgrepet for å kunne nytte det på Shakars romanar. Dei står fullstendig frittstående i forhold til kvarandre, i persongalleri, tidsrom og fysisk handling. Romanpersonane er fullt utvikla individ og busett i ulike områder i Oslo og med tidvis ulike utgangspunkt. Likevel har romanane ein emnelikskap. Med innfallsvinkelen eg nyttar for å lese romanane, har eg vist at i lys av klasse- og minoritetserfaringar finns det tematikklikkskap på tvers av romanane. Dei skildrar erfaringar av stoppemekanismar, rasialisering og økonomisk påkjenning. Tematikken i ein slik trilogi blir dermed samfunnsaktualiserande – og kan kaste eit lys over korleis det er å skulle ha ulik kulturell bagasje. Det som gjer trilogispørsmålet særleg interessant i møte med Shakars romanunivers er nettopp at ein i så fall får sjå fleire liv i ulike livsfasar. Vi følger ulike liv frå dei er tenåringsar, til ung vaksen – og til slutt til etablert vaksen. Ser ein på Mos føresetnadar og utvikling kunne ein sett for seg at det var Mo ein følgde inn i vaksen alder. Dersom han kjem seg opp igjen etter avslutninga av *Tante Ulrikkes vei* er jo eit opent spørsmål, men det er likevel han som har høve til universitetsutdanning, slik som Mani, og som i størst grad har høve til å oppnå livet til eg-et i *De kaller meg ulven*. Å lese romanane som ein trilogi tyder altså at ein kan undersøke utviklingane i livsfasane. Uavhengig av at ein kunne sett for seg at Mo var ein hovudperson alle dei tre romanane kunne handla om, er det tydeleg at dei individuelle

---

<sup>338</sup> Lothe et al., *Litteraturvitenskapelig leksikon*, 2007, s. 234.

<sup>339</sup> Norheim, «Knausgård utvidar universet», 2022.

hovudpersonane har fleire fellestrekk. Dei har dårleg økonomisk utgangspunkt og dei lev i eit samfunn der korta er skeivfordelte. Romanane formidlar strukturar som personane blir offer for gjennom sine levde liv, og slik har romanpersonane òg ein felles situasjon.

Jamfør mi lesing av romanane er det tydeleg at dei deler tematisk innhald, i den grad alle romanane skildrar korleis erfaringar ein gjer seg når ein veks opp som barn av innvandrarar og som ein del av dei lågare samfunnslaga. I tillegg, som *Bergens Tidendes* Erlend Liisberg påpeika,<sup>340</sup> rører Shakar seg stadig i det same geografiske landskapet gjennom alle dei tre romanane. Med denne forståinga av omgrepet trilogi, meiner eg at ein kan forstå *Tante Ulrikkes vei*, *Gul bok* og *De kaller meg ulven* som ein Oslo-trilogi. Der *Kristin Lavransdatter* fortel om same kvinne i livets ulike fasar, har personane i Shakars Oslo-trilogi noko av det same utgangspunktet utan å vere dei same personane. Fordi romanane til Shakar formidlar tre ulike livsfasar, kan ein også sjå denne trilogien som eit livsfaseverk – berre med ulike personar.

## 6.2. Utviklingar og effektar av økonomisk påkjenning og stoppemekanismar

Å akseptere Shakars romanar som ein tematisk trilogi, opnar for å sjå korleis økonomisk påkjenning og stoppemekanismar påverkar og utviklar seg gjennom levde liv i ulike fasar. *Tante Ulrikkes vei* framstiller to tenåringsgutar i det dei står på terskelen til vaksenlivet. *Gul bok* skildrar livet til ein ung mann i etableringsfasen av livet, ferdig utdanna og på leiting etter å forbetre sin situasjon i samfunnet. *De kaller meg ulven* tar for seg livet til ein etablert, vaksen mann som har fast arbeid, sambuar og barn. Med dette utgangspunktet kan ein forstå romanane som ein variant av den etablerte oppvekstromanen, der ulike livsfasar blir skildra over fleire verk. Samstundes knyt andre faktorar – klasse, minoritetsbakgrunn og oppvekst – romanane saman. Å skulle sjå på utviklingane av økonomisk påkjenning, og stoppemekanismar vil innebere å ta frå romanpersonane noko av deira individualitet. Likevel meiner eg det er fordelaktig, for det komparative blikks skuld, å handsame dei som om dei tilhøyrer same utvikling.

Når det er snakk om korleis den økonomiske påkjenninga ser ut på tvers av romanane, ser ein det tydelegast i trongen etter å eige meir. Dette er noko stadig aukar og som blir meir uttalt, etterkvart som personane blir eldre. Når vi møter ungdommane i *Tante Ulrikkes vei* er deira trong etter utdanning og betre økonomi i stor grad motivert av å følgje foreldras ynskje om eit betre liv (slik som for Mo) eller å hjelpe mora økonomisk (slik som for Jamal). Etter eit liv prega av dårleg økonomi, har det i *Gul bok* nærast blitt ein altoppslukande attrå for Mani å

---

<sup>340</sup> Liisberg, «Forfatteren av 'Tante Ulrikkes vei' viser igjen at han er et fortellertalent utenom det vanlige.», 2020.

skulle sikre seg betre lønn på jobb. Til slutt møter vi eg-et i *De kaller meg ulven*, som uttrykker sorg over at foreldra ikkje har meir å etterlate han reint økonomisk – han står utan økonomisk arv etter sine uføre foreldre. For Shakars Oslo-trilogi kan det sjå ut som at ein blir meir og meir svolten etter økonomisk tryggleik med alderen, spesielt når utgangspunktet er økonomisk utrygge. I det minste blir det meir eksplisitt i takt med utviklinga av livsfasane. Dette kan skuldast at etterkvart som ein veks opp så vil økonomi ha større direkte innverknad på kvardagen. Eg-et, i motsetting til Mo, er avhengig av økonomisk kapital for å betale eventuelle hus- og billån, daglegvarer og liknande daglegdagse utgifter. I tillegg har eg-et eit større økonomisk ansvar, nettopp fordi han har sambuar og barn som inngår i hans familieøkonomi – Mani, til dømes, var strengt tatt berre ansvarleg for seg sjølv. Samstundes har denne trongen etter økonomisk tryggleik surna til ei forbitring for eg-et, medan det for Mani er ein pasjon å auke sin økonomiske kapital. *De kaller meg ulvens* eg veks frå foreldra reint økonomisk, og arvar heller ingenting av økonomisk verdi. Tidvis er han bitter ovanfor faren som aldri tok lån i Husbanken, og han dveler ved mangelen på arv. Ser ein dei tre romanane i samanheng, er det tydeleg at det å stadig vere økonomisk utsvelta (i form av manglande økonomisk kapital) er noko som pregar ein langt ut i vaksenlivet. Vi ser også at økonomisk påkjenning kan vere ein motivasjon for universitetsstudium og betre jobbar enn det foreldra deira hadde. Med unntak av Jamals situasjon, som heller stagnerer og sluttar på skulen, kjem dei tre andre seg opp og ut. Både Mani og eg-et i *De kaller meg ulven* har kome seg gjennom universitet, og fått jobbar som sikrar dei betre livskår enn foreldra deira hadde. Mo, på si side, forsøker å kome seg opp og ut av si skjebne, men blir til slutt, i alle fall midlertidig, hindra av stoppemekanismane han ser rundt seg. Likevel er avslutninga av *Tante Ulrikkes vei* såpass open at den ikkje utelukkar at Mo til sist ender med ei universitetsutdanning.

Med dei momenta eg framhevar – økonomisk vekst, klasse, å klatre på rangstigen – er det vanskeleg å ignorere at Shakars romanar samla sett òg kan likne ein klassereiseroman, med eit innvandrarperspektiv. Mani har tydeleg kome langt i sin klassereise, sjølv om han ikkje kjem seg heilt i mål – han har betre jobb, tener betre enn faren har klart, men kjem seg likevel ikkje ut frå sitt geografiske utgangspunkt på Haugenstua. Eg-et, derimot, har fullført sin klassereise. Han har vakse frå foreldra sine reint økonomisk og har etablert seg i eit betre geografisk område, dersom ein målar i økonomisk verdi. Han kan sjå tilbake på foreldras historie og sin eigen barndom med sinne og håp om meir fordi han veit korleis ‘meir’ ser ut. Det er vanskeleg å seie om Mo eller Jamal kjem til å klare ein klassereise ved romanens slutt, men om vi følgjer tanken om at Mani *kan* vere hovudpersonen på tvers av romanane kan ein spore ein klassereise frå Mo til eg-et. Går ein ut frå at Mo til slutt kjem seg gjennom universitetet, skaffar seg ein trygg jobb

(slik Mani gjer) og etablerer seg slik eg-et har gjort ved opninga av *De kaller meg ulven*, kan ein også lese romanane som ein trilogi med klassereise som tema.

Dei eksterne stoppemekanismane, på si side, ser ut til å vere vedvarande og relativt like gjennom livets ulike fasar. Å bli eldre sett ikkje noko stoppar for å bli marginalisert. Både Mani og Jamal opplever å kjenne seg diskriminert i møte med tilsetjingsprosessar på arbeidsplassar. Det er like eksistensielt for dei begge å få seg jobb. For Jamal står det om å kunne betale for mora og veslebroren, og for Mani står det om å kunne nære ein livsstil han fram til romanens byrjing berre har drøymt om. Sjølv Mo, som av dei rundt seg blir sett på som ein ‘velintegret’ ungdom, blir stoppa på mistanke for ulovleg innvandring – berre på grunn av hudfargen han har. Mani opplever å kjenne seg marginalisert på grunn av etnisitet i jobbsøkarprosessen, og Jamal blir nytta som eit bilete i den innvandringskritiske debatten. Uansett om ein strever etter å bli akseptert av majoriteten, slik Mo i brorparten av romanen gjer, blir ein på eit tidspunkt offer for rasialisering og stoppemekanismar. Det ser ut til at uansett kva ein gjer, vil ein aldri sleppe unna stoppemekanismar. Ein vil aldri vere ‘god nok’ på grunn av samfunnsstrukturar eller i majoritetens auge. Det har ingenting å seie korleis du oppfører deg, eller korleis du kler deg. Den som i aller minst grad skildrar eksterne stoppemekanismar på notidsplanet ser ut til å vere eg-et i *De kaller meg ulven*. Det er få skildringar av eksterne stoppemekanismar, med unntak av dei gongane andre barn påpeiker han som korkje norsk nok eller pakistansk nok. Likevel pregar mellomforskapet han gjennom romanen, og ein kan sjå at eg-et i kjensla av mellomforskapet uttrykkar tydelege internaliserte stoppemekanismar. Gjennom skildringar både frå notid og fortid, påpeiker eg-et sjølv korleis han opplev seg sjølv som utilstrekkeleg både i sin pakistanske identitet og sin Finnmarks-identitet. Sjølv i vaksen alder har han ikkje slått seg til ro i sin pakistanske identitet, og han uttrykker uro for store kunnskapshól når han no har ansvaret for å lære dottera si om deira pakistanske arv. Mellomforskapet veks fram som ein konsekvens av at han ikkje har blitt akseptert i samfunnet rundt seg, og fordi det er motstridande forventingar til han frå andre norsk-pakistanarar og andre etniske nordmenn. Det er nettopp mellomforskapet som dannar grunnlaget for romanen, og det er det han reflekterer over frå første til siste side i romanen. Slik blir det synleg at eksterne stoppemekanismar og rasialiseringssprosessar fylgjer ein gjennom livet, uansett kor ‘suksessfull’ ein skulle vere. I tillegg viser denne måten å lese romanane på korleis eit liv prega av rasialisering og dårlege økonomiske kår har effektar og ringverknadar vidare i livet. Gjennom *De kaller meg ulven* vitnar lesaren ein far som har blitt såpass prega av kjensla av mellomforskapet at han nærast mistar sin identitet, og samstundes sørger over sin mangelfulle evne til å vidareformidle til dottera si.

Når det kjem til dei interne stoppemekanismane, ser ein at dei tydelegast oppstår i *Tante Ulrikkes vei* og *Gul bok*. *Tante Ulrikkes vei* og *Gul bok* pregast av at alle hovudpersonane tilbringer monaleg tid med andre som òg har minoritetsbakgrunn. Dei deler mykje av det same erfaringsgrunnlaget og har alle vore utsett for eksterne stoppemekanisar gjennom oppveksten. Eg har mellom anna vist at i *Gul bok* er det Selma som ofte påpeiker stoppemekanisar ovanfor Mani. I miljø der fleire har opplevd dei same samfunnstrukturane, er det fleire som er med på å stadfeste og peike ut strukturane for dei rundt seg. Innanfor slike miljø, kan det skje at personane blir enno meir merksam på dei strukturane og haldningane i samfunnet som har som formål å undertrykke dei. Dette kan gjere dei meir føredømmende ovanfor den kvite majoritet. Det at dei dermed *kan* vere meir føredømmende, kan vidare gjere at dei i større grad internaliserer stoppemekanismane. Fråværet av interne stoppemekanisar i *De kaller meg ulven* kan rett og slett vere ein konsekvens av at eg-ets historie i størst grad dreier seg om familieforhold. Eg-et er sjeldan i samtale med andre med minoritetsbakgrunn, anna enn sin eigen far og dei møta han fortel om frå barndomen. Mykje av historia spring ut frå minnebanken. Likevel er skildringane av mellomforskapet òg prega av internaliserte stoppemekanisar. Eg har tidlegare påpeika korleis mellomforskapet nok spring ut frå å ikkje bli akseptert av samfunnet som korkje norsk nok eller pakistansk nok. Vidare ser mellomforskapet ut til å stadig stadfestast av eg-ets internaliserte stoppemekanisar. Slik det skildrast lesaren, påpeiker eg-et sjølv at han ikkje strekk til. Sjølv om det er tilfelle der han får mellomforskapet påpeikt utanfrå – den pakistanske gutens kommentar om at eg-et ikkje forstår nok urdu, til dømes – kjem kjensla av mellomforskapet i størst grad innanfrå. Det er han sjølv som påpeiker korleis han ikkje forstår språket nok, ikkje hugsar leseretninga for urdu og det er han som opplever seg sjølv som framand i farens kultur.

### 6.3. Forteljarteknikkens påverknad

Sjølv om ein på mange måtar kan lese *Tante Ulrikkes vei*, *Gul bok* og *De kaller meg ulven* som ein trilogi med overordna likskapar i tematikk og framstillingar, er det likevel ein sentral skilnad – forteljarteknikkane. Kvar roman har sin variant – *Tante Ulrikkes vei* er skriva nærast som ein moderne brevroman, *Gul bok* er ein ‘tradisjonell’ tredjepersonsfortelling og *De kaller meg ulven* er fortald i førsteperson. Ettersom romanane, som eg no har slått fast, handsamar noko av det same tematiske stoffet, opnar dei ulike forteljarteknikkane opp for spørsmål om korleis innhaldet blir påverka av framstillingsmåten.

Både *Tante Ulrikkes vei* og *De kaller meg ulven* er utstyrt med ein førstepersonsforteljar – sjølv om romanane er ulike i formatet. *Tante Ulrikkes vei* har fleire førstepersonsforteljarar i form av kortare utvekslingar til og frå forskaren Lars Bakken. Ein blir kjent med Mo og Jamal gjennom høvesvis lange e-postar og transkriberte lydopptak. Ved første augekast framstår desse skildringane personlege og truverdige, og det er ingen openberr grunn til å tvile på det fortalde. Teknikken legg opp til kort avstand mellom det fortalte og dei forteljande - sjølv språket knyt det fortalte direkte opp mot personen som fortel. I tillegg skildrar dei subjektive opplevingar, som jo burde tas med ei klype salt. Ein kan gå ut frå at Mo og Jamal fortel om opplevingane sine så autentisk som dei opplever dei. Med kunnskap om at det er subjektivt, må ein òg vurdere om ein skal tru på historiene som faktiske eller som objektiv sanning. Som lesar er det lite som ymtar om at Mo og Jamal lyg – og erfaringar er subjektive. Gjennom romanens løp blir ein kjent med Mo og Jamal, på godt og vondt. Dei skildrar dei same hendingane. Dei gongane dei gjer det er detaljane i skildringane for det meste dei same. I staden for avvik i sjølv hendingane, blir ein i større grad vitne til haldningsskilnadar. Eit slik tilfelle er då dei begge omtalar det nemnde drapet på Farah. Slike skildringar kan styrke deira truverd som forteljarar, samstundes som ein er nøydd til å forstå at ein som lesar har med to unge gutar som fortel om sine erfaringar og lar sine føresettingar styre i kva ordelag dei skildrar det som skjer. Det som det likevel er verdt å stoppe opp ved er forskarskikkelsen representert ved Lars Bakken i NOVA. Heile utgangspunktet for at ein får høyre Mo og Jamals historier er fordi dei er rekruttert til eit forskingsprosjekt som har som formål å kartlegge livet til ungdom i Groruddalen. Dette kan gjenopprette avstanden som førstepersonsforteljaren i utgangspunktet fjernar. Blir ungdomane vesentleg motivert av at dei kan vinne eit reisegåvekort på 10 000 kr? Ein har sett at, spesielt, Jamal har svak økonomisk kapital. Han kunne trengt økonomiske godar, kanskje til og med nok til at det endrar hans måte å uttrykke seg. At Jamal deltar mykje på grunn av kva han kan vinne blir eksplisitt då han etter ein periode utan å sende lydopptak, plutselig gjenopptar aktiviteten etter å ha blitt tilsendt «[...] *en ny MP3-spiller med tilhørende hodetelefoner.*»<sup>341</sup> Det svekker ikkje hans truverd, nettopp fordi han har gått så lenge utan å skrive. Derfor meiner eg at korkje Mo eller Jamal framstår inautentiske på bakgrunn av gevinsten dei *kan* vinne dersom dei deltar. Dei formidlar hendingar og haldningar som kan påverke Bakkens syn på dei negativt, utan omsyn til korleis dette kan påverke dei i ‘konkurransen’ om gåvekortet. Jamal går til og med tidvis lengre periodar utan å sende inn lydopptak til Bakken, som ein kan tenke seg at ein ikkje ville gjort dersom det var premien som var den einaste motivasjonen for å fortelje. Det er heilt

---

<sup>341</sup> Shakar, *Tante Ulrikkes vei*, 2017, s. 264.

naturleg at ungdom skulle trenge premier som motivasjon for å delta i eit forskingsprosjekt over så mange år.

At utvekslinga går føre seg for forskingas skuld er også noko Tonje Vold peiker på i det nemnde verket *Å lese verden*. I hennar lesing er problemet knytt til Lars Bakken, og hans handsaming av skildringane ungdommen oversender han. Ved midtvegesrapporten sumaren 2004 får ein vite at Bakken har 23 aktive respondentar i prosjektet sitt.<sup>342</sup> Vold hevdar at Bakkens prosjekt byggjar på at ungdom i Groruddalen er fundamentalt annleis enn andre ‘norske’ ungdommar.<sup>343</sup> Ut frå dette meiner ho det veks eit uheldig maktforhold mellom ungdommane og Bakkens posisjon som forskar. Den uhyggelege kjensla av maktforholdet blir ytterlegare styrka av romanens avsluttande e-post, sendt frå Bakken:

*Hei Mohammed! Tusen takk for din deltakelse i vårt forskningsprosjekt. Dine bidrag har vært svært viktige for oss. Det er derfor en glede å fortelle deg at du er den heldige vinneren av et reisegavekort på 10 000 kr. [...] Lykke til videre og god reise!*<sup>344</sup>

Bakken har sett ungdommane som noko som beint fram inngår i hans forskingsbidrag, og let seg ikkje påverke av dei tidvis triste og knusande historiene han får fortalt. Vidare er det eit viktig poeng at Bakken ikkje respekterer Mos ynskje om sjølvidentifisering, og lar vere å kalle han Mo – slik han gjentatte gongar *eksplisitt* seier han vil bli kalla. Det blir spesielt påfallande at Bakken handsamar korrespondentane sine med ei kjøleg avstand når ein les Mos siste e-post før han vinn. I denne fortel han om at han ikkje klarar å fullføre bacheloren sin på grunn av ei kjensle av å bli overvelda av rasistiske tendensar han ser i samfunnet. Faren finn ut av dette då han les eit brev Mo trudde han hadde kasta, reagerer fysisk og rister sonen sin i sinne. Til slutt fortel Mo at han har drøymt at faren skaut han i hovudet, slik Farahs bror gjorde mot ho nokre år tidlegare. På trass av historier som desse, handsamar Bakken bidraga med ei kjølig ro, då han annonserer at Mo er den heldige vinnaren. Den same kjølige tona er ein òg vitne til då ein får lese midtvegesrapporten, der innhaldet i bidraga frå dei 23 respondentane blir oppsummert av Bakken sjølv – «NOVA mener likevel å kunne se noen utfordringer som skiller seg fra den gjengse oppvekst i Oslo. Dette handler i en del tilfeller om levekår og økonomi, samt at enkelte opplever at deres bakgrunn kan virke tyngende, særlig i møte med eksterne.»<sup>345</sup> I mi lesing av *Tante Ulrikkes vei* har eg peikt på kor eksistensielle desse problematikkane er for Mo og Jamal, og det er eit avvik korleis ein som lesar kan oppfatte situasjonen og den kjølige tonen Bakken formidlar med. Sjølv om forskingsbidraga til kartlegginga av ungdom i Groruddalen kjem i

---

<sup>342</sup> Ibid., s. 261.

<sup>343</sup> Vold, *Å lese verden*, 2019, s. 319.

<sup>344</sup> Shakar, *Tante Ulrikkes vei*, 2017, s. 430.

<sup>345</sup> Ibid., s. 261.

form av kvalitative bidrag, handsamar han dei med avstand. Samstundes får ein som lesar auka omsorg og sympati for romanpersonane, som tidvis ser ut til å tømme ut sitt indre sjeleliv til forskaren, som forblir uanfakta.

*De kaller meg ulven* formidlar i ein førstepersonsvariant, på ein meir tradisjonell måte. I denne romanen er det ein eg-forteljar, som formidlar frå start til slutt. I og med at det er ei personleg skildring av barndom og familie ein er vitne til, har ein sjeldan grunn til å tvile på det ein får formidla. Eg-formatet skapar i første instans lite avstand mellom det fortalte og den forteljande, sjølv om rørsle frå individ til skrift skapar ein viss distanse. I skifta mellom det notidige og minna blir historia likevel personleg og avstanden ser ut til å forsvinne. Ein er vitne til ei historie som nærast opplevast direkte formidla. I brota mellom det kvardagslege og det eksistensielle, som då han kjem i hug opplevingar av mellomforskap, kan det tidvis opplevast ut som ein telefonsamtale med ein kjenning. Eg-et introduserer seg ikkje med namn og gjev heller ingen *faktisk* introduksjon av dei han skildrar – nesten som om ein skulle visst dette frå før av. Eg-et skildrar med ei atterhald som tilseier at lesaren skulle kjenne dei som blir omtalt og skildra. Medan eg-et rører seg mellom dei ulike stadene i Oslo, både på det notidige planet og minna, skildrar han folka han ser på gata, butikkane han er innom og trikketurane han tar. Samstundes får ein personleg formidla eg-ets indre sjeleliv, hans refleksjonar om det han ser og opplev. Umerkeleg glir eg-et over i historier frå minnebanken, som om små ord og hendingar utløyser minner: «På hjørnet ut mot hovedgata ligger det en pub. [...] Det var her foreldra mine møttes for første gang. Det var hit faren min dro på lørdagskveldene. Det var den døra som var åpen for ham. Studentene trasker sakte bort.»<sup>346</sup> Ved sida av førstepersonsforteljaren, nyttar *De kaller meg ulven* seg særleg av eitt interessant forteljarteknisk grep. Det gjeld nettopp minna eg-et formidlar. Her kan ein kaste eit blick mot ein distinksjon Lillian Munk Rösing gjer om fokalisering i *Litteratur: Introduktion til teori og analyse* (2013). Rösing skriv:

Fortælleanalysen har haft en tendens til at blande spørgsmålet om ‘stemme’ sammen med spørgsmålet om ‘perspektiv’. Det gjorde Gérard Genette opmærksom på, da han i 1972 indførte skellet mellem spørgsmålene ‘hvem ser?’ og ‘hvem taler?’ som et skel mellem to forskellige aspekter ved fortælsituationen [...]. Eksempelvis kan jeg-fortælleren i Marcel Prousts *På sporet af den tabte tid* beskrive en barndomsoplevelse fra barnets perspektiv (barnet ser), men med den voksnes sprog og metaforer (den voksne taler.)<sup>347</sup>

Nettopp denne distinksjonen er òg gyldig å gjere i *De kaller meg ulven*, spesielt styrka av Rösings døme ved Prousts kjente Madeleine-sekvens. Sjølv om Prousts stil ikkje er direkte overførbart til Zeshan Shakars forteljarteknikk i *De kaller meg ulven*, er spørsmålet om ‘kven

---

<sup>346</sup> Shakar, *De kaller meg ulven*, 2022, s. 18.

<sup>347</sup> Rösing, «Stemme», 2013, s. 72.



ser' og 'kven snakkar' også relevant dei gongane eg-et skildrar barndomen sin. I desse minnesekvensane er det barnet som opplever, medan det vaksne eg-et formidlar hendingane. Spesielt synleg blir denne splittinga mellom det fortalde og den forteljande då eg-et formidlar med referansar og kjensler berre ein vaksen kan ha: «Smilet mitt var like påklistra som Langbein sitt.»<sup>348</sup>

Det er likevel forteljarskikkelsen i *Gul bok* som er vanskelegast å få grep om. I denne romanen får lesaren Manis historie fortalt frå ein tredjepersonsforteljaren, som likevel er fokusert gjennom Mani. Dette forholdet gjer at ein ofte kan stå i fare for å blande saman forteljaren og personen Mani, som hen fokusert via. Med dette som utgangspunkt, skal eg først undersøke den generelle forteljarkonstruksjonen før eg diskuterer den spesifikke forteljarsituasjonen som opptrer i *Gul bok*. Gorm Larsen utdjupar i *Litteratur: Introduktion til teori og analyse* korleis forteljaren fungerer og kan lesast. Spesielt relevant er hans underkapittel om fokusert – «[Genette] omdøber synsvinkel til fokusert for at betone, at det fortalte, ikke bare presenteres for læseren, men er perciperet eller filtreret.»<sup>349</sup> Fordi *Gul bok* er fokusert via Mani, er det gjennom han at det fortalte er filtrert, og det er hans tankar og kjensler ein får innsyn i. Dette utdjupar Hans H. Skei i *Å lese litteratur* (2006) med litt andre ord: «Vi kan betrakte noe via en persons øyne, men få fortalt om det via fortellerens stemme.»<sup>350</sup> Larsen går på si side meir detaljert inn når han forklarar fokusert, og påpeiker at ved *indre* fokusert, der ein altså har tilgang til karakterens kjensler og tankar, har forteljaren òg den gjevne karakter same kunnskap.<sup>351</sup> Vidare reflekterer Larsen over at fortalt monolog i nokre kretsar kallast 'dual voices' fordi skildringane er prega av karakterens tankepråk, men fortalt av forteljaren heller en karakteren sjølv.<sup>352</sup> Larsen skriv vidare at den fortalte monologen førar til ei 'dobbelt', og at: «[d]en dobbelt [...] røber helt grundlæggende, at opdelingen mellem fortæller og karakter ikke er skarp, men at man tværtimod må forstå relationen som en kontinuerlig overgang.»<sup>353</sup> Det er nettopp openbaringa om at relasjonen mellom forteljar og fokusert karakter ikkje er skarpt avskilt eg meiner ein må vurdere i møte med forteljaren i *Gul bok*. Ein er gjennomgåande vitne til fortalt monolog, utan at forteljaren skil mellom seg og fokusert gjennom Mani, og dei blør tidvis saman i ein einskap.

---

<sup>348</sup> Shakar, *De kaller meg ulven*, 2022, s. 128.

<sup>349</sup> Larsen, «Fortæller», 2013, s. 59.

<sup>350</sup> Skei, *Å lese litteratur*, 2006, s. 60.

<sup>351</sup> Larsen, «Fortæller», 2013, s. 59.

<sup>352</sup> *Ibid.*, s. 62.

<sup>353</sup> *Ibid.*, s. 63.

Fordi forteljaren i *Gul bok* nokre gongar kan sjå ut til å ha ein sarkastisk tone, kan det vere verdt å vurdere om hen er ein såkalla upåliteleg forteljar. Om denne typen forteljar skriv Gorm Larsen at hen kjenneteiknast slik:

Det følger da, at den upålitelige fortæller taler eller handler i modstrid med den implicitte forfatters værdier og normer. Dette kan ske på to måder: Enten udtrykker fortælleren sig i strid med sandheden, eller også fremviser fortælleren en tvivlsom moral. [...] Det andet forhold vedrører, hvilke værdier verden anskues med, og hvordan der værdimæssigt handles, som herigennem viser sprækker af fortællereens moralske kodeks.<sup>354</sup>

Dette er ei tvil som *kan* melde seg i situasjonar som då forteljaren tilsynelatande hemningslaust avslørar Manis pengehigen, eller i syrlege kommentarar som: «De klappet igjen, som om det var en slags seier.»<sup>355</sup> Dersom desse augneblinkane skulle peike i retning av å stadfeste ein upåliteleg forteljar, forutsett det at kommentarane går mot romanens moral og sanningar. Det meiner eg altså at den *ikkje* gjer. Slik eg forstår forteljaren, er hen på linje med Mani og har det same kunnskapsgrunnlaget som Mani. Forteljaren formidlar verda slik Mani ser ho. Gjennom Manis skildringar av oppvekst blir ein kjent med ein ung mann som kjenner seg undertrykt, både på bakgrunn av sin økonomi og på grunn av etnisitet. Verda han ser *er* urettferdig, og fortentar desse sarkastiske tonane forteljarstemma uttrykker seg med. Det er denne verda forteljarstemma framstiller for oss, den som er filtrert gjennom Manis perspektiv. Gjennom fortalt monolog, hyppige skift mellom Manis indre kjensleliv og det meir nøytrale, blandast forteljarstemma og Mani i stor grad saman. Dei framstår som to einskapar med same verdigrunnlag og med same syn på verda. Sjeldan formidlast det med ei fordømmende tone ovanfor Mani, og forteljaren formidlar i det store og heile i ein relativt nøytral tone. Dei gongane det kjem handfaste kritikkar av Manis pengehigen, er det frå kollegaene hans. «‘Mani klatremus,’ ertet Jan Tore, før han la om til en alvorligere tone.»<sup>356</sup> Ertinga kjem utanfrå, heller enn frå forteljaren sjølv, som ikkje dveler ved kommentarane frå Manis kollegaer. Vidare framstår forteljarstemma nærast meir påliteleg ved å avsløre dei meir ugunstige tinga om Mani, slik som at han blir erta av kollegaene eller i kva grad han er opptatt å få seg betre lønning.<sup>357</sup> Innsiktene blir framstilt i eit relativt nøytralt språk, utan ei fordømmende tone å spore:

Han regnet fort i hodet, selv om han hadde gjort tilsvarende øvelse mange ganger allerede, senest rett før samtalen. Han visste hvor mye hvert trinn var som årslønn, som månedslønn, som brutto og netto.<sup>358</sup>

---

<sup>354</sup> Ibid., s. 66.

<sup>355</sup> Shakar, *Gul bok*, 2020, s. 217.

<sup>356</sup> Ibid., s. 137.

<sup>357</sup> Ibid., s. 150.

<sup>358</sup> Ibid., s. 150.

Slik framstår forteljaren i *Gul bok* som ein som skildrar realistisk, både det gode og det vonde, og skapar ei heilskapleg forståing av problema som heimsøker Mani. Slik står forteljaren ikkje i vegen for sympati, samstundes som hen ikkje legg opp til ugrunna sympati for Manis situasjon. Dersom ein til slutt står igjen med ein sympati for Mani og hans situasjon, er det fordi han fortentar det – ein har òg vore vitne til dei gongane han framstår i ugunstig lys.

Forteljarteknikkane i Shakars Oslo-trilogi ser ut til å vere godt tilpassa innhaldet, og strykar vidare det romanane ynskjer å få fram. I *Tante Ulrikkes vei* er Bakkens kjølige forhold til respondentane sine med på å styrke sympati for ungdom i møte med rasialiseringsprosessar og stoppemekanismar. Eg-forteljaren i *De kaller meg ulven* fortel ein personleg historie, og lesaren får inntrykk av å vere vitne til eit intimt familieportrett. Samstundes styrkast historia av at ein får glimtvis innblikk i hans frustrasjon, sorg og forventingar om meir. Vidare er det vanskeleg å skilje forteljaren frå den fokaliserte Mani i *Gul bok*. Romanen overtyder lesaren om den urett Mani har kjent seg utsett for gjennom eit liv som minoritet på karrierestigen. På trass av at *Gul bok* nyttar tredjepersonsforteljar, får lesaren inntrykk av å verkeleg kjenne Mani – kanskje fordi forteljaren òg formidlar dei ugunstige sidene som burde nøre opp under antipati heller enn sympati. På tvers av forteljarteknikkar, formidlar Zeshan Shakars romanar eit persongalleri ein kjenner sympati med, og som ein trur på då dei formidlar den urett dei møter i sine klasse- og minoritetserfaringar.

Eg meiner òg at forteljarteknikkane er med på å underbygge ein viss ‘anagnorisis’, eller gjenkjenning, som er å finne i romanane. Eg har i kapitelet om *De kaller meg ulven* gjort greie for det allment gyldige som eksisterer i romanens handling, og om korleis frykta for å ikkje kjenne sin eigen historie og å miste sine foreldre er ei kjensle fleire enn den konkrete gruppa Shakar skildrar kan kjenne seg igjen i. Det er òg opplevingar av gjenkjenning å finne i dei to resterande romanane, og som absolutt er noko av styrkane ved romanane. Forteljarteknikkane, på tvers av sine ulikskapar, har til felles personlege perspektiv og fokalisering, styrkar innlevinga i møtet med det litterære verket. Moglegskapen for å leve seg inn i verket styrkast særleg når historia i seg sjølv opplevast truverdig. Shakars persongalleri framstår levande, og miljøa og historiene som blir skildra får liv gjennom forteljinga. Mo, Jamal, Mani og eg-et opplevast verkelege, og lesaren får empati idet ein lever seg inn i romanuniverset. Med utgangspunkt i røynde samfunn, og med personar som framstår verkelege, kan det dermed moglegvis vere lettare å sjå seg sjølv i det litterære verka. Sjølv om mine lesingar har konsentrert seg om korleis, mellom anna, minoritetserfaringane kjem til uttrykk i romanane til Zeshan Shakar, formidlar verka på same tid noko allmenngyldig og medmenneskeleg. Ynske om å lukkast i utdanningssystemet, om å lage eit liv for seg sjølv, eller frykta for å miste kontakt

med familien sin er opplevingar og kjensler også den gjengse nordmann kan kjenne på. Den usikre overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande til universitetet i *Tante Ulrikkes vei* har veldig mange av oss opplevd. Den tunge prosessen å søke fast jobb og skuffelsen av å bli avvist av arbeidsgivarar *Gul bok* mellom anna skildrar er noko mange sårt kjenner seg igjen i. Å miste ein forelder, som jo eg-et i *De kaller meg ulven* opplev at han gjer, er ei frykt mange av oss deler. På trass av at Shakars romanar formidlar eksplisitte og unike minoritets- og klasseerfaringar, formidlar dei samstundes noko allmenngyldig, noko ein kan kjenne igjen – og slik moglegvis finne seg sjølv også blant Shakars persongalleri.

#### 6.4. Avsluttande merknadar

Eg har undersøkt Zeshan Shakars romanar med forankring i postkolonial og klasseorientert teori. Som hovudproblemstilling formulerte eg følgjande: *På kva måtar framstiller romanane til Zeshan Shakar klasse- og minoritetserfaringar?* Gjennom mine lesingar av dei tre romanane har eg i kapittel 3, 4 og 5 vidare utvikla meir konkrete forskingsspørsmål formulert med omsyn til både romanane og den overordna problemstillinga. Dette har vore eit medvitent val for å undersøke verka på sine eigne premiss. Derfor har eg òg kome med oppsummerande merknadar for kvar roman, og den overordna problemstillinga får dermed ikkje ein konkret konklusjon. Eg har vist at klasse- og minoritetserfaringar i Shakars romanar kjem til uttrykk, mellom anna, som mellomforskap og stoppemekanismar. Eg har òg vist korleis økonomi har påverknad på levde liv. Det er heilt tydeleg at det er mogleg å lese klasse- og minoritetserfaringar ut frå Zeshan Shakars romanar, eg har vist dette gjennom dei gjevne spørsmåla om, mellom anna, mellomforskap, stoppemekanismar og økonomisk påkjennings påverknad på levde liv.

Det har vore sentralt for prosjektet å ikkje redusere Zeshan Shakar til ein ‘innvandrarforfattar’ som berre skriv om ‘innvandrarar’. Derfor har eg nytta klasseerfaringar og klasseorientert teori samstundes med minoritetserfaringane og postkolonialistisk teori. Dette er noko eg har ynskja å spegle med tittelvalet, «Du forstår ikke no du heller, veit du det?»<sup>359</sup> Utsegna blir sagt av Mani til kjærasten Meena, og illustrerer dualiteten av undertrykkingsmekanismane. Det er ei utsegn som viser kjensla av at korta i livet er skeivfordelt, og frustrasjonen som kan oppstå i situasjonar der ein blir gjort klar over at andre har hatt det lettare i møte med det norske samfunnet. At Mani seier dette til Meena, som jo også tilhøyrer ei minoritetsgruppe, viser ytterlegare korleis det også eksisterer store skilnadar internt i grupper som tidvis blir omtala som om dei nærast er homogene. Mani og Meena opplever

---

<sup>359</sup> Ibid., s. 247.

kanskje tidvis den same rasialiseringa, men dei relaterer ikkje til kvarandre på det økonomiske. Vidare er dette ei utsegn som ein kan sjå for oss like godt kunne blitt sagt til ein etnisk norsk, kvit person. På same måte som Meena ikkje kan forstå kva Mani har gått gjennom av økonomisk påkjenning, kan ikkje ein etnisk kvit nordmann forstå korleis rasialisering kjennest ut for dei som er offer for det.

Vidare har eg argumentert for at romanane fungerer godt som ein trilogi. Fordi eg har undersøkt klasse- og minoritetserfaringar har romanpersonane mykje til felles når det gjeld bakgrunn og moglegskapar. Eg har valt å la mi lesing styrast av dei tydelege klasse- og minoritetserfaringane som vekka mi interesse då eg las romanane for fyrste gong. I innleiinga av avhandlinga reflekterte eg rundt den reduktive haldninga migrasjons-/innvandrarlitteratur og ‘oss’/‘dei’-tankegangen kan innebere. På trass av dette, kjenner eg det naudsynt å vedgå at ei lesing av *nettopp* minoritets- og klasseerfaringar stadig står i fare for å sjølv innteke ei slik haldning – i form av stereotypiar eller ved å tidvis nytte ‘oss’/‘dei’-vokabular. Det som gjer Shakars skildringar av arbeidarklassen og Austkant-Oslo spesielle, er at dei på tid *kan* vere med på å bryte ned dei fiktive skiljelinjene ‘oss’/‘dei’ – slik Edward Said meinte litteratur skrive av og om andre enn den vestlege majoritet kunne gjere. Det finns sjølvsagt heilt andre tematiske linjer å forfølge i Shakars romanunivers, og Zeshan Shakars romanar oppfordrar til lesingar som kan omarbeidast og vidareutviklast. Slik opnar Shakars romanunivers opp for mange ulike tolkingar og retningar å forfølge.

Gorm Larsen skriv i rammeverket *Litteratur: Introduktion til teori og analyse* at vi som litteraturtolkarar er nøydd til å innsjå at vi med forteljarstemma har med eit: «et dynamisk konsept, der er med til at gjøre litteratur levende med muligheder for stadige nylæsninger [...]»<sup>360</sup> Det same meiner eg vi kan slå fast om litteraturen som heilskap, spesielt når ein nyttar sosialantropologisk og kulturelt tinga teori. Med eit samfunn og omgrepsapparat i stadig endring og i ei moderne verd, vil det stadig utvikle seg nye måtar å forstå skjønnlitteraturen på.

---

<sup>360</sup> Larsen, «Fortæller», 2013, s. 66.

## Bibliografi

- Aftenpostens bokredaksjon, «Aftenposten kårer: Dette er årets beste norske bøker»,  
*Aftenposten*, 16.12.2017.
- Ahmed, Sara. «En hvithetens fenomenologi», i *Gledesdrepende essays*, omsett av Lene Auestad, Oslo: Cappelen Damm Akademisk, 2021. ss. 67-103.
- . «Affektive økonomier», i *Gledesdrepende essays*, omsett av Lene Auestad, Oslo: Cappelen Damm Akademisk, 2021. ss. 29-66.
- . *Queer Phenomenology: Orientations, Objects, Others*. Durham: Duke University Press, 2006.
- Anda, Hanna Værum. «Oss» og «Dem»: *Språk, stereotyper og språkideologier i Alle utlendinger har lukka gardiner og Tante Ulrikkes vei*, [Masteroppgåve, Universitetet i Oslo], DUO Vitenarkiv, 2019, [<https://www.duo.uio.no/handle/10852/70242>]
- Arbouz, Daphne. «Vad betyder det att inte känna sig hemma där man är född och uppvuxen?» i (red.) Tobias Hübinette, Helena Hönfeldt, Fataneh Farahani og René León Rosales, *Om ras och vithet i det samtida Sverige*, 2012, ss. 37-42
- Askelund, Jan. «Ren lesefryd – en strålende debut», *Stavanger Aftenblad*, 15.11.2017.
- . «Utslitt pakistaner vil hjem», *Stavanger Aftenblad*, 22.11.2022.
- Bauger, Karina. *Utenforskap: en tematisk analyse av språk, grenser og identitet i Zeshan Shakar sin roman Tante Ulrikkes vei (2017)*. [Masteroppgåve, NTNU], NTNU Open, 2019, [<https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/handle/11250/2610051>].
- Bjørndalen, Kaja Eugenie Hartmann. «Det er langt fra Haugenstua til Y-blokka»: *En analyse av stedets betydning for litterære kulturmøter*. [Masteroppgåve, Høgskulen på Vestlandet]. HVL Open, 2021, [<https://hvlopen.brage.unit.no/hvlopen-xmlui/handle/11250/2770308>].
- Borud, Heidi. «Zeshan Shakar med tøff oppvekstskildring: - Det er ikke svenske tilstander på Stovner.», *Aftenposten*, 24.09.2017.
- Bourdieu, Pierre og Jean-Claude Passeron. *Reproduction in Education, Society and Culture*. Vol 5. London: Sage, 1977.

- Bourdieu, Pierre. *Distinction: A Social Critique of the Judgement of Taste*, Omsett av Richard Nice. London: Routledge & Kegan Paul, 1984.
- . *The Logic of Practice*. Omsett av Richard Nice. Oxford: Polity Press, 1990.
- . *Language & Symbolic Power*. Omsett av Gino Raymond og Matthew Adamson, Cambridge: Polity Press, 1991.
- . *Sociology in Question*. Omsett av Richard Nice. London: Sage, 1993.
- . *Distinksjonen: En sosiologisk kritikk av dømmekraften*, omsett av Annick Prieur og Theo Barth. Oslo: Pax, 1995.
- . *The Weight of the World : Social Suffering in Contemporary Society*. Omsett av Priscilla Parkhurst Ferguson. Cambridge: Polity Press, 1999.
- . "The Forms of Capital." I (red.) Nicole Woolsey Biggarts *Readings in Economic Sociology*. Oxford, UK: Blackwell Publishers, 2002, ss. 280-291
- . *Sketch for a self-analysis*. Omsett av Richard Nice. Cambridge: Polity, 2007.
- Brun, Titti. «Jeg er veldig norsk, samtidig aldri helt norsk», *Fagbladet*, 21.12.2017.
- Bull, Leif. «En dypt bevegende roman», *Dagens næringsliv*, 19.10.2022.
- Claudi, Mads B. «Postkolonialistisk litteraturteori» i *Litteraturteori*, Bergen: Fagbokforlaget, 2013, ss. 190-209.
- Dzamarija, Minja Tea. «Slik definerer SSB innvandrere», *Statistisk sentralbyrå*, publisert 05.03.2019. Lest 10.05.2024:  
[<https://www.ssb.no/befolkning/innvandrere/artikler/slik-definerer-ssb-innvandrere>]
- Ellefsen, Bernhard. «En blodflekk på kartet», *Morgenbladet*, 10.11.2017.
- Engdahl, Emily. *Mangfoldige stemmer: en interseksjonell analyse av mellomforskning i Zeshan Shakars Tante Ulrikkes vei, Maria Navarro Skarangers Alle utlendinger har lukka gardiner og Gulraiz Sharifs Hør her'a!* [Masteroppgåve, Universitetet i Bergen]. Bergen Open Research Archive, 2022 [<https://bora.uib.no/bora-xmlui/handle/11250/3000785>]
- Fagbokforlaget*, «Kritisk teori i litteraturundervisningen», lest 21.11.2023,  
[<https://www.fagbokforlaget.no/Kritisk-teori-i-litteraturundervisningen/I9788245028027>]

- Gjerland, Leif. «Oslo før: Gråbein fra skam til heder», *Aftenposten*, 27.10.2019
- Gyldendal, «Zeshan Shakar», lest 21.11.2023,  
[<https://www.gyldendal.no/forfattere/zeshan-shakar/a-10022598-no/>]
- Hagen, Åsne. «Minoritetsgutter, klassereiser og den mytiske Groruddalen», *Manifest tidsskrift*, 18.06.2018. Lest 09.05.2024:  
[<https://www.manifesttidsskrift.no/klassereiser-pa-stovner/>]
- Helgesen, Jan Øyvind, « Byråkrat-roman' på høyt nivå», *Nettavisen*, 14.09.2020. Lest 09.05.2024: [<https://www.nettavisen.no/bok/bokanmeldelse/zeshan-shakar/byrakat-roman-pa-hoyt-niva/r/5-95-109762>]
- Hjeltnes, Guri. «Les den i ett sug! Bokanmeldelse: Zeshan Shakar: 'Gul bok'», *VG*, 14.08.2020. Lest 09.05.2024: [<https://www.vg.no/rampelys/bok/i/WbQwaK/les-den-i-ett-sug-bokanmeldelse-zeshan-shakar-gul-bok>]
- . «Suveren forteller – Bokanmeldelse: Zeshan Shakar 'De kaller meg ulven'», 19.10.2022. Lest 09.05.2024: [<https://www.vg.no/rampelys/bok/i/VPPQRp/suveren-forteller-bokanmeldelse-zeshan-shakar-de-kaller-meg-ulven-foelger-opp-tante-ulrikkes-vei-og-gul-bok>]
- Hoem, Knut. «Oslo – en kjærlighetshistorie», *NRK*, 21.08.2020. Lest 09.05.2024:  
[[https://www.nrk.no/kultur/anmeldelse\\_-\\_gul-bok\\_-av-zeshan-shakar-1.15120085](https://www.nrk.no/kultur/anmeldelse_-_gul-bok_-av-zeshan-shakar-1.15120085)]
- . «En litterær bypassoperasjon», *NRK*, 20.10.2022. Lest 09.05.2024:  
[[https://www.nrk.no/anmeldelser/anmeldelse\\_-\\_de-kaller-meg-ulven\\_-av-zeshan-shakar-1.16144638](https://www.nrk.no/anmeldelser/anmeldelse_-_de-kaller-meg-ulven_-av-zeshan-shakar-1.16144638)]
- Jagne-Soreau, Maïmouna. "Att Vakna Upp Som Suedi." *Nordisk Poesi* 4, no. 1 (2019): 43-60.
- Karlsen, Hanne Askeli. *Lesing av samtidslitterære tekstutdrag i flerkulturelle klasser: En kvalitativ studie av samspeillet mellom flerkulturelle elever og øvrige elever*. [Masteroppgåve, Universitetet i Bergen]. Bergen Open Research Archive, 2021, [<https://bora.uib.no/bora-xmlui/handle/1956/20159>].
- Kongslie, Ingeborg. «Dei nye stemmene i norsk samtidslitteratur,» *Norsk litterær årbok*, Oslo: Det norske samlaget, 2002; ss. 174-190.



- Larsen, Gorm. «Fortæller», i Kjældgaard, Lasse Horne, (red.), *Litteratur: Introduktion til teori og analyse*, Aarhus: Aarhus Universitetsforlag, 2013. ss. 57-69.
- Larsen, Turid. «Zeshan Shakar skriver bevegende om å vokse opp mellom to kulturer», *Dagsavisen*, 20.10.2022.
- Liisberg, Erlend. «Forfatteren av ‘Tante Ulrikkes vei’ viser igjen at han er et fortellertalent utenom det vanlige», *Bergens Tidende*, 15.08.2020.
- Lothe, Jakob, Christian Refsum, Unni Solberg, og Atle Kittang. *Litteraturvitenskapelig leksikon*. Oslo: Kunnskapsforlaget, 2007.
- Misje, Odrun. «Kjempefrustrert på hans vegne der liksom»: Tante Ulrikkes vei og medborgerskap – en klasseromsstudie. [Masteroppgåve, Universitetet i Bergen]. Bergen Open Research Archive, 2021, [<https://bora.uib.no/bora-xmlui/handle/11250/2834806>].
- Norheim, Marta. «Knausgård utvidar universet», *NRK*, 27.10.2022. Lest 09.05.2024: [[https://www.nrk.no/anmeldelser/anmeldelse\\_-\\_det-tredje-riket\\_-av-karl-ove-knausgard-1.16147931](https://www.nrk.no/anmeldelser/anmeldelse_-_det-tredje-riket_-av-karl-ove-knausgard-1.16147931)]
- Norli, Camilla. «Bokhandlerne: Zeshan Shakar har skrevet årets beste roman.» *VG*, 22.11.2022. Lest 09.05.2024 [<https://www.vg.no/rampelys/bok/i/bgOvk5/vinner-av-bokhandlerprisen-2022-de-kaller-meg-ulven-av-zeshan-shakar-kaaret-til-aarets-beste-roman>]
- Prinos, Anne Merethe K., «Viktig og litterært vellykket debut», *Aftenposten*, 21.10.2017.
- Robbins, Derek. *Bourdieu and Culture*. London: Sage, 2000.
- Rösing, Lilian Munk. «Stemmer», i Kjældgaard, Lasse Horne, (red.), *Litteratur: Introduktion til teori og analyse*, Aarhus: Aarhus Universitetsforlag, 2013. ss.71-81.
- Said, Edward. *Orientalismen: Vestlige oppfatninger av Orienten*, omsett av Anne Aabakken, Oslo: Cappelen Damm, 2018.

- Sandberg, Henriette. *Et dekolonialt prosjekt: en analyse av Zeshan Shakars roman Tante Ulrikkes vei (2017)*. [Masteroppgåve, NTNU]. NTNU Open, 2020  
[<https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/handle/11250/2781869>].
- Sandve, Gerd Elin Stava, «Årets beste debutant er fra Stovner», *Dagsavisen*, 09.03.2018,  
Lest 09.05.2024, [<https://www.dagsavisen.no/kultur/2018/03/09/arets-beste-debutant-er-fra-stovner/>]
- . «Glitrende ‘Gul bok’», *Dagsavisen*, 18.08.2020.
- Samoilow, Tatjana Kielland og Per Esben Myren-Svelstad. *Kritisk teori litteraturundervisningen*. Bergen: Fagbokforlaget Landslaget for Norskundervisning, 2020.
- Sejersted, Jørgen Magnus «Norsk migrasjonslitteratur,» *Norsk litterær årbok*, Oslo: Det norske samlaget, 2003; ss. 80-100.
- Shakar, Zeshan Arild. *Bosetting av flyktninger i Oslo : En analyse av statens rolle, diskursen og strukturen rundt bosetting av flyktninger etter statens forespørsel i Oslo kommune* [Masteroppgåve, Universitetet i Oslo]. DUO vitenarkiv, 2009,  
[<https://www.duo.uio.no/handle/10852/15026>].
- . *Tante Ulrikkes vei*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS, 2017.
- . *Gul bok*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS, 2020.
- . *De kaller meg ulven*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS, 2022.
- Shanmugaratnam, Yohan. «Straight outta Stovner», *Klassekampen*, 21.10.2017.
- . «Diasporaens lydverk», *Klassekampen*, 02.02.2022.
- . «Så lite hadde jeg igjen», *Klassekampen*, 20.10.2022.
- Skaranger, Maria Navarro. «Forfattere og frihet», *Klassekampen*, 20.11.2021.
- Skei, Hans H. *Å lese litteratur*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS, 2006.
- Skrede, Mone Celin. «Midt mellom ytterpunkta.», *Dag og tid*, 06.10.2017.
- Stavanger Aftenblads litteraturkritikarar, *Stavanger Aftenblad*. «Årets beste bøker», 19.12.2017.

Statistisk sentralbyrå, «En av fem opplever diskriminering». Lest 09.05.2024.

[[SSB.no/en-av-fem-opplever-diskriminering](https://www.ssb.no/en-av-fem-opplever-diskriminering)]

Statistisk sentralbyrå, databasesøk på historisk utvikling av jentenamnet Selma, «Navn».

Lest 09.05.2024. [<https://www.ssb.no/befolkning/navn/statistikk/navn>]

Strand, Torill. «Innvandrere i litteraturen - individer eller grupprepresentanter?»,

*Årboka Litteratur for barn og unge*, 2010; ss. 60-70.

Stølan, Arne Hugo. «Sterkt og viktig om oppvekst på Stovner: Bokanmeldelse: Zeshan

Shakar: 'Tante Ulrikkes vei'», *VG*, 23.09.2017, Lest 09.05.2024:

[<https://www.vg.no/rampelys/bok/i/WwnWG/sterkt-og-viktig-om-oppvekst-paa-stovner-bokanmeldelse-zeshan-shakar-tante-ulrikkes-vei>]

Svendsen, Stine Helena Bang, og Helseth, Hannah, «Det personlige er teoretisk – en

introduksjon til Sara Ahmeds forfatterskap», i *Gledesdrepene essays*, Oslo: Cappelen Damm Akademisk, 2021, ss. 7-26

Sørheim, Erle Marie. «Vondt, viktig og strålende om to muslimske gutters tenåringsliv»,

*Dagbladet*, 15.10.2017.

Teistung, Even. «I krysspreset», *Klassekampen*, 22.08.2020.

Tjøstheim, Joakim. *Varianter av virkelighet: Nasjonstemaet og personlig og kollektiv identitet*

*i Tante Ulrikkes vei (2017) av Zeshan Shakar og Allt jag inte minns (2015) av Jonas Hassen Kehmiri*. [Masteroppgåve, Universitetet i Oslo], DUO vitenarkiv, 2019.

[<https://www.duo.uio.no/handle/10852/69277>]

Universitetsforlaget, «Å lese verden: Fra imperialisme og postkolonialisme til

verdenslitteratur og økokritikk». Lest 21.11.2023,

[<https://www.universitetsforlaget.no/a-lese-verden-1>]

Vold, Tonje. *Å lese verden: Fra imperieblikk og postkolonialisme til verdenslitteratur og*

*økokritikk*. Oslo: Universitetsforlaget, 2019.

Wilken, Lisanne. *Bourdieu for Begyndere*. Frederiksberg: Samfundslitteratur, 2011.

Økland, Ingunn. «Bokanmeldelse: Zeshan Shakar er tilbake som nyskapende språkarbeider», *Aftenposten*, 20.10.2022.

## Samandrag

Denne masteroppgåva omhandlar Zeshan Shakars tre romanar *Tante Ulrikkes vei* (2017), *Gul bok* (2020) og *De kaller meg ulven* (2022). Med utgangspunkt i problemstillinga «På kva måtar framstiller og uttrykker romanane til Zeshan Shakar klasse- og minoritetserfaringar?» har eg undersøkt Shakars forfattarskap. Korleis ulike utgangspunkt når det kjem til klasse og etnisitet har ringverknadar for livsmoglegskapar og livsutfaldingar, er eit sentralt forskingsspørsmål i denne oppgåva. For å svare, stiller eg konkrete spørsmål undervegs knytt til språk, økonomisk utgangspunkt og minoritetserfaringa og ser på korleis desse temaa gjer seg synlege i den enkelte roman.

Det teoretiske grunnlaget baserer seg på både postkolonial og klasseorientert teori. Eg har nytta omgrep frå Edward Said, Sara Ahmed, Maïmouna Jagne-Soreau og Daphne Arbouz operativt i møte med Shakars romanunivers for å sjå korleis opplevingar av rasialisering, stoppemekanismar og mellomforskap materialiserer seg i røyndomsnær skjønnlitteratur. Ved hjelp av Pierre Bourdieus sosiologiske klasseteori har eg sett på korleis desse romanuniversa skildrar reelle, levde forhold i eit samfunn. Mine lesingar av Zeshan Shakars romanar viser korleis skjønnlitteratur som er lagt tett opp til røyndomen kan seie noko om det samfunnet vi lev i. Romanane uttrykker klasse- og minoritetserfaringar gjennom komplekse framstillingar av økonomiske klassar, stoppemekanismar og mellomforskap. Slik blir denne masteroppgåva eit bidrag som viser korleis samtidslitteratur *kan* studerast i litteraturvitskapeleg ånd. Med personlege og røyndomstette forteljingar skildrar Zeshan Shakar liv som elles har vore underrepresentert i norsk litteratur, samstundes som romanane skapar rom for einkvan av sine lesarar slik at dei òg kan kjenne seg att i det litterære universet.

## Abstract

Class and minority are prominent themes explored in Zeshan Shakar's bibliography, posing the question of how they may affect opportunities and outcomes in life. Looking at experiences depicted in *Tante Ulrikkes Vei* (2017), *Gul Bok* (2020) and *De kaller meg ulven* (2022), the research presented in this thesis aims to dissect in which ways the novels represent and express such concepts. The research question is formulated accordingly «In what ways do Zeshan Shakar's novels represent and express class and minority experiences?». Posing specific questions tailored to each novel in Shakar's authorship, the thesis attempts to explore the presentation of language, economic starting points and the minority experience, looking at how these themes are presented in each individual novel.

The theoretical approach is grounded in both post-colonial and class-oriented theory, based on work/principles as presented by Edward Said, Sara Ahmed, Maïmouna Jagne-Soreau and Daphne Arbouz. The theories are operatively applied in discussing Shakar's universe, to assess how experiences of racialization, mechanisms of "stopping" and in-betweenship materialize in realistic fiction. Applying Pierre Bourdieu's sociological class theory, the thesis analyses how the novels depict real and lived relations in today's society. My reading of Shakar's novels depicts what fiction with proximity to reality may reveal about society. The novels express class and minority experiences through complex depictions of economic classes, mechanisms of "stopping" and in-betweenship. In this way, the dissertation becomes a contribution that demonstrates how contemporary literature may be studied in a literary-specific manner. With personal and realistic narratives, Shakar depicts lives otherwise underrepresented in Norwegian literature, while creating space for its readers to feel a sense of belonging in this literary universe.